



VINDAFJORD
KOMMUNE

Årsmelding og årsrekneskap 2023

Tekstversjon av digital utgåve publisert på:

<https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/mr-202312-aarsmelding2023vk/>



Innhald

Kommunedirektøren sine kommentarar	4
Økonomiske nøkkeltal og analyse	6
Økonomisk resultat i 2023	6
Status finansielle måltal	7
Sentrale inntekter	9
Finansinntekter og -utgifter	12
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar	14
Balansen	17
Gjelds- og finansforvaltning	20
Personal og organisasjon	23
Organisasjon og medarbeidarar	23
Rekruttering og lærlingar	24
Likestilling	25
Internkontroll	27
Sjukefråvær	28
Etikk	29
Investeringar	31
Oppfølging av klima	40
Status overordna mål og strategiar	45
Oppfølging av vedtak og oppdrag	50
Verbalvedtak	50
Andre politiske oppdrag	53
Oppfølging av planer	62
Samfunns- og befolkningsutvikling	63
Utvikling per aldersgruppe	64
Folketal i grendene	70
Kommunen sine rammeområde	71
Finans	71
Administrasjon og fellesdrift	73
Oppvekst og kultur	78
Helse og omsorg	90
Forvaltning, drift og utvikling	107
Årsrekneskap 2023	115
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	116
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	116
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd	117
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd	117
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	119



Årsmelding 2023

Balanserekneskapen etter § 5-8.....	120
Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar (§ 5-9)	122
Notar	125



Kommunedirektøren sine kommentarar

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmelding og årsrekneskapen for 2023. Dokumentet skal gje eit overordna oversyn over den kommunale drifta og det økonomiske resultatet for 2023.

2023 har vore nok eit aktivt år for Vindafjord kommune, med ei rekkje utfordrande arbeidsoppgåver for den kommunale administrasjonen.

Gjennom 2023 har Vindafjord busett rekordmange flyktningar, med 91 personar. I all hovudsak kjem dei busette frå Ukraina, men det er og busett personar frå Kongo, Sudan og Syria. Ca. 1/3 av dei busette i 2023 var barn. Før flyktningsstraumen frå Ukraina starta, busette Vindafjord kommune mellom 10 og 20 flyktningar årleg, og det har vore naudsynt å auke opp dei kommunale tenestene innanfor flyktningsfeltet betrakteleg for å klare busetjinga. Framleis har det vore slik at mange av flyktningane har vore "sjølvbusette", slik at dei sjølv har funne seg stad å bu, men det har vore eit aukande behov for å skaffe husvære gjennom kommunen. Busetjing av eit så stort tal med flyktningar set og krav til kommunen som samfunn, og krev innsats frå frivillige for å få til god integrering. Bakteppet for den store busetjinga av flyktningar, Russland sin invasjon og krigføring mot Ukraina, fortsette gjennom 2023, og sette på ulike måtar sitt preg på den kommunale drifta.

I løpet av året valde to av kommunalsjefane å seie opp stillingane sine i Vindafjord, for å starte i nye jobbar hos andre arbeidsgjevarar, noko som medførte at det gjennom 2023 vart rekruttert to nye kommunalsjefar.

Innanfor rammeområde oppvekst vart det i 2023 gjort organisatoriske endringar, der Vågen og Sandeid skular og barnehagar vart gjort om til oppvekstsenter med verknad frå 1. august. Dette var eit av oppfølgingspunkta som følgje av barnehage- og skulebruksplanen kommunestyret vedtok sommaren 2022.

Våren 2023 vart konkurransen i samband med gjenoppbygginga av symjehallen og bygdehuset i Vats gjennomført. Prosjektet er det største byggjeprojektet i Vindafjord kommune si historie, og vart gjennomført som ein "pris- og designkonkurranse med samspel" med fem ulike aktørar. I mai vart forslaget "to hus tett i tett" frå GL Prosjektservice valt som vinnar av konkurransen, og gjennom ein tre månadar lang samspelsfase vart prosjektet utvikla. Kommunestyret gjorde vedtak om bygging i møte 19. september 2023. 29. september tok ordføraren "første spadestik" på prosjektet, som har ein samla bruttokostnad på like over 200 millionar kroner inkludert mva. Prosjektet skal etter planen stå ferdig rundt 17. mai 2025.

Dei siste åra har planar om utbygging av havvind på norsk sokkel utvikla seg. Gjennom Aker sin produksjonen av understell til Hywind Tampen på Dommersnes i Vikebygd, fekk Vindafjord kommune vist fram at vi har gode areal for utvikling av ein industri på dette feltet. Første halvår 2023 gjekk Vindafjord kommune saman med Westcon Group, som har hovudkontor i Ølensvåg, om å stifte eit selskap som skal utvikle industriområdet på Dommersnes. Gjennom hausten presenterte det nyoppretta selskapet sine planar for ein ny og oppdatert reguleringsplan for området.

Vindafjord kommune leverte og i 2023 eit godt økonomisk resultat, med eit netto driftsresultat på nær 5 %. Dette skuldast mellom anna meirinntekter som følgje av skatteinngang, auka utbytte frå Haugaland Kraft og auka integreringstilskott som følgjer av busetjing av flyktningar. Innanfor helse- og omsorg er det, til tross for eit fortsatt meirforbruk, teikn på at den underliggjande drifta har hatt ei positiv utvikling. Samstundes viser dei underliggjande faktorane at resultatet for 2023 i stor grad er påverka av pensjonskostnad og det såkalla "premieavviket", noko som igjen medfører at avsetjingane for 2023 vert



sett av til betaling av framtidige pensjonskostnader, og ikkje går inn i det ordinære disposisjonsfondet for bruk til mellom anna framtidige investeringar.

I 2023 vart det gjennomført kommune- og fylkestingsval, og det nye kommunestyret vart konstituert på møte 24. oktober. Det vart gjenval både på ordførar, Ole Johan Vierdal, og varaordførar, Gustav Løge Fosse. I samband med at det nye kommunestyret skulle gjennom opplæring som folkevalde, vart Haavard Moe frå KS Konsulent leigd inn for å teikne eit "framtidsbilete" av den økonomiske situasjonen for Vindafjord kommune, både for politikarar, leiarar og tillitsvalde i kommunen, noko som igjen medførte semje om at det er naudsynt med ei større omstilling av den kommunale drifta for å møte dei framtidige økonomiske utfordringane.

Folketalet i Vindafjord kommune held fram å auke, mykje på grunn av mottak av flyktningar, og talet på 8 938 ved utløpet av 2023 er det høgaste som er målt i Vindafjord kommune nokon sinne. Samla var det ein auke på rett over 1 % i 2023. Fødselstala for kommunen gjekk, etter ein auke i 2022, tilbake til dei siste års "normal" i 2023, med 91 fødde barn.

På slutten av 2023 vart ordførar og kommunedirektør orientert om at Kongeparet planla eit fylkesbesøk til Rogaland, inkludert eit besøk til Vindafjord Kommune, nok som teiknar for at og 2024 vil bli eit spanande år for kommunen.

Med årsrapporten legg eg fram eit konsentrert oversyn over dei kommunale aktivitetane gjennom 2023. Det betyr at rapporten ikkje er uttømmende på det som kvar dag skjer i kommunen, der tilsette står på og gjer ein innsats til det beste for innbyggjarane 24 timar i døgnet og 365 dagar i året. Eg er taknemleg for den innsatsen dei tilsette legg ned.

Ølen, 26. mars 2024

Yngve Folven Bergesen
Kommunedirektør



Økonomiske nøkkeltal og analyse

Økonomisk resultat i 2023

Vindafjord kommune fekk i utgangspunktet eit godt økonomisk resultat i 2023 med eit netto driftsresultat på 46,932 millionar kroner som svarar til om lag 4,87 % av brutto driftsinntekter på kr 962,834 mill. Kommunen si målsetting og "kommune-normen" er 1,75 % over tid. Brutto driftsinntekter var på kr 962 millionar, og legg ein til utbytte og renteinntekter hadde kommunen for første gang over 1 milliard i inntekter i driftsrekneskapen i 2023.

Årsresultatet (meirforbruk mot budsjett) blei likevel negativt med kr 16,3 mill. Meirforbruket er redusert ved stryking av avsetting til disposisjonsfond og overføring til investering.

Stort positivt premieavvik pregar resultatet

Resultatet er sterkt prega av eit stort premieavvik på heile 59,8 millionar. Korrigert for dette hadde kommunen eit netto driftsresultat negativt med 1,3 %. Premieavvik er forskjellen mellom det kommunen kvart år betalar inn pensjonspremie til pensjonsselskapa og den berekna kostnaden som blir ført i rekneskapen. I 2023 var denne rekordhøg. Kommunen sin kostnad som skal førast i rekneskapen blir fastsett på etter nærare kriterier. Når innbetalinga av premien blir høgare enn den teknisk berekna pensjonskostnaden oppstår eit (positivt) premieavvik. Kommunen har altså betalt meir inn i pensjonspremie, enn det som faktisk bli ført i rekneskapen. Dette avviket er ikkje reelle midlar, men skal førast som inntekt som reint teknisk reduserer den samla pensjonsutgifta i rekneskapen. Inntekta vert sett av i balansen, og så skal denne amortiserast (fordelast likt) over dei neste sju åra.

God skatteinngang også i 2023

Skatteinngangen i Vindafjord var svakare enn vanleg i første halvdel av 2023 og kommunen låg mellom 99,6%. 101,2 % av landsnittet fram til mai. Gjennom sommaren og hausten blei skatteinngangen målt mot landsnittet mykje betre, og skatteinngangen for Vindafjord kommune enda på 110,9 % av snittet i Noreg mot budsjettert på 107,1 %. Skatteinngangen for landet samla sett blei også i 2023 betre enn lagt til grunn. Totalt fekk kom det inn kr 28,5 mill. meir enn budsjettert. Etter justering for inntektsutjamninga enda det på om lag ca. 19,3 millionar kroner i netto meirinntekter mot budsjett.

Eigedomsskatt gav kommunen 37,8 millionar i inntekter, om lag som budsjettert. Kommunen fekk i tillegg 4,2 millionar frå Havbruksfondet mot budsjett på kr 2,6 mill.

Kommunen tok i mot totalt 91 flyktningar i 2023 og fekk om lag 35,5 millionar i integreringstilskot. Dette er om lag 5,5 millionar meir enn justert budsjettert. Kommunen får fullt tilskot for år 1 uansett på kva tid av året ein flyktning blir busett, og mykje av kostnadane til busettinga vil kome i åra som ligg føre oss.

Positive avvik på finans

Kommunen sine renteutgifter blei dobla frå vel 12 millionar i 2022 til rett over 24,2 millionar i 2023, men likevel vel 1,8 millionar under justert budsjett. Kommunen betalte 28,38 millionar i avdrag og hadde eit totalt lånegjeld på kr 658,632 millionar ved årsskifte. Av desse er kr 54,32 millionar lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån).

Renteinntektene hamna på 17,87 millionar mot eit budsjett på kr 12,96 mill. Utbytte frå Haugaland Kraft AS og SØK AS enda på 24,696 mill. og utbytte på eigenkapitalbevis i verdipapirmarkanden på 1,8 millionar. I tillegg blei det bokført ein finansiell gevinst på finansplasseringar med kr 3,48 millionar. Samla blei dei eit positivt budsjettavvik frå finans på kr 12,6 millionar.



Rammeområda

Rammeområda hadde eit samla meirforbruk på 27,5 mill. Størsteparten av avviket var som dei siste åra innan helse og omsorg (21,2 mill). Drift av institusjonar/sjukeheimar inkludert høgt forbruk av vikartenster og kjøp av eksterne tenester frå private eller ideelle organisasjonar til ressurskrevjande brukarar er dei områda som bidreg mest til det samla avviket for rammeområdet, og slik sett er hovudbildet uendra frå sist år.

Oppvekst og kultur hadde eit samla meirforbruk på 4 millionar. Skulane og barnehagane låg samla sett i balanse, men det var fleire avvik på fellesområde. Dei største er tilskot til privat barnehage (2,8 mill.), manglande refusjonar/tilskot skule (2,4 mill.), styrkingstiltak i barnehage (1,2 mill) og skuleskyss (0,7 mill.).

Rammeområde forvaltning, drift og utvikling hamna 4,7 millionar over justert budsjett. Meirforbruket skuldast hovudsakleg drift av kommunal veg (snøbrøyting), dyrara drift innan VA og tomme sjølvkost-fond og ei manglande inntekt knytt til breiband. Sjølvkostområda hadde eit underskot på 4,3 millionar, der 3,4 millionar blir vidareført som framførbart underskot som skal dekkast inn dei neste fem åra.

Administrasjon og fellesdrift var det einaste rammeområde med mindreforbruk. Mindreforbruket på 2,6 mill. skuldast hovudsakleg mindre lærlingar enn budsjettet og lågare utgifter til IKT på grunn av vakanse og utsette innkjøp.

Status finansielle måltal

Vindafjord kommune vedtok hausten 2020 tre økonomiske handlingsreglar som det skal styrast etter og rapporterast på. Dei finansielle måltala er lokale økonomiske handlingsreglar som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling. Ved utgangen av 2023 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala.

Finansielle måltal	Måltal	2021	2022	2023
Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.	1,75 %	5,02 %	6,31 %	4,87 %
Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter	80 %	54,47 %	56,50 %	54,45 %
Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter	7,5 %	17,42 %	21,94 %	24,37 %

Alle indikatorane tek utgangspunkt i brutto driftsinntekter, som var 962,8 millionar i 2023.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse for kommunen. Indikatoren viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. For tredje året på rad veldig godt og over den generelle tilrådingane på 1,75 % som også Vindafjord kommune har vald å legge til grunn. Det gode resultatet i 2023 er i stor grad påverka av eit rekordstort premieavvik.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus ubrukte lånemidlar og utlån, og viser kor mykje gjeld kommunen har i forhold til dei årlege inntektene. Per 31.12.23 hadde kommunen omlag kr 58 millionar i ubrukte lånemidlar. Hadde alle investeringane vore gjennomført ville justert tal vore 60,5 %.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er kommunen sin frie midlar og den viktigaste bufferen mot at uføresette økonomiske hendingar skal gje direkte effekt på tenestetilbodet med ein gang. Merk at inkludert i disposisjonsfond også er avsetningar til framtidig pensjonskostnader med omlag kr 106,6 millionar. Justert for dette utgjorde disposisjonsfond 12,67 % av brutto driftsinntekter ved årsskiftet som er ei svekking på 2 prosentpoeng frå 2022, men likevel godt over målalet.

KOSTRA hovudtall

	Vindafjord 2022	Vindafjord 2023	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Avsetning til bundne fond (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	0,2	-0,2	0,3	0,2	0,2
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	106 600	111 130	101 634	105 639	106 635
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,4 %	1,5 %	0,3 %	0,1 %	-0,7 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	103 029	109 478	101 386	105 584	107 337
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	21,8 %	24,1 %	15,6 %	13,4 %	10,4 %
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) **)	73 504	76 720	73 989	74 434	74 046
Økonomi					
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	2,8 %	2,9 %	3,9 %	4,0 %	4,0 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	12,0 %	13,0 %	15,3 %	14,0 %	11,5 %
Frie inntekter i kroner per innbygger (B) **)	69 478	69 657	67 385	67 132	65 992
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,2 %	5,0 %	3,7 %	1,0 %	-0,9 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)	60 576	60 870	74 757	97 927	100 709
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	56,8 %	54,8 %	73,5 %	92,2 %	94,4 %

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar inn styringsinformasjon om både rekneskapen sin og det kommunale tenestetilbodet. Gjennom KOSTAR kan kommunen samanlikne seg med landssnittet, fylket og liknande kommunar (KOSTRA-gruppe). Vindafjord kommune ligg i KOSTRA-gruppe 1 som vil seie kommunar med mellom 2 000 og 9 999 innbyggjarar, som har låge bunde kostnader og låge korrigererte inntekter.

Vindafjord kommune ligg relativt godt an på dei økonomiske hovudindikatorane, samanlikna både med kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 01) og resten av landet.

Kommunen hadde i 2023 ein god del høgare frie inntekter per innbyggjar enn både KOSTRA-gruppa og landet. 69 657 kr per innbyggjar i Vindafjord, samanlikna med 67 132 kr for landet utgjere rett over 22,5 millionar meir i frie inntekter i Vindafjord enn landssnittet. Gapet mot landet er blitt noko redusert samanlikna med 2022 då tilsvarande tal var omlag kr 30 mill. Samstundes bukar også kommunen meir pengar per innbyggjar enn landssnittet. Brutto tal viser det same biletet.

Netto driftsresultat på 4,9 % er eit veldig godt resultat, og godt over kommunen sitt måltal på 1,75 %. Samanlikna me andre kommunar er dette og ei godt resultat. Samla fekk kommunesektoren eit mykje svakare resultat i 2023 med 1,0 % mot 2,6 % i 2022. KOSTRA-gruppe 01 hamnar på eit negativt netto



driftsresultat på 0,9 %. Gjennomsnittresultatet i Rogaland var også i 2023 veldig godt, med 3,7 % som gjennomsnitt.

Netto lånegjeld i % på 54,8 % av brutto driftsinntekter ligg også markant under landssnittet på 92,2 %, og godt under kommunen sitt måltal på 80 %. Omgjort til kroner har kommunen omlag 363 millioner mindre i gjeld enn om kommunen skulle vore på landssnittet. Samstundes ser me at investeringsnivået i kommunen er noko lågare i forhold til brutto driftsinntekter enn landet, og at kommunen bruker ein relativt sett lågare del av brutto driftsinntekter til å betene gjeld.

Kommunen sitt disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter er med 24,1 % er over dobbelt så stort KOSTRA-gruppe 01, og ikkje langt unna det doble av landssnittet. Storleiken seier likevel ikkje noko om i kor stor grad midlane er bunde opp i planlagte investeringar og premieavvik.

KOSTRA-tal for dei ulike tenestane kommunen leverer kjem fram under omtale i rammeområda. Merk at alle tal er førebelse tal og endringar vil kunne komme fram til endeleg publisering i juni.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-706 841	-680 455	-731 899	27 546
Avskrivningar	31 041	32 500	34 927	-2 427
Motpost avskrivningar	-31 041	-32 500	-34 927	2 427
Netto finansutgifter	6 117	23 753	4 470	12 607
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	61 863	8 803	45 011	-29 206
Til disposisjon	-638 862	-647 899	-682 419	10 947
Finans	-9 011	0	-14 911	16 383
Administrasjon og fellesdrift	50 488	57 512	52 658	2 664
Oppvekst og kultur	230 564	243 709	256 053	-4 046
Helse og omsorg	307 713	291 311	323 490	-21 242
Forvaltning, drift og utvikling	59 108	55 368	65 129	-4 707
Sum disponering	638 862	647 899	682 419	-10 947
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0

Driftsrekneskapen viser kommunen sine løpande inntekter og utgifter til drift av kommunen, samt kor mykje som bidrar til å finansiere investeringar. I tillegg kjem bruk av og avsetninger til ulike driftsfond (disponeringar).

I det følgjande er dei vesentlege postane for rekneskapen 2023 presentert, og vesentlege avvik mellom rekneskapen og budsjett 2023 samt vesentlege endringar mellom rekneskapen for 2023 og 2022 er kommentert.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-230 543	-294 057	-283 125	-274 794	-8 331
Inntekt- og formuesskatt	-407 596	-331 393	-347 728	-376 227	28 499
Eigedomsskatt	-35 805	-35 800	-37 750	-37 835	85
Andre generelle driftsinntekter	-32 897	-19 205	-35 750	-43 043	7 293
Sum Frie disponible inntekter	-706 841	-680 455	-704 353	-731 899	27 546



Rammetilskot

Rammetilskotet består av generelt rammetilskot, skjønstilskot og inntektsutjamninga. Kommunen fekk samla 274,793 millionar i rammetilskot mot eit justert budsjett på 283,125 millionar som gav ein mindreinntekt på 8,331 millionar. Avviket skuldast hovudsakleg høgare skatteinnngang enn venta og dermed høgare trekk i inntektsutjamninga. Opphavleg budsjett var 294,057 millionar. Merk at i opphavleg budsjett var forventa auke i skatteinntekt som kommunestyret la inn i høve kommunedirektøren sitt framlegg lagt inn som auke i rammetilskot i staden for skatteinntekt. Det betyr at rammetilskot i opphavleg budsjett var 16,335 mill. for høg og skatteinntekta tilsvarande for låg.

Budsjettet blei justert både i 1. og 2. tertialrapport. Budsjettet blei samla justert opp med 5,086 millionar i 1. tertialrapport. Bakgrunnen for dette var todelt, og følgde både endringar i Statsbudsjettet som kom etter at kommunestyret vedtok sitt budsjett og basert på forslaget til revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2023.

Etter budsjettforliket på Stortinget blei rammetilskotet til kommunane auka noko utover det som låg inne i kommunen sitt vedtekne budsjett. Størsteparten av auken skuldast at det blei vedtatt å innføre gratis plass for inntil 12 timar på SFO også på 2. trinn med verknad frå skuleåret 2023/2024. For Vindafjord kommune utgjorde kompensasjon for dette 1,262 millionar. I tillegg blei barnetillegget i kvalifiseringsprogrammet auka til kr 35 per dag med verknad frå 1. februar 2023. For Vindafjord kommune utgjere dette 11 000. I tillegg var det ei lita endring i skatteopplegget. Samla er det berekna at dette utgjere omlag 1,314 millionar for Vindafjord kommune. I 2. tertialrapport blei budsjettet justert med ytterlegare 320 000 som følgje av stortinget si handsaming av RNB 2003. Endringane som følgde av revidert nasjonalbudsjett går fram av figuren nedanfor.

Oversikt løvvingar til Vindafjord kommune etter RNB 2023	
<i>Fordeling gjeld</i>	<i>Beløp i 1 000 kr</i>
Rammetilskot 1,6 mrd fordelt etter kostnadsnøkkel til kompensasjon lønns og prisvekst, kr 309 per innb.	2 713
Ekstra rammetilskot fordelt etter skatteinnngang, kr 79 per innb.	697
Covid-19 vaksinerings	115
Makspris barnehage	269
Auka sosiahjelpssatsar	317
Sum ekstra rammetilskot vedtatt Stortinget	4 111

Samla hamna ordinært rammetilskot 384 000 over justert budsjett. Dette skuldast at kommunen fekk utbetalt 382 000 ekstra i desember som kompensasjon for vaksinasjon av covid-19 hausten 2023.

Skjønnstilskot hamnar 400 000 over budsjettet på 800 000. Meirinntekta skuldast prosjektskjønn til gjennomføring av TØRN-prosjektet i helse og omsorg.

Trekket i inntektsutjamninga hamna på 26,802 mill., som var 9,115 mill. over justert budsjett og må sjåast i samanheng med høgare skatteinntekt omtala nedanfor.




Inntekt- og formuesskatt

Samla skatteinntekter i Vindafjord enda på 376,227 millionar, om lag 28,5 millionar over justert budsjett. Talet er likevel 7,7 % lågare enn 2022 som var eit år med ein eksepsjonell høg skatteinngang både for heile landet og i Vindafjord.

I budsjettet for 2023 var det lagt til grunn samla skatteinngang nasjonalt i tråd med Statsbudsjettet og at Vindafjord skulle hamne på 107,1 % av landet som tilsvara faktisk skatteinngang i 2021.

Skatteinngangen for landet var 5 % (13 mrd.) lågare enn i 2022, men 3 mrd. meir enn anslaget som blei lagt til grunn i Nasjonalbudsjettet for 2024. Nasjonalt anslag bli justert opp gjennom 2023, først med om lag 4 mrd. i RNB for 2023 og så ytterlegare 4 mrd. i nasjonalbudsjettet for 2024.

Skatteinngangen i Vindafjord var mykje lågare samanlikna med landet i starten på året enn det som har vore vanleg dei siste åra. Ved utgangen av april var skatteinngangen 100,13 % av landet, altså så vidt over gjennomsnittet i landet og langt under budsjettmålet. Gjennom sommaren og hausten tok skatteinngangen seg opp og ved utgangen av august var den 109,55 % av landet. Samla for 2023 enda skatteinngangen på sterke 110,9 % av landet.



I 2023 var skatteinngangen for kommunane på kr 210,5 mrd. Av dette var anslagsvis kr 19 mrd. formuesskatt, ein auke på 18,5 % frå året før. Formuesskatten auka betydeleg for inntektsåret 2022, hovudsakleg som følgje av auka verdsetting av formuesverdiar i fylgje Skatteetaten. Eigarinntekter og formuesskatt er den viktigaste forklaringa på inntektsforskjellane mellom kommunane.

Eigedomsskatt

I 2023 hadde kommunen eigedomsskatt på alle eigedommar i heile kommunen. Skattesatsen var 4 promille på hus og hytter og 5 promille på næring og andre eigedommar. Samla inntekt frå eigedomsskatt enda på 37,835 millionar, omlag 85 000 over justert budsjett. Budsjettet blei justert opp 1,95 millionar i 1. tertialrapport. Inntekter frå eigedomsskatt var omlag 2 millionar høgare enn i 2022. Meirinntekta mot opphavleg budsjett og veksten frå 2022 skuldast i hovudsak at formuegrunnlaget på bustadar auka.



Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av tre hovudpostar, integreringstilskot, utbetaling frå Havbruksfondet og rente- og avdragskompensasjon.

Havbruksfondet

Utbetalingane frå Havbruksfondet variera ganske mykje frå år til år, kommunen fekk 2,79 mill. i 2021 og 11,337 mill. i 2022. Det var budsjetttert med 2,6 millionar frå Havbruksfondet i 2023. Faktisk utbetaling blei 4,232 mill., som gav ei positivt budsjettavvik på 1,632 mill. Det var lenge stor usikkerheit knytt til faktisk utbetaling i 2023. Meirinntekta skuldast hovudsakleg at det i oktober 2023 blei gjennomført ein auksjon av tillatelse-MTB som ikkje blei seld ved auksjonen i 2022, der det blei samla seld 8,243 tonn MTB til ein samla verdi av 1,514 mrd.

Integreringstilskot

Det var opphavleg budsjetttert med vel 13 millionar i generelle flyktningstilskot. Tilskotet per flyktning varier mellom 241 100 for flyktningar i år 1 til 72 000 for flyktningar i år 5. På grunn av usikkerheit om faktisk oppmoding la budsjettet berre til grunn 10 nye flyktningar i 2023.

Kommunen fekk i to omgangar oppmoding om å ta i mot totalt 90 flyktningar i 2023 og tilpassa drifta ut i frå dette. Kommunedirektøren hadde fullmakt til å bruke desse forventa meirinntektene til å auke mottaksapparatet.

I 1. tertialrapport blei det vedtatt å justere opp inntektene opp med ca. 5,1 millionar og desse midlane blei fordelt ut til einingane som driv tenester mot flyktningane. I 2. tertialrapport blei forventa inntekt justert vidare opp til kr 30 mill. Faktisk inntekt blei 35,656. Av dette var kr 1,3 mill. ekstra integreringstilskott på kr 50 000 for 30 ekstra busettingar etter oppmoding nummer to. Kommunen får tilskot for heile år uavhengig av kva tid på året busettinga skjer. Det betyr at kommunen normalt har mykje høgare inntekter enn utgifter i år 1, og det vil bli spesielt gjeldande i år med høg busetting.

Rente- og avdragskompensasjon

Det var budsjetttert med 3,15 millionar i rente- og avdragskompensasjon. Budsjettet var auka ein god del frå 2022 på grunn av forventa høgare rentenivå. Faktisk inntekt hamna på 3,095 mill, altså 55 000 under budsjett.

Samla var det eit positivt budsjettavvik på kr 27,5 millionar på dei sentrale inntektene til kommunen i 2023. Dei største inntektskjeldene for kommunen var rammetilskot frå staten og inntekts- og formueskatt frå personlege skattytarar. På grunn av høgare skatteinngang enn budsjetttert fekk kommunen høgare trekk i rammetilskot, så avvika på postane må vurderast samla, Samla var det eit positivt budsjettavvik frå rammetilskot og skatt på omlag kr 20,168 mill. i 2023 som hovudsakleg skuldast høgare skatteinngang enn budsjetttert. Resten av meirinntekta var i stor grad knytt til høgare mottak av flyktningar som gav meir inn integreringsmidlar frå IMDI.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-9 066	-7 500	-12 959	-17 864	4 905
Utbytte	-27 567	-21 200	-24 300	-26 765	2 465
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	4 618	0	0	-3 475	3 475
Renteutgifter	11 992	25 952	25 952	24 190	1 762



	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Avdrag på lån	26 140	26 501	28 384	28 384	0
Sum Finansinntekter/-utgifter	6 117	23 753	17 077	4 470	12 607

Netto finans gav ei positivt budsjettavvik på 12,595 millionar. Avviket skuldast 4,922 millionar i høgare renteinntekter, 3,475 mill. avkastning på verdipapir i marknaden, 2,465 mill. ekstra i utbytte og 1,732 mill. lågare renteutgifter.

Merk at tala og figurane nedanfor ikkje inkluderer renteinntekter og renteutgifter ført i rammeområda. Avviket frå dei overordna rekneskapsoversiktene er høvesvis 95 599 mindre i renteinntekter og 30 249 mindre i renteutgifter. Netto avvik 65 350.

Renteinntekter

Renteinntektene består av bankinnskott, direkteeigde rentebærande verdipapir som vert forvalta på vegner av kommunen etter avtale og ansvarlege utlån. Rekneskapen viser inntekter på rett under 18 millionar, vel 4,9 millionar over justert budsjett og nesten dobbelt så mykje som i 2022. Renter på bankinnskott gav samla nesten 11,4 millionar i inntekter, og renter frå obligasjonar utgjorde omlag 2,25 millionar. Renteinntekter på Startlån utgjorde omlag 1,2 millionar og ansvarleg lån til Haugaland Kraft gav ei renteinntekt på ein halv million. Det er ikkje bokført inntekt på ansvarleg lån frå Haugaland Næringspark.

Avviket mot budsjett skuldast ei konservativ budsjettering. Kommunen hadde mykje betre likviditet og høgare rente enn budsjettert. I budsjettet var det lagt til grunn ein gjennomsnittleg saldo på 60 millionar, i tillegg til renteobligasjonar i verdipapirmarknaden. Den faktiske saldoen var mykje høgare gjennom året, snittet for året var omlag 210 millionar. Dette skuldast mellom anna eit betre resultat enn venta i 2022 og at årets låneopptak blei tatt opp tidleg på året. Eit relativt stort etterslep på kommunen sine investeringar er og med på å dra opp likviditeten. Renta på bankinnskott steig i løpet av året frå 3,7 % til omlag 5,3 % ved 2. tertialrapport og enda ut med omlag 5 % ved utgangen av 2024. Budsjettert rente var på 3,05 % heile året.

Utbytte

Vindafjord kommune fekk 26,735 millionar i utbytte i 2023, omlag 800 000 mindre enn i 2022. Det var opphavleg budsjettert med 21,2 millionar i utbytte, men budsjettet blei justert opp til 24,3 mill. i 2. tertialrapport i tråd med vedteken utbytte frå Haugaland Kraft AS på 24,029 mill. og ekstra utbytte frå Skånevik Ølen Kraftlag AS (SØK) for 2022 som først blei betalt ut i slutten av februar 2023.

I tillegg fekk kommunen ordinært utbytte frå aksjeposten i SØK på 648 000 og utbytte frå kommunen sine eigenkapitalbevis i norske sparebankar med 1,795 millionar.

Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel

I 2023 var det igjen ein positiv utvikling på kommunen sine verdipapir i tråd med ein generell positiv utvikling i finansmarknaden og høgare renter på obligasjonar. Det blei samla bokført 3,5 mill. i papirgevinst. I 2022 blei det til samanlikning bokført eit papirtap på 4,6 millionar, med bakgrunn i ein korreksjon i marknaden som skuldast den usikkerheita i verda med høg inflasjon og rentehevingar.

Renteutgifter

Det var samla budsjettert med omlag 25,952 millionar. Rekneskapen viser samla renteutgifter på 24,190 millionar som er 1,732 millionar lågare enn budsjett, men er om lag det dobbelte av utgiftene i 2022.



Dei siste åra har kommunen hatt ein kortsiktig strategi (Korte lån utan lange rentebindingar), og nytt godt av låge renter. Ulempa med denne strategien er renteutgiftene stig kjapt i tråd med renteauken som var gjennom 2022 og som har fortsatt gjennom heile 2023.

Kommunen hadde ved inngangen til 2023 eit langsiktig fastrentelån på kr 100 mill. som det var tatt høgde for i budsjettet. I budsjett var det tatt høgde for 4,55 % rente på alle lån utanom rentebindingar. I løpet av året blei det gjort tre rentebindingar i porteføljen på i underkant av 300 millionar kroner, der omlag 60 % var fastrente i 1 år og resten fast i fire år. Rentevilkåra på desse låna har variert mellom 3,81 og 5,24 % gjennom året. Vekta snitt-rente i heile porteføljen auka frå 3 % ved starten av året til 4,09 % ved utgangen av året.

Avdrag på lån

Kommunen betalte 28,384 millionar i avdrag på sine lån til investeringar i 2023. Det var i tråd med budsjett omlag 2,2 millionar meir enn i 2022. Kommunen betalar framleis ein god del meir enn berekna minimumsavdrag.

Årets avdrag blei betalt i samband med forfall på lån i april, på grunn av aukande marginar og lånerente. I samband med refinansiering av lån blei eit lån gjort om til avdragslån, og det kom eit ekstra avdrag på 1,883 mill. som blei justert inn i 2. tertialrapport.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Overføring til investering	6 550	6 900	10 816	10 726	90
Avsetningar til bundne driftsfond	1 157	0	0	60	-60
Avsetningar til disposisjonsfond	58 233	7 403	20 282	49 518	-29 236
Bruk av disposisjonsfond	-4 077	-5 500	-15 293	-15 293	0
Netto avsetnader	61 863	8 803	15 805	45 011	-29 206

Disponeringar vert i all hovudsak ført på slutten av året i tråd med budsjettet. I tillegg vert det gjort ein nokre ikkje-budsjetterte føringar i tråd med kommunen sitt økonomireglement.

Merk at oversikten over berre viser sentrale fondsføringar og ikkje eventuelle føringar som er gjort i rammeområda (bruk og avsetting til bunde fond).

Overføring til investering

I 2023 er all finansiering ved bruk av disposisjonsfond til investeringar og eigenkapitaltilskot til KLP overført til investeringsrekneskapen som budsjettert.

I samband med årsavslutning er det gjennomført stryking av 89 000, som svarar til avviket mellom budsjett og rekneskap for eigenkapitaltilskot til KLP.

Avsetningar til bundne driftsfond

Gjeld avsetningar av renteinntekter på bunde konti.

Avsetningar til disposisjonsfond

Samla avsetting til disposisjonsfond var 49,720 millionar. Opphavleg budsjettert avsetting av udisponert var 7,403 mill. Gjennom året vedtok kommunestyret i tillegg fylgjande avsetningar:



- 2,644 mill. udisponert (1. tertialrapport)
- 1,5 mill. til oppretting av fond uteområde skule (1. tertialrapport)
- 8,735 mill. til fond integreringstenesta (2. tertialrapport)

Det er i tillegg gjort følgjande ikkje budsjetterte avsetningar etter delegert fullmakt:

- 45,546 mill. til disposisjonsfond for framtidige pensjonsforpliktingar som gjeld årets premieavvik (KLP)
- 202 133 som gjeld parkeringsinntekter Fjellstøl

På grunn av samla budsjettavvik er det gjennomført strykingar av budsjetterte avsetningar til disposisjonsfond (sjå figur § 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar i årsrekneskapen) på totalt 16,310 millionar slik:

- 10,046 mill. generelt disposisjonsfond
- 6,263 mill. fond integreringstenesta

Bruk av disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond viser 15,604 mill. mot eit justert budsjett på 15,293 mill. Det er i tillegg til opphavleg budsjettert bruk til overføring til investering på 5,5 mill., gjort fylgjande budsjettendringar etter politiske vedtak:

- 3 mill. til oppretting av selskapet Dommersnes AS (K-013/23)
- 2 mill. oppretting av nytt fond til læremidlar (K-083/23 1. tertialrapport)
- 1,472 mill. til lån Karmsund Lufthavn Invest AS (K-063/22)
- 0,774 mill. finansering av breibandsutbygging (2. tertialrapport)
- 0,6 mill. til fjerning av bustadmodul på Dommersnes (F-041/23)
- 0,147 mill. til forprosjekt Dommersnes (F-021/22)
- 0,1 mill. frå disposisjonsfond for rammeområde FDU (administrativt vedtak)

Det er i tillegg gjort følgjande ikkje-budsjetterte bruk av disposisjonsfond etter delegert fullmakt:

- 0,311 mill. frå disposisjonsfond for rammeområde administrasjon og fellesdrift

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-9 562	-2 246	-2 323	-4 788
Bruk av disposisjonsfond	-5 508	-5 500	-15 293	-15 604
Sum bruk av avsetnader	-15 071	-7 746	-17 616	-20 392
Avsetninger				
Overføring til investering	6 748	6 900	11 208	11 387
Avsetninger til bundne driftsfond	7 220	35	35	6 216
Avsetninger til disposisjonsfond	58 377	7 403	20 282	49 720
Sum avsetnader	72 344	14 338	31 525	67 324
Netto driftsresultat	-57 273	-6 592	-13 908	-46 932
Sum driftsinntekter	-913 912	-864 181	-889 451	-962 834



	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	6,3 %	0,8 %	1,6 %	4,9 %

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-230 543	-274 794	-294 057	-283 125
Inntekt- og formuesskatt	-407 596	-376 227	-331 393	-347 728
Eigedomsskatt	-35 805	-37 835	-35 800	-37 750
Andre generelle driftsinntekter	-32 897	-43 043	-19 205	-35 750
Sum Sum generelle driftsinntekter	-706 841	-731 899	-680 455	-704 353
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-9 136	-17 960	-7 579	-13 038
Utbytte	-27 567	-26 765	-21 200	-24 300
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	4 618	-3 475	0	0
Renteutgifter	12 001	24 220	25 953	25 953
Avdrag på lån	26 140	28 384	26 501	28 384
Sum Netto finansutgifter	6 056	4 404	23 676	17 000
Sum sentrale inntekter og finansposter	-700 785	-727 495	-656 780	-687 354
Tenesteområda - drift	643 512	680 563	650 188	673 445
Netto driftsresultat	-57 273	-46 932	-6 592	-13 908
Sum driftsinntekter	-913 912	-962 834	-864 181	-889 451
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	6,3 %	4,9 %	0,8 %	1,6 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	58 377	49 720	7 403	20 282
Overføring til investering	6 550	10 726	6 900	10 816
Bruk av disposisjonsfond	-4 077	-15 293	-5 500	-15 293
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	7 220	6 216	35	35
Avsetninger til bundne driftsfond	-6 063	-6 157	-35	-35
Avsetninger til disposisjonsfond	-144	-202	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	61 863	45 011	8 803	15 805
Avsetninger til bundne driftsfond	6 063	6 157	35	35
Avsetninger til disposisjonsfond	144	202	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-9 562	-4 788	-2 246	-2 323
Bruk av disposisjonsfond	-1 431	-311	0	0
Overføring til investering	198	661	0	392
Netto avsetninger i tenesteområda	-4 589	1 921	-2 211	-1 896
Sum sentrale inntekter og finansposter	57 273	46 932	6 592	13 908



Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000


Rammeområde	Opph. budsjett 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2023			Avvik i kr
			Utgift	Inntekt	Rekneskap	
Finans	0	1 472	-14 903	-8	-14 911	16 383
Administrasjon og fellesdrift	57 512	55 323	57 217	-4 558	52 658	2 664
Oppvekst og kultur	243 709	252 007	301 028	-44 974	256 053	-4 046
Helse og omsorg	291 311	302 248	439 698	-116 208	323 490	-21 242
Forvaltning, drift og utvikling	55 368	60 421	135 509	-70 380	65 129	-4 707
Totalsum	647 899	671 471	918 548	-236 129	682 419	-10 947

Balansen

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er eit mål på kommunen si likvide stilling, og gir eit uttrykk for kommunen sin evne til betale sine betalingsforpliktingar etter kvart som disse forfell. Arbeidskapitalen er omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld. Utviklinga skapast av frigjorte midlar, med frådrag for dei som brukast til investeringar.

I 2023 blei arbeidskapitalen styrka frå 341,897 millionar til 374,484 millionar. Korrigert for premieavvik er arbeidskapitalen 261,8843 millionar, ein nedgang på omlag 13 millionar frå 2022. Til samanlikning var samla driftsutgifter per måned i 2023 gjennomsnittleg på 78,9 millionar.



Likviditetsgrad


Likviditetsgraden gir eit uttrykk for kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar, og er forholdet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 1 består av alle omlaupsmidlar sett i høve til kortsiktig gjeld. Omlaupsmidlar bør vere delvis finansiert av langsiktig kapital, og bør difor vere større enn den kortsiktige gjelda. Forholdstalet på




god likviditet er sett til 2. Per 31.12.23 var likviditetsgrad 1 til kommunen 3,10, som er ei reduksjon samanlikna med 2022.

Likviditetsgrad 2 består av dei mest likvide omlaupsmidlane (bank og obligasjonar) sett i høve til kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omlaupsmidlane bør vere minst like store som kortsiktig gjeld, altså eit forholdstal på 1. Per 31.12.23 var likviditetsgrad 2 til kommunen 1,86, som er ein ganske stor reduksjon samanlikna med 2022. Bakgrunnen for dette er at ein omlag 60 % av veksten i omlaupsmidlane skuldast premieavvik. I tillegg var kundefordringar større enn vanleg, som i stor skuldast at kommunen hadde uteståande eit stort forsikringsoppgjer knytt til Vindafjord-hallen per 31.12.23. Samla sett er likviditeten til Vindafjord kommune noko svekka i 2023.



Fondsmidler

Dei kommunale fonda er delt inn i disposisjonsfond, bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Bundne drifts- og investeringsfond er midlar som er avsett til bestemte formål i samsvar med lov, forskrift, rekneskapsprinsipp eller eksterne vilkår (døme arv eller gåve til særskilte formål). Under desse kjem unytta øyremarka midlar som må betalast attende dersom dei ikkje vert nytta i samsvar med føresetnaden. Ubundne investeringsfond gjeld midlar som må settast av til og nyttast i investeringsrekneskapen, og kor kommunen sjølv kan velje til kva formål. Disposisjonsfond (ubunde driftsfond) vil sei avsette midlar som ikkje er øyremarka for bestemte formål.



I 2023 blei disposisjonsfonda samla styrka med over 34 millionar. Generelt disposisjonsfond blei redusert med 14,4 millionar. Pensjonsfondet er auka meheile 45,5 millionar som svarar til netto premieavvik, og fond integreringstenesta er auka med 2,472 millionar på grunn av høgare integreringstilskot enn utgifter. I samband med årsavsluttinga blei avsetningar til disposisjonsfond samla redusert med kr 16,3 millionar, der om lag 10 millionar på generelt disposisjonsfond og resten på fond integreringstenesta.

Bunde fond er auka med 1,5 millionar. Det er relativt små endringar på dei bunde fonda. Den største endringane er fond forskottering spelemidlar som er styrka med 1,6 millionar. For meir detaljer vert det vist til eigen note.

Ubunde investeringsfond er uendra. Bunde investeringsfond er redusert med 0,56 millionar til 2,64 millionar på grunn av det er motteke mindre i avdrag enn kommunen sjølv har betalt sjølv.

Type disposisjonsfond	IB 1.1	Endring	UB 31.12
Pensjonsfond (premieavvik)	61 022 464	45 545 772	106 568 236
Generelt disposisjonsfond	111 023 024	-14 419 300	96 603 724
Buffer finansielle tap på langsiktige plasseringar	8 059 705	-	8 059 705
Fjellstøl parkeringsinntekter	831 080	202 133	1 033 213
Integreringstenesta	10 883 519	2 472 437	13 355 956
Utbygging av breiband	774 174	-774 000	174
Delegert avsetting rammeområda	3 587 200	-410 686	3 176 514
Uteområde skule og barnehage	-	1 500 000	1 500 000
Andre fond	4 308 483	-	4 308 483
Sum	200 489 650	34 116 357	234 606 006



Gjelds- og finansforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen har som overordna formål å sikre ei god avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer. Kommunestyret sett sjølv ramane for forvaltninga gjennom kommunen sitt finans- og gjeldsreglement, som sist blei vedtatt i 2021. Kommunedirektøren rapporterer status per 1. og 2. tertial, og ved utgangen av året i årsmeldinga.

Gjeldsforvaltning

Per 31. desember 2023 var samla låneportefølje på omlag 658,6 millionar, av dette var 54,3 mill. (8,2 %) lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån). Av dei ordinære låna var litt under halvparten (46,5 % / 280,3 mill.) lån i verdipapirmarknaden, resten lån i Kommunalbanken og KLP. Netto auke i lånegjeld i 2022 var 24,14 mill. Omlag 40 % av denne auken var auke i Startlån for vidare utlån. Samla brutto renteutgifter blei 24,220 mill. mot justert budsjett på 25,952 mill. Auken i renteutgifter frå 2022 var på vel 12,2 millionar, som er over ei dobling på eitt år.

Nøkkeltall	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Total lånegjeld	kr 602 607 549	kr 634 481 656	kr 658 632 356
<i>av dette Startlån</i>	<i>kr 30 727 549</i>	<i>kr 44 839 656</i>	<i>kr 54 321 686</i>
Rentebindingstid	0,97 år	0,72 år	1,05 år
Vekta gjennomsnittsrente	1,19 %	2,95 %	4,09 %
Kapitalbinding	1,78 år	2,02 år	4,08 år
Rentebinding under 1 år	83,41 %	84,24 %	67,95 %
Kapitalbinding under 1 år	51,17 %	43,58 %	44,38 %
Rentesensitivitet (ved 1 %-poeng auke)	Kr 5 026 075	kr 5 344 817	kr 4 475 157

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Delen lån som har rentebinding under 1 år (fast rente) var på 67,95 prosent, ei liten reduksjon frå 2022. Det er ført ein aktiv gjeldsstrategi med relativt kort tidshorisont på låna og hyppige refinansieringar for å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår i marknaden. Kort eller flytande rente er som regel mest lønnsam over tid, og det har ikkje vore vurdert som fornuftig å betale meir for ei rentesikring. Ved slutten av året hadde 44,38 % av låna forfall det kommande året. Dette er omlag som 2022, men noko lågare enn åra før det. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men det blir vurdert til å vere handterbart. Kapitalbindingstida var 4,08 år ved slutten av året, omlag ei dobling i forhold til same tidspunkt året før. Indikatoren viser kor lang tid det i snitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller komme til forfall.

Ved inngangen på året var styringsrenta frå Norges Bank på 2,75 %. Flytande p.t.-rente i Kommunalbanken var 3,95 % og indikativ lånerente for kommunane låg på omlag 3,61 % for lån med rentebinding i 3 månadar og på 3,96 % for rentebinding i 3 år. Den kraftige rentestigninga frå 2022 heldt fram ei godt stykke utover 2023. Høg prisstigning gav mange rentehevingar i løpet av året og renta auka



kraftig. Styringsrenta på slutten av året var 4,5 %. P.t.-renta i Kommunalbanken var ved årets slutt 5,5 %. Lån med 3 års bindingstid hadde ei indikativ lånerente på vel 4,16 %, og indikativ lånerente for lån med rentebinding i 3 mnd. låg rett under 4,91 %. Det er no forventa at rentetoppen er nådd og at rentene vil komme sakte nedover, men det vil avhenge av korleis inflasjonen og kronekursen utviklar seg. Ein reduksjon renta er venta tidligast hausten 2024.

Rente-sensitiviteten ved ei auke på 1 %-poeng var vel 4,4 millionar ved utgangen av 2023, som er ein reduksjon på omlag 1 mill. frå året før. Renteutgifter er ikkje del av inntektssystemet, og må difor dekkast innanfor kommunen sine samla rammer. Samstundes vil ein del av renteauka bli dekkja inn gjennom auka gebyr og høgare renteinntekter. Endringane i rentemarknaden dei to-tre sist åra har vist at kommunen må kunne handtere ein auke på minimum 2 %-poeng på kort tid.

Forvaltning av aktiva

Kommunen har plassert likviditet i bank, eigenkapitalbevis og sertifikat/obligasjonar. Samla marknadsverdi ved utgangen av året for plasseringane var kr 93,8 mill. i obligasjonar og kr 28,7 mill. i eigenkapitalbevis i norske sparebankar. Kommunen har plassert pengar gjennom to ulike forvaltarar og avkastninga i 2022 var samla om lag 8,02 % justert for forvaltningskostnader. Til samanlikning var avkastninga i 2022 omlag -1,33 % og kommunen sin rente på bankinnskott låg mellom 3,7 og 5,3 % i løpet av året.

Aktivaklasse	Kostpris	Marknadsverdi	Sum	i %	Benchmark*
Obligasjonar	93 835 687	95 331 087	5 464 991	5,89 %	2,58 %
Eigenkapitalbevis	16 660 809	28 730 757	4 366 092	15,98 %	17,20 %
Sum	110 496 496	124 061 844	9 831 083	8,02 %	5,50 %

*Benchmark for obligasjonar er NBP Norwegian Government Duration 3 Index NOK (ST4X/NOGOVD3) og for eigenkapitalbevis Oslo Børs Equity Certificate Index (OSEEX).

Stresstest

Kommunen sin plasseringar i marknaden har ein tapsrisiko. Tapsrisikoen er uttrykt gjennom ein stress-test som viser potensielt økonomisk tap ved eit brått renteskift i marknaden på minus 2 % og ein fall i aksjemarknaden på 25 %. Stresstesten for kommunen sine plasseringar viser eit samla potensielt tap på 8,715 millionar, som svarar til -6,61 %. Kommunen har eit finansielt bufferfond som skal kunne handtere eit slik fall. Verdien av fondet var 8,059 millionar ved årets slutt.

Aktivaklasse	Kostpris i kr	Marknadsverdi i kr	Endringsparameter	Endring i KR	Resultat i %
Bank/likviditet/sertifikat	7 973 939	7 740 383	0 %	0	0
Obligasjonar	93 835 687	95 331 087	- 2 % renteskift	- 1 532 458	-1,16 %
Eigenkapitalbevis	16 660 809	28 730 757	- 25 % korreksjon	- 7 182 689	-5,45 %
Samla	118 470 435	34 521 913		- 8 715 148	-6,61 %



Avvik

Per 31.12.23 var det ingen avvik i gjelds- og finansforvaltninga.



Personal og organisasjon

Organisasjon og medarbeidarar


Organisasjonen

Kommunen leverer tenester "frå vogge til grav" til innbyggjarane i Vindafjord. Kommunen er organisert i sektorar, med kvar sin kommunalsjef for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling.

Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og organisasjon. Vindafjord kommune har i underkant av 900 medarbeidarar fordelt på omlag 640 årsverk. Kommuneorganisasjonen har 23 resultateiningar og 3 stabseiningar, dei fleste av desse innafor oppvekst. Ni av dei er skular. Fem av skulane er oppvekstsentre, med barnehagar integrert. I tillegg er det to "reine" barnehagar. Det er fire stabsavdelingar: Økonomi, personal og organisasjon (inkl. løn), service og kommunikasjon og IKT. IKT er eit av fleire interkommunale samarbeid, og i dette tilfellet er vertskommunen Etne.

Organisasjonen Vindafjord kommune er fleksibel, og det vert stadig vurdert betre måtar å organisera kommuneorganisasjonen på, til beste for tenestene. I 2023 vart det gjort endringar innafor oppvekstsektoren si organisering. Sandeid barnehage og Sandeid skule, samt Vågen barnehage og Vågen skule vart frå 1. august Sandeid oppvekstsenter og Vågen oppvekstsenter. Tillegg er merkantilressursen til oppvekst sam-lokalisert på Rådhuset.

Vindafjord er vertskommune for fleire interkommunale samarbeid, f.eks. barnevern og PPT. Tenestekontoret er stabsavdeling innafor helse og omsorg, ein sektor med seks resultateiningar. Her vart det gjort organisasjonsendringar i 2021, i form av å vidareføra tidlegare omorganisering av omsorgssentra. Der ein tidlegare hadde integrerte tenester i Ølen og Vats, gjekk ein over til delt heimeteneste/institusjon. I 2021 vart institusjonstenesta slått saman til eitt område med felles leiar, medan heimetenesta vart skilt ut som eiga eining. Området for samfunnsutvikling består av kommunalteknisk, areal og forvaltning, reinhald samt kulturdelen av eininga Kultur og læring.





For å vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til det beste for innbyggjarane, er det viktig med tilsette som er villige til kontinuerleg forbetring, som samarbeider på tvers av interne skiljelinjer, og som er ein del av ein godt styrt og økonomisk solid organisasjon.

Heiltid

Heiltidsarbeidet starta i samband med KS sitt prosjekt "Nytt Blikk" i 2018. I 2022 fekk me mykje sterkare moment i dette arbeidet, gjennom pleie og omsorg si deltaking i TØRN. TØRN har vore orientert om både i kontaktmøte og i ADMU. Heiltidsjobbing elles har i stor grad gått over i drift, og einingane det gjeld har fokus på heiltid i sitt daglege virke. Dei mest relevante einingane har vore sterkt påverka av pandemien dei siste åra. Konkrete mål om å auka heiltidsandelen og gjennomsnittleg stillingsstorleik er oppnådd. Heiltidsandelen er auka frå 27,4% i 2015 til 46,80% i 2022 (PAI-tal for 2023 er ikkje klare). Gjennomsnittleg stillingsstorleik er auka frå 67,2% i 2015 til 80,8% i 2022. Dette er kulturarbeid, og vil ta tid å endra. Det er likevel gjort betydeleg framgang på berre nokre få år. Heiltidsarbeidet er svært viktig for kommunen som arbeidsgjevar då auka grad av heiltid vil ha positive konsekvensar både på arbeidsmiljø og tilsette sin trivsel, kontinuitet i tenesta og brukarane sin trivsel samt leiarane sin kapasitet til å følgja opp sine tilsette.

Tillitsvalde og verneapparat

Samarbeidet mellom kommunedirektør og hovudtillitsvalde, inkludert hovudverneombod, vert opplevd som godt. Det er halde jamlege møte også i 2023. Kommunedirektøren har kontaktmøte med hovudtillitsvalde omtrent kvar månad, kor heile kommunedirektøren si leiargruppe plar vera tilstades. Dette kjem i tillegg til ei rekke andre drøftingsmøte for eksempel i samband med omorgansieringar, budsjett, overtal og anna.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU)

I 2023 vart det halde tre ordinære AMU-møte, samt tre ADMU-møte.

Mellomoppgjeret 2023

Hovudtariffavtalen inngås for to år i hovudoppgjeret. I mellomoppgjeret midt i perioden skal det berre forhandlast om å regulere lønn, ikkje om lønnssystem eller andre deler av avtalen. I 2023 var det eit mellomoppgjer. Det var ikkje lokale lønsforhandlingar i kap. 4 i 2023.

Medarbeidarundersøking

I 2023 har einingane/avdelinga arbeidd med oppfølginga frå medarbeidarundersøkinga frå 2022. Ny medarbeidarundersøking vil bli gjennomført våren 2024. Undersøkinga Vindafjord kommune brukar heiter 10-faktor, og er ei anerkjent undersøking som også KS har vore med å utvikla. Resultata blir presentert både for leiarforum, kontaktmøtet, AMU og ADMU.

Rekruttering og lærlingar

Det kan vera utfordrande å rekruttera til dømes sjukepleiarar, legar, tilsette innanfor oppvekstsektoren, fagarbeidarar innan teknisk og av og til leiarar. Rekruttering er noko av det aller viktigaste fordi det er så avgjerande for tenestene som blir gitt til innbyggjarane. Det er difor innveva i det meste av det som blir gjort, planlagt og forsøkt løyst i kvardagen.

Den skildra vedvarande mangelen på kompetanse/personell som vil koma for alle kommunar er heilt sentral. I mange år har økonomi og trongare handlingsrom vore tema, til dømes i svara på debethefta frå KS. Kanskje er det slik at det om ei stund ikkje er økonomien som avgrensar oss mest, men mangelen på folk. Kommunane har utfordringar allereie i dag med å dekke behovet for kompetent arbeidskraft. Desse utfordringane vil bli forsterka dei komande åra som følgje av den demografiske utviklinga. Difor



må kommunen i større grad planleggja for at tilgang på arbeidskraft og kompetanse blir meir og meir avgrensa. Dette har vore høgt på agendaen i 2023, og vidare inn i 2024, blant anna som følge av Helsepersonellkommisjonen si utgreiing "Tid for handling". Kanskje er det ikkje eingong mogleg for kommunane å vinna kampen om arbeidskrafta, når me veit at alle sektorar vil trenga meir folk i åra framover. Det vil ikkje vera mogleg for kommunane å utkonkurrera andre på løn. Det er difor heilt naudsynt at kommunane finn andre måtar å vera attraktive arbeidsgjevarar på, og også finn andre måtar å jobba på slik at arbeidskraftbehovet kan bli redusert, heller enn å streva etter å oppretthalda/auka mengda arbeidstakarar. Dette er arbeid som inngår i vår kvardag heilt naturleg, til dømes i samband med TØRN og heiltidsjobbing innan helse og omsorg. Det inngår også naturleg i alt arbeid med tanke på omdøme, leiarskap, digitalisering, innovasjon, organisasjonsstruktur, medverknad, til dømes i Ungdomsrådet, samt utvikling av gode arbeidsmiljø.

Lærlingar

Vindafjord kommune har sidan 2012 hatt 15 lærlingplassar i Vindafjord. Det vart då auka frå tolv plassar. Vindafjord kommune er ei anerkjend lærebedrift, og har motteke mykje ros for måten ein følgjer opp lærlingane på og det systemet ein har rundt det. Det krev ressursar å ta imot lærlingar. Kommunen er med i Haugaland Opplæringskontor, og har fast plass i styret der. Opplæringskontoret tar mykje av arbeidet kring lærlingane, og samarbeidet fungerer godt. Vindafjord kommune den største lærebedrifta i Opplæringskontoret si portefølje. Kommunen har tatt samfunnsansvar i mange år. Som omtalt i budsjett og økonomiplan frå 2021, er det ikkje lengre budsjett til å ta inn 15 lærlingar. Dette skuldast delvis at lærlingane i 2020 fekk nye pensjonsrettar, noko som naturleg nok aukar utgiftene per lærling.

Lærlingane har tradisjonelt vore mange innanfor helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg har det vore lærlingar på kontorlag, institusjonskokk, IKT og feiar. Tilsøkinga til helsefag har hatt ein kraftig nedgang dei siste åra, som forhåpentlegvis er forbigåande. Det har vore mogleg å gi søkjarar frå Vindafjord plass, og fyrstegangslærlingar har vore prioritert.

I 2023 var det totalt 9 lærlingar i løpet av året. Fire av desse var i helsefag, fire i barne- og ungdomsfaget, og éin i kokkefag. Alle kvalifiserte søkjarar fekk tilbod om læreplass. Kommunen har også opna for deltaking i ordninga 'Fagbrev på jobb'. Her er det mogleg å ta fagbrev på anna vis, ei ordning som ofte passar godt for dei som allereie har jobba nokre år hjå oss. Fagbrev via denne ordninga kan takast medan ein går i jobb, og ein får uttelling for praksis. Desse går via sentraladministrasjon i kommunen, så her kan det også vere tilsette som tar fagprøven utan at me har oversikt over dei før dei eventuelt skal ha endra stilling/løn.

Likestilling

Vindafjord kommune har om lag 89 % kvinnelege tilsette, noko som utgjør ein stor del, særleg samanlikna med kommunesektoren elles, der fordelinga mellom kvinner og menn er litt jamnare, om lag 75 %. Per 31.12.2023 var to av dei 28 leiarane på einingsleiarnivå menn. På kommunedirektørnivå var fem av seks menn. Kommunen har ein relativt tradisjonell kjønnsfordeling, der det er få menn i barnehagar og fleire innanfor teknisk. Vindafjord kommune legg til grunn at eit mangfald er positivt både for arbeidsmiljøet og andre aspekt, og ønskjer difor ei mindre tradisjonell fordeling her. Kommunen har ikkje gjennomført forskning på dette, men det er nærliggande å tru at ein kommune som Vindafjord, som er ein mellomstor kommune med eit over gjennomsnittet vitalt næringsliv og jordbruk, kan ha eit skarpere skilje mellom mannleg og kvinneleg sysselsetjing enn gjennomsnittskommunen. Altså, at fleirtalet av menn arbeider i næringslivet, medan fleirtalet av kvinner arbeider i kommunen.

Den låge delen menn i Vindafjord kommune gjer det òg utfordrande med ulike lønsstatistikkar då menn er kraftig underrepresenterte. Dei fleste tilsette er omfatta av kapittel 4 i Hovudtariffavtalen, der løna vert sentralt fastsett og i stor grad er basert på tabellar og eventuelle funksjonstillegg, uavhengig av kjønn eller andre faktorar.



Kommunen ønskjer å utvikla heiltidstenkinga for alle tilsette. Det viser seg at det hovudsakleg er kvinner som arbeider i deltidsstillingar. Dette er på mange måtar eit likestillingsarbeid, og ei kulturendring som i stor grad påverkar kvinner. Per 01.12.2022* hadde me ein total heiltidsdel på 46,8 %, noko som har auka frå 27,4 % i 2015. Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 80,8 %, og denne har òg auka dei siste åra, frå 67,2 % i 2015. Me ønskjer primært tilsette i fulle og store stillingar, der det er mogleg.

Likestilling handlar òg om integrering basert på andre faktorar enn kjønn. Menneske med funksjonsnedsettingar, menneske med anna etnisk bakgrunn, menneske med ulik seksuell orientering eller kjønnsidentitet, og menneske med hol i CV-en kan også vera del av dette. Kommunen ønskjer å vera ein arbeidsplass som integrerer og involverer alle våre ulike medarbeidarar, for å redusere risikoen for diskriminering og andre hindre for likestilling.

Vindafjord kommune ønskjer òg eit mangfald i alderssamansetjinga i kommunen. Aldersfordeling per 01.12.2023 fast tilsette:

Alder	Tilsette	Del
0 - 29	98	11,07 %
30 - 39	163	18,42 %
40 - 49	251	28,36 %
50 - 59	241	27,23 %
60 - 69	132	14,92 %

Både Hovudtariffavtalen og Arbeidsmiljølova har retningslinjer for tilrettelegging for seniorar, og kommunen følgjer desse. Vindafjord kommune har seniorfokus i medarbeidarsamtalane, og arrangerer jamleg seniorsamlingar og individuelle pensjonssamtalar for dei som ønskjer det.

I 2020 blei likestillings- og diskrimineringslova endra med tanke på arbeidsgjevars aktivitets- og redegjæringsplikt. Dette er naturleg å inkludera i Vindafjord kommune si arbeidsgjevarstrategi, som skal reviderast i 2024 og har eit eige kapittel om mangfald og inkludering. Arbeidet mot diskriminering er viktig både i rekruttering og intervjuarbeid, i livsfasepolitikk (slik som deltid/heiltid), i korleis me skaper eit inkluderande arbeidsliv med høve til omplassering, reduserte stillingar eller tilrettelegging, i opplæring av leiarar, moglegheiter for avviksmelding og varsling, og handtering av arbeidsmiljøsaker.

Vindafjord kommune gjer bruk av medarbeidarundersøkingar, medarbeidarsamtalar, utviklingsamtalar, leiarutvikling, arbeidsmiljø- og organisasjonsutvikling, og samarbeider tett med vernetenesta, tillitsvalde, avvikssystemet, personalavdelinga, arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet og varslingssystemet for å avdekka eventuell uønska oppførsel på arbeidsplassen, enten det gjeld diskriminering eller andre uønska hendingar.

Vindafjord kommune følgjer lov- og avtaleverket, og oppfordrar til aktiv bruk av avvikssystemet dersom noko skil seg frå dette. Kommunen har òg tiltak for å kombinera jobb- og familieliv, som omsorgspermisjon og redusert arbeidstid. Sistnemnte vert til tider sett på som eit hinder for heiltidsauke i organisasjonen.

**PAI-statistikken for 2023 var ikkje klar på tidspunktet teksten blei skreve.*



Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov, og sikre at erfaringar som er hausta i organisasjonen vert nytta til å gje betre tenester til innbyggjarane.

Internkontroll er:

- Skildring av administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Prosedyrar
- Avvik og risiko for avvik
- Dokumentasjon av internkontrollen
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenestytinga er skildra i prosedyrar i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem. Dersom oppgåvene/tenestytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Slike avviksmeldingar vert sendt elektronisk, til dei er følgt opp og lukka. Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, gjenoppretta normaltilstand og hindre gjentaking. Avvik kan også gje viktige statistiske data over kor organisasjonen har forbetningspotensiale. Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane for å lykkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen. I 2023 har ein tatt i bruk kvalitetssystemet - Compilo.

Avvik

Samla sett vart det innlevert 1203 avvik gjennom avvikssystemet i løpet av 2023. Det er ein god del fleire avvik enn dei to føregåande åra. Avvikssystemet vart brukt i alle sektorar og i dei fleste einingar. Dei fleste avvika er anten i kategorien HMS (41.2%) eller i kategorien Tenesteavvik (48.5%). 854 av avvika er innafor helse/omsorg. 300 er innafor oppvekst. 16 er innafor området samfunnsutvikling. Dei aller fleste einingar/avdelingar har innmeldte avvik, og me ser dermed at systemet vert nytta.

HMS-avvika er jamleg på sakslista til Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Både AMU og Administrasjonsutvalet (ADMU) har hatt avvik for 2023 som sak i inneverande år.

Statlege tilsyn

I 2023 hadde Statsforvalteren i Rogaland tilsyn på grunnopplæring i Vindafjord kommune. Temaet for tilsynet var tidleg innsats 1. til 4. trinn og krava er henta frå opplæringslova § 1-4. Statsforvaltaren undersøkte om kommunen sørgjer for at skulen gir intensiv opplæring til elevar som står i fare for å bli hengande etter. Dette gjeld for elevar på 1.-4. trinn i lesing, skriving eller rekning. Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktige for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak tidleg i opplæringa, kan utfordringa til elevar få utvikle seg og forsterke seg over tid. Derfor er det ein eigen regel for dette. Arbeidet med oppfølging av avvika er retta og tilsynet er avslutta.

I tillegg har Statsforvaltaren gjennomført tilsyn med Etne Vindafjord barnevernsteneste. Statsforvaltaren undersøkte om barnevernstenesta sørgjer for at oppfølging av barn i fosterheim er i samsvar med aktuelle lovkrav slik at barn får trygge levkårsforhold, og nødvendig hjelp og oppfølging. Tilsynet er gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Det var ikkje avdekket nokon lovbrøt under tilsynet.

Hausten 2022 hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilsyn med NAV kontoret i kommunen. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvaltaren fann brøt på sosialtenestelova §§ 18 og 19, jf §§ 4 og 43, forvaltningslova §§ 11 d og 17 og kommunelova § 25-1. I 2023 har NAV Etne Vindafjord retta avvika og lukka tilsynet.



Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet i Vindafjord Kommune handsama 13.09.23 kommunedirektøren si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonen "IKT og Digitalisering". Utvalet bad då om ei ny tilbakemelding frå kommunedirektøren i løpet av våren 24.

Kontrollutvalet i Vindafjord kommune bestilte 15.02.23 ein forvaltningsrevisjon om «Plan- og byggjesak». Formålet med prosjektet er å kartleggje og vurdere korleis Vindafjord kommune sikrar at sakshandsaminga på plan- og byggjesak er i tråd med lovmessige krav. Planen var at denne rapporten skulle leverast innan utløpet av 2023, men arbeidet med denne vart forseinka frå Rogaland Revisjon IKS, slik at denne vart ikkje levert til kontrollutvalet i 2023.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,37 %	4,75 %	6,12 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,66 %	5,47 %	7,13 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,45 %	5,83 %	7,28 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,86 %	4,91 %	6,77 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,47 %	6,22 %	7,68 %

Totalt sjukefråvær for heile kommunen i 2023 var på 7,2 %. Det totale sjukefråvere i personalsystemet Visma og rapporteringssystemet Framsikt er det eit avvik på 0,4%. I denne samanheng er det resultatet i personalsystemet Visma organisasjonen følgjer opp. Ved framtidige årsmeldingar vil dette avviket bli løyst ved at det vil kome på plass ein integrasjon mellom systema.

Vindafjord kommune ligg over sitt mål om å vera på under 6 % sjukefråvær. Det er ofte store variasjonar i sjukefråværet, både når ein ser frå år til år, men også frå kvartal til kvartal. Sjukefråværet varierer i nokolunde faste syklusar, og det ser me også i 2023 med høgare fråvær i 1. og 4. kvartal og lågast fråvær i 3. kvartal. Me ser eit relativt kjent mønster i fråværet, nemleg at det er barnehagane, pleie og omsorg samt reinhald som ligg høgast. Innafor sektor samfunnsutvikling er det reinhald som har høgast fråvær. Innafor oppvekstsektoren er det barnehagane. I helse og omsorg er fråværet stort sett høgast der dei går døgnkontinuerleg turnus, men her er variasjonar. I adm/fellesdrift er det nokre langtidsfråvær i store stillingar innafor støtte/stab som utgjør mykje av fråværet.

Langtidsfråværet i kommunen skuldast i stor grad tilhøve som arbeidsgjevar ikkje kan gjere noko med, som alvorleg sjukdom, planlagde operasjonar og kroniske lidingar. Særleg i mindre einingar, vil langtidsfråværet slå kraftig ut på statistikken. I dei tilfella kor sjukefråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen, vert det jobba systematisk med. Leiarane rapporterer om god dialog og oppfølging med langtidsjukemeldte tilsette. Bedriftshelsetenesta vert aktivt nytta i tilfelle kor det er behov for ekstra bistand i dette oppfølgingsarbeidet. Det må likevel også påpeikast at fleire leiarar rapporterer om at tilsette strekk seg langt for å sikre gode tilbod til kommunen sine innbyggjarar. Eit kontinuerleg fokus på sjukefråvær, både førebygging, tilrettelegging og oppfølging av dei som er borte frå jobb, er viktige for å sikre eit lågast mogleg sjukefråvær.

Det er ønskeleg at arbeidsgivar har godt samarbeid med den tilsette, sjukemeldar og NAV for å finne gode løysingar på tilrettelegging og moglegheiter for graderte sjukemeldingar i staden for full sjukemelding. Eit høgt jobbnærvær har positive effekt på både tenestekvalitet og arbeidsmiljø, og vil alltid vera i både arbeidsgivar og arbeidstakar si interesse, både ved å sikra effektiv drift, økt trivsel på jobb og eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Tabellen viser kvartalsvis oversikt og samla for året dei siste seks åra.



Periode	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1. kvartal	9,50	7,00	7,50	8,30	9,40	8,40
2. kvartal	8,00	5,90	6,10	6,50	5,90	7,30
3. kvartal	6,00	4,20	5,70	5,90	5,00	5,80
4. kvartal	8,00	7,00	8,90	8,50	7,60	9,00
Sum	7,88	6,03	7,05	7,30	6,8	7,20

Fråvær per tenestoområde

Tenestoområde	Fråvær 2023			Fråvær 2022		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Administrasjon og fellesdrift	1,50 %	4,84 %	6,34 %	1,75 %	6,39 %	8,15 %
Oppvekst og kultur	1,16 %	5,37 %	6,53 %	1,73 %	4,38 %	6,11 %
Helse og omsorg	1,82 %	6,93 %	8,75 %	2,18 %	5,25 %	7,42 %
Forvaltning, drift og utvikling	1,18 %	7,35 %	8,53 %	1,08 %	4,94 %	6,02 %
Sum tenestoområde	1,47 %	6,22 %	7,68 %	1,86 %	4,91 %	6,77 %

Etikk

Eit levande og sunt lokaldemokrati byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Innbyggjarane sin tillit til dei folkevalde og offentleg tilsette er ein føresetnad for at lokaldemokratiet skal fungere. I ein kommune med godt omdøme, vil dei folkevalde sitt handlingsrom auka. Dette gjer det mogleg for kommunen å fylle rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmyndighet og arbeidsgjevar. Vindafjord kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av alle kommunen sine innbyggjarar. Dette er eit ansvar som krev høg etisk bevisstheit. Vindafjord kommune har etiske retningslinjer utarbeidd både for folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene vart sist revidert og vedteke av kommunestyret i desember 2023, og er meint som eit tillegg til det lov- og avtaleverk som kommunen styrer si verksemd etter. Oppsummert seier retningslinjene noko om desse temaene:

1. *Lovverk, interne reglar og vedtak skal fylgjast.*
2. *Vindafjord kommune skal leggja vekt på god forvaltningsskikk.*
3. *Sakshandsaminga skal vere open og redeleg.*
4. *Habilitet i sakshandsaminga.*
5. *Lojal framferd ovafor folkevalde.*
6. *Lojal framferd ovafor arbeidsgjevar.*
7. *Plikt til å varsle.*
8. *Vern mot straff for varsling.*
9. *Tillitsvalde og verneomboda sine roller.*
10. *Det skal visast varsemd knytt til økonomiske forhold.*
11. *Lojal framferd mellom tilsette i alle ledd.*

Kva ein gjer som folkevalde og tilsette i Vindafjord, påverkar omdømet til kommunen. Det er difor av betydning at ein har evne til å handtera etiske problemstillingar. Mange står i større eller mindre etiske problemstillingar dagleg. Det har tidlegare vore eigne etikk-prosjekt i kommunen, men det er no i stor grad opp til einingane kva dei gjer i praksis. Det ligg mykje informasjon og verktyø i vårt kvalitetssystem under «Verdigrunnlag og etikk».



Etikk eit integrert tema i arbeidet for mange tilsette og folkevalde. Nokre av einingane har god erfaring med etisk refleksjon. Det blir f.eks. snakka om på personalmøte, i samband med diverse kommunale planar, i etterkant av medarbeidarundersøkingar, i arbeidsgjevarstrategien, heiltidsarbeidet, sjukefråværsprosjekt, bruk av sosiale medier og i drift/arbeidsmetodar.

Etiske spørsmål er nært knytt til både leiar-, medarbeidar- og organisasjonsutvikling. Medarbeidarundersøkinga er eitt tiltak som kan avdekka eventuelle utfordringar innafor etiske spørsmål.

Tillitsvaldsapparatet er også ein del av kvalitetssikringa for ein etisk berekraftig organisasjon. Kommunedirektøren samarbeider mykje med tillitsvalde, blant anna med månadlege kontaktmøte på sentralt nivå og ei rekke drøftingar i løpet av eit år.

Tilsette og folkevalde pliktar å halda dei lovar, forskrifter, reglement og vedtak som gjeld for Vindafjord kommune. Den andre sida av dette er at ein som tilsett og folkevald også har eit ansvar for å ta opp forhold som ein meiner *ikkje* er i samsvar med kommunen sine etiske retningslinjer. Her kan ein for eksempel nytta varslingsystemet, avvikssystemet eller *læringssystemet* som ein også kan kalla det. Vindafjord har i 2023 tatt i bruk nytt avvikssystem.



Investeringar

Vindafjord kommune hadde i 2023 investeringsutgifter på kr 125,728 millionar brutto, mot eit revidert budsjett på kr 193,051 millionar. Ny symjehall og bygdehus var det desidert største enkeltprosjektet med brutto investeringar på 56,2 millionar. Av andre større investeringsprosjekt blei Solbakken med 7 nye tilrettelagde bustadar sluttført tidleg i 2024. Det blei investert høvesvis 13,869 mill. i kloakkanlegg og 15,645 som innan vatn. Dette er sjølvkostområda, der investeringane skal finansierast av abonnentane. Elles bestod investeringsportefølgjen til kommunen av ein rekke mindre prosjekt.

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Investeringar i varige driftsmidar	4	108 535	60 473	189 779	120 096
Tilskot til andre sine investeringar		481	300	-2 826	822
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	1 673	1 900	6 098	4 810
Utlån av eigne midlar	6	0	0	0	0
Avdrag på lån	10	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		110 689	62 673	193 051	125 728
Kompensasjon for meirverdiavgift		-10 655	-6 560	-27 092	-15 984
Tilskot frå andre		-6 457	-6 160	-56 289	-59 906
Sal av varige driftsmiddel		-19 455	0	0	-153
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel		-494	0	344	-494
Bruk av lån		-77 808	-43 053	-95 546	-37 804
Sum investeringsinntekter		-114 870	-55 773	-178 583	-114 341
Vidareutlån	6	13 892	12 000	19 769	19 641
Bruk av lån til vidareutlån	6	-13 892	-12 000	-19 769	-19 641
Avdrag på lån til vidareutlån	6	1 888	2 570	2 570	2 518
Mottatte avdrag på vidareutlån	6	-4 516	-2 570	-2 570	-1 953
Netto utgifter vidareutlån		-2 628	0	0	565
Overføring frå drift		-6 748	-6 900	-11 208	-11 387
Avsetningar til bundne investeringsfond	13	2 628	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	13	0	0	-3 260	-565
Avsetningar til ubunde investeringsfond		12 300	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond		-1 372	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekket beløp		0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		6 809	-6 900	-14 468	-11 952
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		0	0	0	0

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Finans					
Justeringsavtalar		1 255	0	0	2 565



Årsmelding 2023

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Sum Finans		1 255	0	0	2 565
Administrasjon og fellesdrift					
Prosjektleiing/kostkontroll		1 506	2 373	3 159	2 543
IKT-Investeringer		302	625	1 219	1 219
Sum Administrasjon og fellesdrift		1 808	2 998	4 378	3 763
Oppvekst og kultur					
Kultur og læringscenteret Sjøperlo		0	0	2	0
HP Skule og barnehagebygg		863	500	6 679	382
IT-plan skule		1 251	1 375	1 659	1 636
HP Uteanlegg skule og barnehage		1 898	3 700	3 214	1 863
Symjehall og bygdehus		628	7 400	55 478	56 206
Dagsturhytte		965	0	-18	0
Sum Oppvekst og kultur		5 605	12 975	67 014	60 086
Helse og omsorg					
Velferdsteknologi - løysingar		0	1 000	3 940	0
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar		33 278	0	-1 431	1 011
HP Oppgradering omsorgssenter		98	2 000	11 640	2 334
HP Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader		3 021	3 500	8 257	3 822
Sum Helse og omsorg		36 396	6 500	22 406	7 167
Forvaltning, drift og utvikling					
Nerheim - næringstomter		26 076	0	826	1 543
HP Kommunale bygg og uteanlegg		993	5 000	13 878	6 969
Utsifting av lysstoffrør		0	0	200	127
Tilrettelegging ladepunkt elbil		1 331	1 500	2 196	373
Skredvoll Vikedal		0	0	13 500	14
Skjold Brannstasjon		0	500	500	38
HP ENØK- tiltak kommunale bygg og anlegg		0	1 600	0	0
ENØK Utsifting av vindu Ølen skule		0	0	850	941
Enøk - Utsifting av vinduer og dører, ØOS		0	0	750	735
HP Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur		1 549	2 000	2 680	766
Asfaltering Eikesdalsvegen		0	0	700	835
Asfaltering Røyrvegen VEG		0	0	184	0
Barrieremaskin på vaskeriet		0	400	400	0
VEG Asfaltering Knapphus industriområde		0	0	300	277
HP Utbygging kommunale vegar		7 503	0	-202	177
HP Trafikksikring		67	3 500	6 907	317
Trafikksikring Vats skule		0	0	130	48
HP Oppgradering bruer og kaiar		0	1 000	3 797	0
HP Strategisk eigedomskjøp og tomteutvikling		0	5 000	5 000	1 169
Idrettshallstomt Ølen		2 162	0	1 200	1 917
Riving bustadsmodul Dommersnes		0	0	750	736
HP Sal eigedommar		535	0	146	0
HP Sal av transportmidler		0	0	0	17
HP Kloakk		13 729	0	21 465	13 869
HP Vatn		9 527	17 500	19 825	15 645
Sum Forvaltning, drift og utvikling		63 471	38 000	95 981	46 514
Investeringar i varige driftsmidlar		108 535	60 473	189 779	120 096

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Justeringsavtale - Isvik Hageby		32	0	0	0
Justeringsavtale - Kråkedalen		110	0	0	110
Justeringsavtale - Trovåg Nord (2019)		143	0	0	143



	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Felles finansiering		0	0	-3 582	0
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar		196	300	755	569
Tilskot til andre sine investeringar		481	300	-2 826	822

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Egenkapitaltilskot KLP	5	1 673	1 900	3 098	1 810
Kjøp og sal av aksjar og andelar	5	0	0	3 000	3 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		1 673	1 900	6 098	4 810

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Utlån av egne middel		0	0	0	0
Sum del 1-4		110 689	62 673	193 051	125 728

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året			Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
Solbakken - 7 nye tilrettelagde bustadar	-1 431	1 011	Ferdig	Prosjektet er slutført. Innflytting og offisiell opning var blei gjennomført i januar i år. Prosjektet har blitt noko dyrare enn budsjett på grunn av høg prisvekst og ein tel brukartilpassingar som ein ikkje kjente til var naudsynte. Sluttrapport og finansiering av meirforbruket står igjen.
Velferdsteknologi - løysingar	3 940	0	Iht. plan	Vindafjord kommune samarbeider med Karmøy og Etne om eit felles innkjøp knytt til oppgradering av pasientvarsling-system ved sjukeheimane i kommunen. Det er Karmøy kommune som er ansvarlege for gjennomføring av anbudet. Planlegging av oppgradering av pasientvarslingssystemer kan difor begynne hausten 2023. Oppgradering av pasientvarsling systemet er det også mogleg å søkje om støtte frå husbanken til. Prosjektet er no i prosjekteringsfase i samarbeid med valt leverandør
Asfaltering Eikesdalsvegen	700	835	Ferdig	Eikesdalsvegen er ferdig asfaltert.
Asfaltering Røyrvegen VEG	184	0	Ferdig	Røyrvikvegen er asfaltert iht plan.
Barrieremaskin på vaskeriet	400	0	Forsinka	Det har ikkje vore kapasitet til å følgje opp denne saka
Eigenkapitaltilskot KLP	3 098	1 810	Iht. plan	Årleg innbetaling til KLP si pensjonsordning for å oppretthalde selskapet sin bufferkapital og risikoberande evne. Tilskotet vert fastsett etter kommunen sin del av den samla premiereserven. Satsen for 2023 var 0,25 %. Overføringa for 2023 var 1,81 millionar mot budsjett på 1,9 mill. I tillegg ligg det restmidlar på prosjektet frå tidlegare år.
Enøk - Utsifting av vinduer og dører, ØOS	750	735	Ferdig	Prosjektet med å bytta vindu og dører på Ølen omsorgssenter er ferdig.
ENØK Utsifting av vindu Ølen skule	850	941	Iht. plan	Prosjektet er påbegynt og blir ferdigstilt i 2024
Felles finansiering	-3 582	0	Iht. plan	Under felles på tilskot til andre sine investeringar ligg det i revidert budsjett ein negativt beløp på kr 3,582 mill. Dette er tapsføringar frå rekneskapen for 2021 der det ikkje er avgjort inndekning. Mesteparten av beløpet er knytt til eldre krav som var bokført mot Vindafjord Tomteselskap knytt til utbyggingsavtalar.
HP Oppgradering tilrettelagde og kommunale bustader	8 257	3 822	Iht. plan	Midlane er satt av til generell oppgradering av dei kommunale bustadane, oppgradering av kommunale bustadar i Skjoldali og nødvendig ombygging på bufellesskapet i Sandeid. Skjoldali: Prosjektet er ferdig. Garderobe Sandeid bufellesskap: riving er ferdig. Ny inndeling er ferdig. Prosjekt i hht plan. Starta på tilbygg i veke 48. Det må endeleg avklarast oppussing av leilegheiter som ikkje var opprinneleg del av prosjektet. Ølen omsorgsbustadar: Oppgradering av kjøkken, golvbelegg, maling av Rådhusplassen 10A er ferdig. Hauatunet oppgradering bustad: oppgradering av kjøkken, nytt golvbelegg og maling er ferdig.
HP Kloakk	21 465	13 869	Iht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til avløpshandtering. Aktuelle prosjekt er t.d.: Kloakk:Vatn, avløp og overvatn Skjold skule er ferdig. VA – Miljøgate Vikedal er ferdig. Samarbeidsprosjekt med Rogaland fylkeskommune. BraID – overvåkingsprogram for VA er ferdig installert og tatt i bruk. Kjøp av gravemaskin Airmann 2,7 tonn er gjennomført. Rehabilitering av leidningar Sandeid bru er ferdig. Rehabilitering av OV-røyr Litle Nerheim er ferdig. Utsleppsledning sjø Naustvika er ferdig. VA – og kabelanlegg Isvik, arbeidet er i rute. Samarbeid med Fagne og RogFK. Kårhusfeltet spillvatn – fornying av leidningsnett for vatn og kloakk. Arbeidet blir gjennomført av Bjarne Nordtveit, ferdig sommaren -24. Det kjem krav om tillegg til kontrakten. Avløpsnett



Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			Sandeid Samfunnshus, Prosjektet er godt i gang og blir gjennomført av Vats Anlegg. Forseinking i prosjektet på grunn av vinterforhold og diverse avklaringar.VA-anlegg Kyrkjevegen – prosjektet blir gjennomført av AB Andreassen. Det er noko forseinkingar i prosjektet på grunn av mykje fjell i vegen. Det er gitt utsett frist til mai -24Avløpsledning Kårhus bru – Samarbeidsprosjekt med Fagne og RogFK.Nesheim pumpestasjon – arbeidet er prosjektert, og vil starta etter prosjekt i Røyrvika er ferdig.Avløpsledning Alvseike: ganske ferdig med prosjektering, ventar på grunneigaravtalar Rehabilitering av pumpestasjon på Raunes er ikkje startaMiljøgate Sandeid – avløp; prosjektet er avhengig av prioritering og auka budsjett hjå RogFK.
HP Kommunale bygg og uteanlegg	13 878	6 969 Iht. plan	Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og uteanlegg. Aktuelle prosjekt nå er Teknisk bygg i Sandeid. Prosjektet blei gjennomført hausten 2022/våren 2023. Det blei meir tidkrevjande enn først tenkt då det var behov for meir ombygging for å få fleire kontor og møterom. Det blei prioritert brannvarslingsanlegg og solskjerming, men nytt kjøkken blei ikkje prioritert. Kjøle Kyrkjetunet –Arbeidet starta i veke 49 og blei ferdig etter planen i veke 51.Trafikkområde Rådhuset: grunnarbeid, asfaltering og merking av 192 p-plassar er ferdig. Lysanlegg kommunale bygg: har gjennomført vurdering og mottatt priskalkyle. Justert bestilling til løyvd budsjett. Prioriterer skuleområder. Blir gjennomført etter kapasitet.Tillrettelegging lagdepunkt elbil - Alle avtalte ladepunkt er ferdigstilt.Utsifting av lysstoffrør til kommunale bygg – bestilt til nokre objekt, men det er eit stort behov.
HP Oppgradering bruer og kaiar	3 797	0 Forsinka	Midlar sett av til oppgradering av kommunale bruer og kaiar. Det vart i 2020 utført inspeksjon på alle bruer og kaiar i kommunen, som viser at det er behov for store utbetringar framover.Hausten 2022 vart det gjennomført kontroll av 4 bruer som viste teikn til utgliding i fundament.Plan for å prioritere utbetring av bruer er starta men ikkje fullført. Plan for å prioritera utbetring av kaiar er ikkje starta.Det er gjennomført synfaring på deler av kommunen. Plan for tiltak vil bli laga når synfaring er utført.
HP Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur	2 680	766 Iht. plan	Oppgradering kommunale vegar og infrastruktur – midlane blei brukt til asfaltering av Eikesdalsvegen, asfaltering av Røyrvegen, asfaltering av kort grusstrekke (gangveg) i Littlehagen mot idrettsbanen i Ølen, og innkøyringa til næringsområde på Knapphus. Skifte av veglysmatur: Midlane er aktuelle å nytte til veglys på kommunale vegar i Ølen, Bjoa og Vikebygd og ved kommunale bygg. Lyskjelder som har kvikksølvlamper vert skifta til LED ved lampeskift. Her må midlar først over til 2024. Det er henta inn pris frå Haugaland kraft som vi har driftsavtale med. Aktuelle veglys er stort sett ikkje knytt til veglysskap, men er kopla rett til straumnettet.
HP Oppgradering omsorgssenter	11 640	2 334 Iht. plan	Brannvarsling psykiatrisk dagsenter er ferdigNaudlysanlegg ØOS er ferdigDoseringsanlegg for legionella: Blei installert på ØOS i sommar etter vassprøvar med legionellaverdiar. Kostnadane blei først tatt i drift men blir overført til investeringsprosjektet. Det er og montert nytt anlegg på Vindafjordtunet hausten 2023.Ombygging Ølen omsorgssenter er ferdig. Noko forseinka ferdigstillelse pga enøk tiltak med bytte av dører og vindu.
HP Sal av transportmidler	0	17 Ferdig	Inntekter frå sal av bilar tilhøyrande VA. Prosjektet viser omkostningar.
HP Sal eigedommar	146	0 Iht. plan	Det er ikkje seld eigedommar i 2023, men det ligg noko restmidlar frå 2022 på prosjektet.
HP Skule og barnehagebygg	6 679	382 Iht. plan	Midlane her er sett av til nødvendig oppgradering av skule/bhg-bygg. Aktuelle prosjekt erBrannvarsling Vik skule er ferdig.Gymbygg/basseng Ølen – Prosjektering pågår. Anbud er



Investering	Budsjett for året			Kommentar
	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
				klart for utsending og anlegget vil bli montert sommaren 2024.Vats skule (avvik etter miljøretta helsevern): Oppgradering av garderobar og bytte av ytterdører er ferdig.Vikedal skule – det meste av innvendige tiltak er gjennomført.
HP Strategisk eigedomskjøp og tomteutvikling	5 000	1 169	Forsinka	Det er brukt kr 250 000 til å kjøpe grunn for å følge opp vedtak i FS-052/23 og slik få realisert fortau mellom Sandeidsjøen og Saudavegen. Resten er brukt på kjøp av ein leiligheit i Vikedalstunet.
HP Trafikksikring	6 907	317	Iht. plan	Avsette midlar vert nytta til trafikksikringstiltak i hovudsak knytt til strekninga 4 km frå skule og til tiltak som kan fjerne behov for skuleskyss grunna farleg skuleveg mellom heim og busstopp. Midlane vert også nytta som kommunal eigenandel i prosjekt der kommunen får fylkeskommunale trafikksikringsmidlar. For dette arbeidet vert det gjeve tilskot frå fylket på 50 %.Skjoldavikvegen – trafikksikring fortau. Arbeider med grunnlag for å be om utbetaling av TS-midlar. Dette føl økonomi opp, men teknisk bør etterlyse at dette er utført.Vi er tildelt trafikksikringsmidlar frå FTU i 2023 til å etablere veglys langs første del av Apalvikvegen. Tilskotssum er kr 150 000. Kostnad er rekna til kr 300 000. Arbeidet er ikkje starta.Skjoldavikvegen: Planlegging pågår, og nærmar seg ferdig. Vi er tildelt trafikksikringsmidlar frå FTU i 2023 til å lage ny plan. Tilskotssum er kr 150 000. Kostnad er rekna til kr 300 000. Ved å ha revisorgodkjent rekneskap på kr 300 000,- kan vi få tilskot på kr 150.000. Som ein del av tiltaket er skiltplan for avgrensing av store bilar som køyrer gjennom Skjoldavik vedtatt. Det er sendt varsel til dei som bur i område om dette. Skilt blir sett opp ganske snart.
HP Utbygging kommunale vegar	-202	177	Iht. plan	Rammeløyving til utbygging nye kommunale vegar. Ny veg Gartnarhagen ble ferdig i 2022. Midler på hovudprosjekt har eit meirforbruk da Garterhagen har hatt ein større kostnad en budsjettet. Det er satt av 1 mill til Liovegen. Meirforbruket på - 202 000 er differansen mellom meirforbruk på Gartnevegen og budsjettsum på Liovegen.Ny veg i Liofeltet i Vikebygd: her er det ikkje grunn til å tru at det er nok pengar. Det må lagast ny kalkyle, korrigert med prisstiging, supplert med midlar til detaljprosjektering. Det kan vere aktuelt å utføre VA-arbeid i same trace. Det har ikkje vore aktivitet på dette prosjektet i 2023.
HP Uteanlegg skule og barnehage	3 214	1 863	Iht. plan	Midlane skal nyttast til prosjekt knytt til ute-anlegg for skule og/eller barnehage. Aktuelle prosjekt er t.d.Uteområde Sandeid – Ballbinge og leikeapparat m/gummibork er ferdig montert. Gjennomgang av økonomistatus og oppgjer gjenstår. Uteområde Skjold skule - Klatrepymade til mellomtrinn er montert og gummibork er lagt. Gjenstår økonomisk oppgjer.For å spare merverdiavgift i prosjektet er det avtalt av fakturering skal gå gjennom Vindafjord kommune. Dette er og spelemiddelprosjekt som skal dekke deler av finansieringa.
HP Vatn	19 825	15 645	Iht. plan	Midlar nytta til fleire prosjekt knytt til vassforsyning. Aktuelle prosjekt er t.d.:Vatn:Vatn, avløp og overvatn Skjold skule er ferdigVA – Miljøgate Vikedal er ferdig. Samarbeidsprosjekt med Rogaland fylkeskommune er ferdig. VA Stokkastrand – arbeidet med vassleidning er ferdig.VA-anlegg Dommersnes vatn – arbeidet er ferdig.BralD vatn – nytt overvakingsanlegg er installert og tatt i bruk.Kjøpt inn gravemaskin Airman 2,7 tonn.Sanering av vassleidninar i Øvre Vats -prosjektet er ferdig.Kårhusfeltet vatn . Bjarne Nortveit er entreprenør, prosjeketet er i henhold til plan tidsmessig, og skal vera ferdig sommaren 2024. Det kjem krav om tillegg til kontrakten.Hovudvassleidning Solheim – Knapphus, prosjektering pågår. Grunnundersøkelsar gjennomført. Arkeologiske



		Budsjett for året	
Investering	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
			undersøkelsar blir gjennomført våren 24. Utlysing til sommaren 2024. Samarbeidsprosjekt med Fagne.VA-anlegg Kyrkjevegen vatn: Entreprenør AB Andreassen. Noko forseinking i prosjektet på grunn av mykje sprenging og leidningar som ikkje låg i vegtrase. Det er gitt ny ferdigstillesesfrist til mai 2024.Vannledning Kårhus bru. Samarbeid med Rogaland fylkeskommune.Miljøgate Sandeid vatn: samarbeidsprosjekt med Rogaland fylkeskommune, og prosjektet er avhengig av auka budsjett hjå RogFK.Vassleidningsnett Sandeid samfunnshus og G/S Sandeid – Lærdal. Samarbeidsprosjekt med Rog FK. – arbeidet pågår. Noko forseinkingar i prosjektet.
Idrettshallstomt Ølen	1 200	1 917 Iht. plan	Kommunen har kjøpt eigedom i tiknytting til SR-stadion i Ølen for å sikre utviklinga til eigdommen som i første omgang vil gjere det mogleg å få bygd eit nytt idrettsanlegg/idrettshall. Planen opnar for utbygging, men i forkant av ei utbygging er det krav om arkeologisk utgraving av store delar av det automatisk freda kulturminne som ligg innafor same område. Dette blei utført sommaren 2021. I gjeldande reguleringsplan er det utfordringar med tilkomsten til idrettsanlegga i Ølen og omfanget på utbygging til idrettsanlegg og reguleringsplanen er derfor under revisjon. Planen er under handsaming og har vore ute på høyring. Det kom fleire motsegn, blant anna var det behov for omfattande grunnundersøkingar med boring. Det vil derfor ta noko tid å få planen opp til endeleg behandling. Mottok rapport for områdestabilitet den 15.05.2023, vil be om at Statsforvaltaren trekk si motsegn. Status andre tertial 2023:I reguleringsarbeid for Ølen idrettsområde vil dei siste (kjente) kostnaden vera: Ferdigstilling av plan for tilkomst for gang og sykkel ned til Osen. Dette arbeidet vil bli gjort av konsulent (Asplan Viak), det er pågåande nå, med eit budsjett på 210 820,-Arkeologiske registreringar langs gang- og sykkelvegen. Det vil bli gjort av arkeologisk museum og me har fått eit tilbod på 99 000,-Desse fakturaen kjem mot slutten av 2023 og moglegvis starten av 2024. Status ved utgangen av 2023: Plan arbeidet for idrettstomta nærmar seg slutten. Ein eigen plan for gang og sykkeltilkomst frå Osen/Roa kjem til pågå i 2024, dette blei skilt ut av planen slik at det ikkje forsinka eit vedtatt første halvår 2024. Det kan derfor påløpe noko utgifter i 2024 knytt til konsulent bruk for å proskjektere gong og sykkeltilkomsten.
IKT-Investeringer	1 219	1 219 Iht. plan	Rammeløpving sett av til oppgraderingar innan IKT, der det vert gjort løpande vurderingar av korleis midlane best skal brukast. I 2023 er det i tillegg overført om lag kr 390 000 i ubrukte driftsmidlar til å finansiere.
IT-plan skule	1 659	1 636 Ferdig	Vindafjord kommune har vedteke ein ikt-plan med budsjett for Vindafjordskulen. I 2.tertial 2023 fekk ein ekstraløpving på 395 000 kroner for å være digitalt «ajour» på skulane til skulestart i august. Dette kom godt med. Årsaka til at dette behovet meldte seg var at Apple har oppgradert IOS slik at fleire av iPadane i skulen ikkje kan brukast (dei som er 7-8 år gamle), vidare har prisane på dei digitale einingane auka generelt, det er den svake kronekursen som spelar inn og fører til auka kostnader. Elevtalet har auka grunna auke i talet på flyktningar, og då har behovet for IT utstyr auka. PC'ane i ungdomsskulen går på "overtid" som betyr at det var behov for 120 nye PCar. Ein ser at investeringsbudsjettet for dei kommande åra må auka ganske mykje for at skulane skal kunne gjennomføre vedtatt IKT-plan, difor blei det lagt inn tiltak om å auka investeringsbudsjettet for 2024-27, kommunestyret vedtok auka i investeringsmidlane for IKT oppvekst på budsjettmøtet i desember 2023.



Årsmelding 2023

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Justeringsavtalar	0	2 818 Iht. plan	Sum av aktive justeringsavtalar, der kommunen overtek infrastruktur og kan bruke sin justeringsrett til å tilbakeføre meirverdiavgift til kommunen og utbyggjar over 10 år.
Kjøp og sal av aksjar og andelar	3 000	3 000 Ferdig	I 2023 er det investert kr 3 mill. til etablering av selskapet Dommersnes AS for utvikling av industriområdet på Dommersnes i tråd med vedtak i KS-013/23. Selskapet er etablert saman med Westcon AS, som har gått inn med same beløp som kommunen.
Nerheim - næringstomter	826	1 543 Iht. plan	Vindafjord kommune oppretta i 2020 Ølen Næringspark AS, saman med fleire verksemdar frå Vindafjord kommune, der kommunen eig 49 % av selskapet.. Formålet med selskapet var å bygge ut den regulerte næringsparken på Nerheim i Ølen. Selskapet har kjøpt opp området og bygd ut området. Vidare har selskapet delt opp området og sold ut alle tomtene. Kostnadar på prosjektet var her først knytt til oppretting av det privat/offentlege utbyggingsselskap Ølen næringspark AS. Kommunen hadde opphavleg eit tomteareal på ca. 17 mål i næringsparken. I F-098/21 vedtok Formannskapet å kjøpe ytterlegare 34 mål, som betyr at Vindafjord kommune har 50 mål av området med intensjon om vidaresal til Berge Sag. I vedtaket blei det sagt at "Kjøpet blir finansiert av investeringsmidlar sett av til Ølen Næringspark og midlar sett av til strategisk eigedomskjøp." Areal som blei kjøpt og så solgt til næringsparken blei vedteke sett av til ubunde investeringsfond:"Vindafjord kommune sel erverva areal i Ølen næringspark til Ølen Næringspark AS i samsvar med vedlagte salskontrakt, og gjev selskapet salskreditt i samsvar med vedlagte gjeldsbrev. Avdrag vert tilbakeført til ubundne investeringsfond."I investeringsprosjektet strategisk eigedomskjøp var det sett av midlar til kjøp av eigedom på Nerheim så desse prosjekta må sjåast i samanheng. Endeleg oppgjer her i er ikkje ferdig, og det er venta rekningar frå næringsparken på omlag 5 millionar. Restmidlane som trengs til fullfinansiering av prosjekt må disponerast. Dette kan gjerast ved å presisere gjennom vedtak at salsinntekten sett av på fond etter F-098/21 også gjeld avsette midlar etter vedtak F-006/21 eller finne ei anna finansiering. Det er nytta midlar i 2023 til å gjera straum og fiber tilgjengeleg på den kommunale tomte. Dette gjeld spesielt for Statnett som skal leiga deler av område fram til 2027.
Prosjektleiing/kostkontroll	3 159	2 543 Iht. plan	Midlar sett av til å dekke kostnadar for stillingar knytt til prosjektleiing og kostkontroll av investeringsprosjekt. Forbruk samla sett noko under budsjett, då ein prosjektleiar går i redusert stilling. Det er tilsett ny prosjektleiar i 100 % med verknad frå september.
Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar	755	569 Iht. plan	Prosjektet er kommunen sin årlege del av finansieringar for Fellesrådet. Framdrifta avhenger av framdrifta til fellesrådet og midlar blir overført etter medgått oversikt frå Fellesrådet på slutten av året.
Riving bustadsmodul Dommersnes	750	736 Ferdig	Riving av bustadmodul på Dommersnes er ferdig.
Skjold Brannstasjon	500	38 Iht. plan	I november 2023 blei det vedtatt å byggje ny brannstasjon på Nygård i Skjold. Prosjektet har vore jobba med gjennom heile året.
Skredvoll Vikedal	13 500	14 Forsinka	Gjennom sommaren 2023 har det vore skaffa fram ein del meir underlag for eksisterande fangvoll samt køyrt dronekartlegging av voll og deler av overliggande terreng. Ein har også arbeidd med konkurransegrunnlag.
Symjehall og bygdehus	55 478	56 206 Iht. plan	Totalentreprisekontrakt vart signert 20. september 2023. Grunnarbeida starta siste del av oktober 2023. Detaljprosjektering går parallelt med rive- og grunnarbeid. Det



Årsmelding 2023

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Status Kommentar
			har vore noko utfordringar knytt til grunnforhold, men desse blei løyst på ein god måte.
Tilrettelegging ladepunkt elbil	2 196	373	Iht. plan Dei ladestasjonane som var planlagde i 2023 er etablerte. Det var laderar på Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Gnisten, rådhuset, Psykiatrisk dagsenter, Hauatunet, Teknisk bygg Sandeid og Ølen skule er ferdig.
Trafikksikring Vats skule	130	48	Iht. plan Trafikksikringstiltak Vats skule - i forbindelse med stenging av gangveg ved skulen er det nå laga til ny "droppsone" der foreldre kan bruka grusbanen til å setja av barn som skal til skulen. Område er rydda for vegetasjon for siktsone og det er laga rundkjøring og sett opp lys.
Utsifting av lysstoffrør	200	127	Forsinka Det er sett av 200 000,- til utsifting av lysstoffarmaturar. Dette er knytta til forbod av sal av lysstoffrør som tredde i verk frå 01.01.23. Det vil bli starta arbeid med å kartleggja omfanget av behovet, og det vil vera behov for investeringar over fleire år for å få skifta ut desse lysstoffrøra. Det bør veljast lysarmatur som både gir best lyseffekt og mest energisparing.
VEG Asfaltering Knapphus industriområde	300	277	Ferdig Prosjektet er ferdig
Sum andre prosjekt	-16	0	
Sum	193 051	125 728	



Oppfølging av klima


Klimastatistikk

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	Vindafjord
Luftfart	0,0
Oppvarming	1 237,9
Industri, olje og gass	2 608,5
Annen mobil forbrenning	8 218,2
Sjøfart	13 661,2
Avfall og avløp	7 958,8
Veitrafikk	17 679,1
Energiforsyning	0,0
Jordbruk	51 818,4
Sum	103 182,1

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar


	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Oppvarming	1 630,0	1 317,0	2 479,9	1 517,2	1 217,7	1 086,6	1 012,4	1 061,8	1 237,9
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	1 354,7	2 119,3	2 913,5	2 518,1	2 379,6	2 334,2	2 157,6	2 599,9	2 608,5
Sjøfart	17 908,2	17 908,2	29 006,2	18 333,5	20 061,9	16 603,9	29 558,9	31 279,6	13 661,2
Avfall og avløp	13 066,3	11 396,7	10 817,5	9 945,0	9 623,5	10 075,4	9 484,4	8 194,2	7 958,8
Veitrafikk	20 951,2	20 779,3	19 560,9	17 995,7	18 615,1	17 801,9	17 353,1	17 545,0	17 679,1
Annen mobil forbrenning	8 554,9	6 841,7	5 534,0	4 832,6	4 942,0	7 588,2	7 240,0	8 729,2	8 218,2
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	53 890,8	55 357,4	55 075,2	53 536,0	52 753,9	52 651,9	53 081,3	53 611,1	51 818,4



Sum 117 356,1 115 719,6 125 387,0 108 678,0 109 593,8 108 141,9 119 887,8 123 020,9 103 182,1

Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Vindafjord	13,6	13,2	14,3	12,3	12,5	12,4	13,8	14,1	11,8
Rogaland	10,0	9,6	9,5	9,4	9,4	9,4	8,8	8,8	8,3
Landet uten Oslo	8,8	8,5	8,3	8,0	8,0	7,7	7,3	7,2	7,3
Kostragruppe 01	7,7	7,5	7,6	7,3	7,5	7,3	7,1	7,1	7,0
Sum	40,1	38,9	39,7	37,1	37,3	36,7	37,0	37,3	34,4

Klimastatistikken har eit etterslep i tid så siste tilgjengelege tal er frå 2022. Tala viser utsleppet til heile samfunnet og Vindafjord har førebels berre fokus på direkte utslepp.

Utsleppet per innbyggjar var i 2022 høgare i Vindafjord enn både landet, KOSTRA-gruppa og Rogaland. Tala har vore relativt stabile over dei 10 siste åra.

Utsleppet i Vindafjord gjekk opp både i 2020 og 2021, men blei relativt kraftig redusert i 2022 og samla utslepp er det lågaste registrerte dei 10 siste åra. Det store fallet er hovudsakleg forklart med mykje lågare utslepp frå sjøfart. Utsleppet frå sjøfart har variert ein god del, både opp og ned, dei siste 10 åra. Jordbruk er den største enkeltkategorien og utgjorde om lag halvparten av utsleppet i kommunen i 2022. Nest størst i 2022 var vegtrafikken, som hadde ein svak auke frå 2021.

Status klimaoppdrag


Klimatiltak

"-" synast der det ikkje er registrert data



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Bygging av Vindafjordhallen	Etter at Vindafjordhallen (svømmeanlegg og bygdehus) brann ned har det vore ein lang prosess knytt til forsikringsoppgjær. Det er nå sett i gang med prosjektering av gjenoppbygginga og ryggprosjektet skal snart ut på anbud. Dette tiltaket legg opp til at det i anbudet blir stilt krav om gode klimaløysingar i nybygget, både med tanke på miljøvennlege materialval og energiløysingar som varme, solceller etc.	Ferdig	Sak ferdigstilt med sak KS 049-23 og inngåing av kontrakt om totalentreprise
Tilrettelegging for biogassanlegg	Biovind (BIOgassproduksjon i VINDafjord) har i lengre tid arbeidd med etablering av eit større biogassanlegg i Vindafjord. Det blei oppretta kontakt med kommunen tidleg og kommunen har i lengre tid arbeidd med å få på plass reguleringsplan, teknisk plan og utbygging av område som skal nyttast til biogassanlegget. Området er under utbygging nå og om alt går etter planane vil det kunne bli produsert biogass frå anlegget i 2023.	Ferdig	Kommunal tilrettelegging gjennomført gjennom regulering og opparbeiding av Ølen Næringspark.

Tiltaket inneberer at kommunen er ein aktiv pådrivar for at eit biogassanlegg etablerast i regionen, med husdyrgjødsel som ein av innsatsfaktorane. Utsleppsreduksjonen frå tiltaket kjem av at når husdyrgjødsel vert nytta til biogassproduksjon, reduserer ein lagringstid av husdyrgjødsel og dermed utslepp av metan og lystgass. I tillegg reduseras utsleppa fordi det gjennom råtinga takast ut metan som blir omforma til biogent CO₂ når det konverterast til energi. Bioresten etter biogassproduksjon takast tilbake til gardane og blir nytta som gjødsel med omtrent same næringsinnhald som ophaveleg. Dette er illustrert i figuren nedanfor.



Utsleppsreduksjonar i jordbruket, referansesituasjon og biogassproduksjon. Kjelde: Østfoldforskning, 2019

Effektberekninga er svært overordna og berre for å gi eit første estimat. Samla sett er tiltaket berekna til å kunne gi ein utsleppsreducerande effekt på 520 tonn CO₂e frå det året der anlegget er i drift. Utsleppsreduksjonen omfattar både jordbruk og transportsektoren der biogass erstattar fossilt drivstoff. Det er lagt til grunn Biovind sitt behov for 139 000 tonn husdyrgjødsel frå Etne, Tysvær og Vindafjord kommune. Det er vidare lagt til grunn at 50 % av dette blir dekkja av husdyrgjødsel frå Vindafjord kommune, fordi Vindafjord kommune står for 50 % av utsleppa frå gjødselhandtering for dei tre kommunane samla. Endeleg er det lagt til grunn ein standardisert utsleppsfaktor som angir utsleppsreduksjon basert på mengde husdyrgjødsel som input.

Det er førebels ikkje lagt inn eit langsiktig reduksjonsmål då seinare berekningar må på plass når anlegget er etablert.



Ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar

"- " synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Enøk-tiltak	Høge straumprisar gjer det økonomisk naudsynt å sjå på moglege Enøk-tiltak. Like viktig er desse tiltaka for eit lågare og meir berekraftig straumforbruk i åra som kjem. Det vil vere fokus på straumtiltak i dei fleste av våre bygg, barnehagar og skular, helse og omsorgsbygg, administrasjonsbygg og idrettsanlegg. Mange moglege tiltak er allereie kartlagt og kan settast i gang raskt, andre må først kartleggast. Det vil bli installert varmepumper og byta vindauger og dører. Det vil bli skifta lys og få på plass lys-styring i fleire bygg. Det vil blant anna bli bytte av vindauger og dører på Ølen omsorgssenter, sjå på SD-anlegg på psykiatrisk dagsenter og installert varmepumper på Hauane bufellesskap og div. trygdebustader. Lys-styring vil særleg vere aktuelt på teknisk bygg Sandeid, SD-anlegg rådhus og Steinsland. Det vil bli kartlagt mogleg skifte av vindauger på rådhuset Lys-styring vil og vere aktuelt på Ølen idrettsanlegg og Ølen svømmehall.	Ferdig	Enøk midlar er i sin heilskap brukt på utskifting av vindauger/dører på Ølen omsorgssenter og vindauger på Ølen skule. Vi har brukt midlane på større tiltak med god effekt.
Stilling knytt til klima og miljø	<u>Klima</u>Kommunen har ingen eigne ressursar til klimaarbeid. Kommunen må stå for ei viktig del av klimaløysinga for framtida. Dette vil krevje betydeleg omstilling og vil krevje ressursar. Det skal både utarbeidast ein handlingsplan med tiltak for å redusere klimagassutslepp, klimabudsjett skal følgjast opp og utviklast vidare, det skal leverast klimarekneskap og det er avgjerande med eigne ressursar knytt til klima for å kunne følgje opp arbeidet i det daglege. <u>Miljø</u>Med unntak av oppfølging av vassdirektivet har kommunen ingen eigne ressursar til miljø. Kommunen manglar særleg ressursar knytt til kartlegging og sikring av biologisk mangfald, forureining og vidare miljøsertifisering i kommunen som organisasjon og elles i samfunnet. Det er i dag ein stilling i 50 % på landbruk som delvis jobbar med vassdirektivet. Personen som har stillinga pensjonerer seg i haust. Landbruksoppgåva blir lagt over til dei andre på landbruk mens vassdirektivet går inn i ein ny stilling på miljø og klima. Stillinga finansierast gjennom dei 50 % ressurs på eininga i dag, 20 % merkantil ressurs som står vakant og tilført 30 % stilling.	Ferdig	Det vart tilsett person i stiklinga som starta i oktober 23.
Utgreie moglegheit for meir miljøvennleg byggeplass	Tiltaket handlar om å utgreie moglegheiten for å stille krav om meir miljøvennleg byggeplass når kommunen skal bygge opp igjen Vindafjordhallen. Ein stor andel av utsleppa frå sektoren "annen mobil forbrenning" skyldas utslepp fra bygg- og anleggsplassar. For å redusere utsleppa frå denne sektoren handlar det primært om å erstatte bruk av avgiftsfri diesel med biodrivstoff, eller leggje om til elektriske løysningar.		



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	Store kommunale byggeprosjekt bør gradvis stille krav om meir bruk av fossilfrie eller utsleppsfrie energikjelder. Dette vil i praksis bety at entreprenørane som skal jobbe for kommunen på prosjektet må bruke maskinar og køyretøy som går på biodrivstoff, eventuelt maskinar som er elektriske, batteridrevne eller hydrogendrevne. Det bør også brukast strøm eller fjernvarme til byggvarme og tørking, og all transport av maskinar, personell m.m. bør vere uten utslepp. Det vil i første omgang vere aktuelt å stille krav om <i>delvis</i> fossilfri eller meir miljøvennleg byggeplass.		



Status overordna mål og strategiar

Ny kommuneplan for Vindafjord er under arbeid. Samfunnsdelen blei lagt på høyring 19.09.2023 og arealdelen blir lagt på høyring i 2024.

Visjon

Vital og sentral

”Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL” er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som livskraftig distriktskommune på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet SENTRAL femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

Verdiar

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i takt med utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

Kommunestyret vedtok i Budsjettet for 2023 tre hovudmål det skulle jobbast med: effektiv tenesteyting, berekraftig organisasjonsutvikling og framtidsretta samfunnsutvikling.

Effektiv tenesteyting

I løpet av dei neste åra er det viktig å utvikla tenestene med tanke på meir førebygging og meir hjelp til sjølvhjelp. Kommunen skal i større grad leggja til rette for den einskilde sin moglegheit til å klara seg sjølv og i mindre grad «ta over» ansvaret. Dette krev meir satsing på førebygging og tilrettelegging, haldningsendringar hjå dei tilsette og nytt blikk på den einskilde sitt reelle behov. Motivasjon og



arbeidsglede hos den einskilde tilsette er viktig for å få til haldningsendring, vilje og lyst til å ta nye utfordringar i naudsynt tenesteutvikling.

For å få dette til, satsar kommunen på å rekruttera og utvikla leiarar med fokus på desse hovudområda innan arbeidsmiljø:

- leiing og organisering, psykososialt arbeidsmiljø og kultur, fag, fysisk arbeidsmiljø og ergonomi og individuelle tilhøve.

Innsats her vil på sikt føra til naudsynt nedgang i sjukefråvær.

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- *Enkeltmenneska skal i størst mogeleg grad meistra eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal byggja opp om dette*
- *Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar*
- *Tilretteleggja for gode bu- og oppvekstvilkår for born og unge*
- *Vera eit ope og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking*

Status

Vindafjord kommune er ein BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats). Det er etablert ei driftsgruppe for Laget Rundt Barn og Unge (LRBU), som rapporterer til styringsgruppe LRBU. Denne består av kommunalsjefane for oppvekst, helse/omsorg og samfunnsutvikling. Dette er ei vidare satsing som sikrar betre samhandling mellom tenestene som gjev tilbod til barn i kommunen. På nettsida til kommunen er det på framsida laga ein knapp som leier oss direkte til handlingsrettleiaren for BTI og barn og unges helseteneste i Helse Fonna. Det har det siste året blitt sett på møtestrukturen i dette arbeidet, dette for å vera meir effektiv og meir handlingsretta inn mot arbeidet med barn og unge.

Berekraftig organisasjonsutvikling

Vindafjord kommune skal vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon til beste for innbyggjarane. For å få til dette, er det nokre faktorar som må vera på plass internt i organisasjonen. Ein må ha tilsette som har evne og vilje til stadig forbetring, som arbeider saman på tvers av interne skiljelinjer, og som er tilsett i ein godt styrt og økonomisk ryddig organisasjon. Skal ein få dette til, er det viktig å involvera tillitsvalde tidleg i omstillingsprosessar. Leiarane må vera tydelege, ha god leiarkompetanse og ta ansvar for å få til eit godt samarbeid

Kommunestyret vedtok følgjande delmål under dette hovudmålet:

- *Ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar*

Status

I tillegg til endringane som kom som ei følgje av Covid-19 med tanke på digitalisering og nye måtar å arbeida på, har administrasjonen innført fleire ulike verktøy og system som, saman med endra arbeidsprosessar, forenkla kvardagen for dei tilsette. Mellom anna har ein tatt i bruk planmodul og vidareutvikla rapportering gjennom Framsikt og oppdatert sak/arkivsystem i eit samarbeid med 6 andre kommunar på Haugalandet. I 2023 har organisasjonen tatt i bruk eit nytt system for internkontroll og avvikshåndtering, som gjorde dette arbeidet enklare og meir tilgjengeleg for den enkelte tilsette.



Heiltid er eit fokusområde i Vindafjord kommune. Dette famnar om heile organisasjonen, sjølv om det til no har vore mest pleie og omsorg (og barnehagane) som har vore gjenstand for arbeidet. Auka andel heiltidstilsette er eitt av verkemidla for å få til ei berekraftig organisasjonsutvikling. I 2023 vart prosjektet TØRN vidareført innanfor Pleie- og Omsorgssektoren, der både heiltid og oppgåvefordeling er tema.

Arbeidsgjevarstrategi, leiarkriterier, leiarutvikling, endringsleiing og eit godt samarbeid med tillitsvalde er andre verkemiddel for god organisasjonsutvikling. I 2023 var organisasjonen gjenstand for fleire mindre organisasjonsendringar. Les gjerne meir under "Personal og organisasjon".

Framtidsretta samfunnsutvikling

Lokal samfunnsutvikling spanner vidt. Det handlar om kommuneplanen, stadsutvikling, å skapa engasjement og tilhøyre, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulera til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemna noko. Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytta det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisera arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørgja for at alle grupper blir høyrte og representerte. Kommunen må mobilisera til lokale krafttak og utløysa og støtta opp om lokale initiativ. Dette arbeidet må gjerast i nært samarbeid med grendelaga, med frivillige lag og organisasjonar og med næringslivet. Kommunen har tradisjon for dugnadsarbeid, både frå næringslivet, frivillige lag og organisasjonar og enkeltindivid. Den dugnadsanda blir viktig å pleia.

Ny vekst i Vindafjord!

For å få ny vekst innan eit variert næringsliv må kommunen vera på «offensiven» som ein attraktiv kommune å etablera seg i. Vekst i næring og etablering innan så vel handel, tenesteyting, industri og landbruk vil skapa nye arbeidsplassar, auka inntekter og få nye innbyggjarar til kommunen. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å ha ei strategisk satsing på tilrettelegging, utvikling og marknadsføring av ledige næringsareal i heile kommunen. Dette gjelder både kommunale og private næringsareal som er avsett i arealplanen til kommunen. Det skal og vera fokus på samarbeid og ei effektiv førstelinjeteneste for næringslivet som kontaktar kommunen. Det er viktig å vera synleg og vera klar til handling når nytt næringsliv vil etablera seg i kommunen.

Mål: Forvalta naturressursar og menneskeskapte verdiar forsvarleg

Strategi: I arealplanlegginga skal ein sikra at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde

Status

Det er ei viktig oppgåve i planlegginga og forvaltning å ta vare på naturressursane og særskilt verna om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Denne balansen arbeidast det med i kvar sak og plan som er oppe til behandling gjennom året. Denne balansen er særleg viktig i revisjonsarbeidet til kommuneplanen som hadde oppstart i 2020, medverknad i 2021. I 2023 har me arbeidd vidare blant anna med dette tema og ei utfordring som enda står igjen er korleis med beste skal sikre den beste landbruksjorda. Dette blir ein viktig faktor i arealdelen som skal på høyring i 2024.



Mål: Fremja folkehelse og jamna ut sosiale helseskilnader

Strategi: Arbeida heilskapleg og sektorovergripande med folkehelse

Status

Kommunen skal ha «folkehelse i alt me gjer».

Folkehelsearbeidet

Arbeidet med folkehelse i kommunen er organisert gjennom folkehelseforum. Folkehelseforumet er tverrfagleg med representantar frå alle fagområda i kommunen. Forumet utarbeidar og arbeidar etter årlege tiltaksplanar. Det meste av arbeidet foregår i heileorganisasjonen og mest i ordinær drift, men med eit lite årleg tilskot på ca 100 000.

Mål: Ha energi-, og klima- og miljøfokus med i kommunal planlegging og i konkrete tiltak

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.

Status

Kommunen er nå ferdig med bygginga av Solbakken som skal legge til rette for 7 nye omsorgsbustadar. I planlegginga av dette bygget energi- og miljøtiltak blitt vurdert og bygget blir kopla til flisfyringsanlegget i Ølen og får solcellepanel på taket. Ladepunkt for elbil blir planlagt og bygd ved nye kommunale bygg og for nye parkeringsplassar. I 2020 blei me med i det interkommunale prosjektet som arbeidar fram klimavennleg innkjøp.

Vidareutvikling og auka bruk av «digitale møte», ved bruk av Teams har blitt innført i heile organisasjonen og brukast også i utstrakt bruk etter pandemien også. Vidareutviklinga og auken er komen som ein direkte konsekvens av korona-pandemien, men viser at dette kan gje betydelege økonomiske og miljømessige innsparingar.

Også i 2023 har vi eige klimabudsjettet og me har fleire direkte klimabudsjett-tiltak å rapportere på.

Samfunnstryggleik og beredskap

Strategi: Arbeida systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima- og miljø.

Revisjon av "Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vindafjord kommune" blei vedteken våren 2020. Handlingsplanen for samfunnstryggleik og beredskap blei vedteken i november 2020. Etter tilsyn frå statsforvalteren i desember 2020 måtte kommunen revidere både ROS-analysen og handlingsplanen. Begge blei endeleg vedteken til sommaren 2022. I 2023 har det blitt jobba med endrig av den interne organiseringa av beredskapsarbeidet, eit arbeid som vil fortsetje i 2024.

Mål: Årleg befolkningsvekst på 1 %

Strategi: Det er viktig å utvikla og marknadsføre Vindafjord kommune

Attraktivitet og busetnad

Kommunen hadde ein befolkningsauke på omlag 1% i ca 10 år fram til 2015/2016. Den kurva flata så ut og det blei nokre år med reudksjon. Sidan 2020 har folketalet auka igjen og i 2023 var veksten igjen over 1 %. Ved årsskifte til 2024 var det 8 938 innbyggjarar i Vindafjord kommune, som er det høgaste folketalet som er registret nokon gang.



Vindafjord kommune må i alt me gjere tenke korleis me kan vere ein attraktiv stad å bu. I 2023 har ein jobba ein del med kva vi gjere med Vindafjord tomteselskap, som eit viktig verkemiddel for å legge til rette for attraktive tomter. Dette arbeidet fortsett i 2024.

Prosjekt Vakre Vindafjord har vore eit viktig arbeid dei 5 siste åra. Hovudmålet er å få fleire til å busetja seg i kommunen. Det viktigaste prosjektet i 2023 har vore Gode VIBar i Vindafjord. Det er eit underprosjekt til Vakre Vindafjord og har som hovudmål fleire innbyggjarar i dei tre minste bygdene i kommunen, Vikebygd, Imsland og Bjoa. Prosjektet styrast og skal realiserast gjennom bruk av Rogalandsmodellen. Dette er ein modell for nærings- og stadsutvikling som Rogaland fylkeskommune utviklar vidare. Dette skapar stort engasjement og eigar-skap til prosjekta som løftas fram. Prosjekta skal følgjast tett til dei er realiserte og krevjar samarbeid av lokal befolkning, næringsliv, kommune og Fylkeskommune.

Næringsliv og handel

Den største næringsgruppa i Vindafjord kommune er industriverksemd, etterfølgd av helse- og sosialtenester og jordbruk, skogbruk og fiske. Vindafjord er kjent for eit sterkt næringsliv. Vindafjord kommune hamna på 17. plass på [NHOs kommunebarometer](#), opp frå 20. plass året før. Barometeret rangerar kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Det er spesielt på kategoriane næringsliv (14. plass) og arbeidsmarknaden (p. plass) kommunen skårar veldig høgt.

2023 har i alle hovudsak vore eit godt år for næringslivet. Krig i Europa, enorm prisvekst og fleire renteaukar har gjort framtidutsikten meir usikre, men det lokale næringslivet har vist stor omstillingsevne og mange har framleis god framtidstru og mange bedrifter leverer svært gode resultat.

I 2022 vart det og igjen større aktivitet på det kommunale industriområdet på Dommersnes, der Aker Solutions har produsert understella til dei 11 havvindmøllene i prosjektet Hywind Tampen. Forhåpentligvis er dette starten på eit nytt industrieventyr på Dommersnes, og kommunen ønskjer å nytte erfaringane frå denne perioden for å få til ei vidare utvikling av området. I 2023 vart det inngått samarbeid med Westcon knytta til vidare utvikling av industriområdet Dommersnes. Reguleringsprosess for området vart og starta opp.

Kommunen samarbeider tett med næringslivet særleg gjennom tett kontakt med medvind24 og Fikse næringsutvikling. I 2023 har det vore faste fellesmøte mellom administrasjonen i Vindafjord saman med medvind24 og Fikse næringsutvikling. Me har gjennom 2023 vore ute til mange bedrifter i kommunen og er nå fast ute til bedrifter ved våre faste møtepunkt gjennom året. Medvind24 har og ansvar for førstelinjetenesta til Vindafjord kommune. Årsrapport frå medvind24 ligg vedlagt denne rapporten.

Det er viktig at Ølen som kommunesenter og regionalt senter får ei god utvikling når det gjeld aktivitet og handel.

Ein viktig del av tettstadprosjektet i Ølen har vore å få utarbeida ein moglegheitstudie. Denne blei utarbeida og ferdigstilt våren 2021. [Moglegheitstudien](#) viser mange spennande moglegheiter for Ølen framover. Moglegheitene må løftast fram i planar og budsjett og bør realiserast i samarbeid med både næring og andre frivillige lag og organisasjonar. Det har ikkje vore kapasitet til å følgje opp dette arbeidet i 2023.



Oppfølging av vedtak og oppdrag

Status oppdrag for kommunen

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksref.
Avgiftsfinansiert drift, Vatn og Avlaup	Sjølvkostområda vatn og avlaup skal ha ei sjølvkostgrad på 98,5 % i 2023. Abonnementsgebyret for vatn og avlaup blir redusert med høvesvis kr 121 og kr 128 inkl. mva. Rammeområdet forvaltning, drift og utvikling blir tilført kr 500 000 for å kompensere for manglande gebyrinntekter. Inndekning frå frie disposisjonsfond. Kommunedirektøren legg fram ei sak der drift av sjølvkostområdet vert belyst. Ein vil ha informasjon om leidningsnett, rutinar ved lekkasje, bruk av vassmåljar, vedlikehald og rutinar for kundeoppfølging og faktureringsystem og eventuell anna driftsrelatert informasjon. Likeeins ei vurdering av om det er mogeleg med ei satsing for å koble fleire kloakkanlegg inn på det kommunale. Saka skal belysa status for nyleg gjennomførte-, pågåande- og planlagte investeringar. Saka skal også belyse korleis kommunestyret kan få eit betre innsyn i sjølvkostområdet vatn- og avlaup. Dette gjeld både drift og investeringar. I utgangspunktet bør investeringar innafor dette området ha same saksgang og rapportering som andre investeringar. Saka vert lagt fram for DUK og FS våren 2023.	Ferdig	Avslutta med orienteringssak DUK 037/23 og FS 082/23	
Berekraftig kommune	Vindafjord kommune skal vera ein berekraftig kommune som tenkjer sektorovergrepande når det gjeld klima og miljø. Dette er alle i organisasjonen sitt ansvar. Det er forventa at alle tenker klima og miljø, og me ønsker ikkje å oppretta ein eigen stilling til dette. Alt frå innkjøp til saksbehandling må setja berekraft, klima og miljø i fokus.	Ferdig	Dette var eit tiltak som vart vedteke i budsjett for 2022. I samband med budsjett for 2023 vart det lagt fram nytt forslag om at dette området måtte tilførast ressursar for oppfølging, noko som vart vedteke gjennom verbalpunktet "Stilling knytt til klima og miljø". Det punktet vil då erstatte dette punktet som rapporteringspunkt. Samstundes vidareføres den heilskaplege tankegangen på klima og miljø som dette punktet ber om i heile organisasjonen fortløpande.	
Evaluering av IKT-samarbeid	Evaluera IKT-driftssamarbeidet med Etne kommune jf. sak 14/7646 og leggja evalueringa fram som sak for kommunestyret i løpet av 2022.	Ferdig	Avslutta med sak KS 029/23	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksref.
Gebyr SFO	Gebyr for SFO-tenester vert fastsett etter at kommunestyret har vedteke nye vedtekter.	Ferdig	Utført, nye prisar vert å finna i gebyrheftet.	
Handlebussen	Kolumbus/Rogaland Fylkeskommune tok i 2022 over finansiering og drift av Handlebussen i Vindafjord Kommune. Det er på tidspunkt for framlegg av Vindafjord kommune sitt budsjett uklart i kva omfang Handlebussen vil bli finansiert gjennom Rogaland Fylkeskommune for 2023. Kommunestyret ber difor kommunedirektøren kome tilbake med ei sak til kommunestyret når den langsiktige finansieringa av Handlebussen er fastlagt.	Ferdig		
Innsparing oppvekst og kultur	Kommunestyret har i gjeldande økonomiplan vedtatt nedtrapping i budsjett til oppvekst, og kultur, grunna demografisk endring. Kommunedirektøren sitt forslag til nedtrekk med tre årsverk i hjelpestillingar frå og med hausten 2023, vert ikkje gjennomført. Kommunestyret meiner at me treng meir kunnskap om korleis ein kan gjera innsparingar. All ressursbruk innan rammeområde bør vurderast. Me ber derfor kommunedirektøren komme tilbake med ei sak der ein ser nærare på dette, samtidig som ein ser på konsekvensar av ulike tiltak. Vindafjord kommune har eit ferskt vedtak om framtidig barnehage og skulestruktur. Struktur er derfor ikkje ein del av denne bestillinga, utover det som vart vedtatt i den saka.	Ferdig	Avslutta med orienteringssak KS 052/23	
Investeringar barnehage og skule	Dersom det blir ledige ressursar i eigen organisasjon til å starte tidlegare med planlegging av investeringane som er lagt mot slutten av økonomiplanperioden vil ein oppfordre til å framskande investeringane ved neste revisjon av økonomiplan.		Det har ikkje vore ressursar til å gjennomføre kartlegging av alle bygg i barnehage- og skulesektoren i 2023. Det vart vedteke i budsjett for 2024 å setje av midlar til slik gjennomgang.	
Klima- og miljøstilling innan Forvaltning, drift og utvikling (50% miljø og 50% klima)	Arbeid med miljø, her under arbeid med vassområde: Vindafjord kommune er knytt til to vassområde, Haugaland og Sunnhordaland. Det krev ressursar å følgje opp dette arbeidet som går på tvers av ulike sektorar. Kommunestyret meiner det og er behov for å utføre andre miljøretta oppgåver, m.a. motivere til miljøretta tiltak og investeringar. Klima: Kommunen har starta arbeidet med å lage eit klimabudsjett og rekneskap. Målsetjing for reduksjon i utslepp av klimagassar og strategi for å nå desse måla, bør utarbeidast. Kommunestyret meiner at ein klima- og miljø stilling bør involverast i kommuneplanens arbeid omkring dette temaet. Heile organisasjonen skal involverast i praktisk arbeid for å nå berekraftmåla.	Ferdig	Stillinga har vore utlyst, og det er tilsett i stillinga med verknad frå 1. oktober 2023.	
Moglegheitsutvikling	Det vert sett av kr 500.000 i budsjettet til mogelegheitsutvikling. Bakgrunnen for dette er mogleg avvikling av Vindafjord tomteselskap og at ein må tenkja annleis rundt tomtutvikling og sal. Kommunestyret er oppteken av at denne ressursen ikkje «drukner» i eksisterande oppgåver, men tilfører kommunen noko nytt. Kommunestyret ber derfor	Ferdig	Sak om korleis denne ressursen var tenkt brukt vart lagt fram for formannskap og kommunestyret i februar 2023. Stillinga blei utlyst, utan søkjarar. I samband med budsjett for 2024 blei midlane omdisponert midlane til ei stilling knytt overordna planarbeid.	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksref.
	kommunedirektøren koma med ei sak på korleis denne ressursen skal nyttast. Viktige moment: Avviklinga av Vindafjord tomteselskap medfører at ein må tenke nytt. «Lyden» av folkemøta i samanheng med barnehage- og skulebruksplanen, var at ein ønskte ei offensiv utvikling av alle bygdene i kommunen. Kommunen må vera proaktiv i arbeidet med å få fleire innbyggjarar og sikra arbeidsplassar. Når ein har meir kunnskap om kva oppgåver som er tiltenkt, bør ein og vurdere storleiken på denne ressursen.			
Rammeområde helse og omsorg	Ramma til helse og omsorg blir i budsjettet for 2023 auka med 2mill. Samtidig må ein fortsetje arbeidet med effektivisering og innsparing, mellom anna gjennom TØRN. Kostratala visar at vi brukar meir enn mange andre. Målet er å få best mogleg tenester for dei ressursane som er tilgjengeleg. Ein bør nytte tida fram til endringane i demografien slår til med å få ei meir effektiv og rasjonell drift.	Iht. plan	Kostnadsbruken innanfor Helse og Omsorg har eit fortløpande fokus.	
Sak om gjennomføring av innsparingstiltak i oppvekstsektoren	I økonomiplan frå 2022-2025 ligg det inne eit forholdsvis stort nedtrekk i ramma for oppvekstsektoren. I økonomiplanen 2023–2026 er det delvis foreslått løyst. Kommunedirektøren må leggje fram ei sak for kommunestyret som må gjere val om denne reduksjonen framleis skal ligge inne og korleis den bør gjennomførast.	Ferdig	Orienteringssak om innsparing oppvekst blei politisk behandla i september, OPOM, RFEF, ungdomsråd og kommunestyret. Administrasjonen tek dette med vidare i budsjettarbeidet.	
Tørn, saman om framtidens helse og omsorg	I åra framover står kommunal sektor føre store utfordringar med å møte økt etterspurnad etter omsorgstenester gitt tilgjengelege ressursar og kompetanse. Arbeidet er utfordra av ein utprega deltidskultur, ein høg del av tilsette utan formell helsefagleg kompetanse, stadig aukande forventningar frå brukarar og innbyggjarar, endringar i demografi med fleire eldre med samensette og komplekse sjukdomsbilete, og utfordringar i mange kommunar med å rekruttere og behalde helsepersonell. Kommunen deltar i KS sitt læringsnettverk TØRN som adresserer dei problemstillingane som er beskrivne i utfordringsbildet over, gjennom å jobbe med gode arbeidstidsordningar, meir heiltid og kontinuitet, og riktig bruk av den helsefaglege kompetansen som er i kommunane. Kommunestyret ber kommunedirektøren rapportere status og eventuelle effektar av TØRN-arbeidet i tertialrapportane i 2023.		Vindafjord blei i 2022 med i KS sitt læringsnettverk TØRN. Tørn-prosjektet har overordna som mål å gjer forsøk med organisering av oppgåvene i kommune si omsorgsteneste. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom å nytta rett kompetanse til rett tid – med heiltidskultur i botn. Sidan samhandlingsreforma vart innført i 2012 har helse og omsorg i kommunane opplevd å få stadig aukande kompleksitet i behandlinga dei skal tilby og større belastning på tenestene sine. Nye pasientgrupper skulle i stor grad gis behandling innan eksisterande tenester. I tillegg til nye pasientgrupper har den varsla eldrebølga begynt å gjer seg gjeldande. Det betyr at ein og skal handsame fleire av dei «tradisjonelle» brukarane våre innan eksisterande tenester. Dette gjeld sjølvstøtt på same måte i Vindafjord som i resten av landets kommunar, kanskje noko meir då me er ein distriktskommune og me veit at demografi-utfordringane slår ekstra hardt her. Framtidsskrivingar anslår at me i Vindafjord vil ha ein auke på personar over 70 år frå 1 200 stk.	



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksref.
			i 2023 til 1 850 stk. i 2040. I 2017 starta kommune arbeidet sit med å målretta auka heiltidsandelen hjå dei tilsette, gjennom prosjektet Nytt Blikk. Vindafjord kommune har tradisjonelt sett vore ein komme med låg heiltidsandel sett opp mot samanliknbare kommunar, det gjeld og andre kommunale einingar enn helse. Grunnlaget for at ein meiner heiltidskultur er viktig på ein arbeidsplass får ein mykje av svara på via heiltidshjulet. Me veit at med fleire heile stillingar kan ein lettare oppnå ein heiltidskultur. Heiltidskultur har direkte verknad på parameter som påverkar arbeidskvardagen: Kvalitet, effektivitet og arbeidsmiljø. Me veit at til tross for auka oppgåver dei kommande åra kan ein ikkje forvente at dette blir fullt kompensert økonomisk. Me veit og at det allereie er rekrutteringsutfordringar både innan helse og andre tenester – slik kan me heller ikkje vente at det framover vil la seg gjere å forholdsmessig fylle på med helsearbeidarar opp mot auka oppgåver. Utvalde resultat-Det er endra til årsturnus/kalenderplan i alle avdelingar. -Alle avdeling har auka gjennomsnittleg stillingsprosent	

Andre politiske oppdrag

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
Fjerning av bustadmodul på Dommersnes industriområde	Formannskapet i Vindafjord kommune gjev kommunedirektøren mynde til å nytte inntil kr. 750 000 inkl. mva frå ubunde disposisjonsfond til fjerning av bustadmodul på Dommersnes Industriområde.	Ferdig		FS 041/23
Auka godtgjering for veterinærer i veterinærvakttenesta i Vindafjord kommune.	Det blir godkjent å auka godtgjeringa for veterinærvaktordninga i Vindafjord kommune med kr 125 000 pr- år. Dette vert dekkja innanfor vedteken ramme i 2023. Tiltak for sikre finansiering på kr 500 000 over dei neste fire åra vil bli lagt fram i forslag til nytt budsjett og økonomiplan for 2024- 2028.	Ferdig	Godtgjering har blitt auka.	FS 027/23
Avvik i framtidige kvalitetetsmeldingar	Tilleggsvedtal i sak om årsmeldingKommunestyret ber kommunedirektøren om å ta inn avvik i framtidige kvalitetetsmeldingar for barnehage og skule.	Iht. plan	Det vart i OPOM 4. mars gjort ein orientering om kvalitetetsmeldinga i forkant av handsaminga. Det vart då forklart at OPOM hadde ein større gjennomgang knytt til	KS 037/23



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
			avvik, difor ikkje noko utdjupande rundt dette for året 2023 i kvalitetsmeldinga. Det blei innført nytt avviksystem i starten av 2023, opplæring og implementering gjekk føre seg vinteren og litt våren 2023. Avvik vil vidare bli omtala i årsmeldinga.	
Avvikling av Vindafjord Tomteselskap	Formannskapet gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandle fram ein avtale med dei andre eigarane i Vindafjord Tomteselskap AS om avvikling av selskapet. Avtalen om avvikling av selskapet skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning. Kommunedirektøren legg fram sak om framtidig handtering av tomteutvikling i regi av Vindafjord kommune til handsaming i formannskapet og kommunestyret i løpet av første halvår 2023.	Forsinka	I løpet av 2023 vart det gjort nye drøftingar med øvrige eigarar om mogeleg framtid for Vindafjord Tomteselskap. Samtalane pågjekk fortsatt ved utløpet av 2023, med det formål å finne rom for ei fortsett drift av Vindafjord Tomteselskap. Det har difor ikkje vore jobba med avvikling av selskapet i 2023.	FS 080/22
Barnehage- og Skulebruksplan	VedtakKommunestyret merkar seg det store engasjementet som er for skule, barnehage og bygdeutvikling. Eit stort engasjement i bygdane, i samarbeid med kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar er ein føresetnad for vekst og utvikling i Vindafjord kommune. Kommunestyret føreset at ein sikrar kompetanse- og normkrav ved alle einingane1. Kommunestyret vedtek følgjande framtidige struktur for kommunale barnehagar og skular i Vindafjord kommune. Skular med 1. til 10. trinn i Skjold, Ølen og Vikedalb. Oppvekstsenter (skule for 1. til 7. trinn og barnehage) i Sandeid, Vikebygd, Vågen, Bjoa og Imslandc. Oppvekstsenter (skule for 1. til 7. trinn og barnehage) i Vats, eller skule 1. til 7. trinn og ein privat barnehage i Vats jf. pkt. 3 a) og b)d. Kommunal barnehage i Skjold2. Kommunestyret vedtek fylgjande organisatoriske endringar frå skuleåret 2023-24:a. Sandeid skule og Sandeid barnehage vert organisatorisk slått saman til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen får felles leiing.b. Vågen skule og Vågen barnehage vert organisatorisk slått saman til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen får felles leiing.c. Ved framleis kommunal drift av Vats barnehage, vert denne flytta til området ved Vats skule/Vindafjordhallen, og organisert saman med Vats Skule til eit oppvekstsenter, slik at barnehagen og skulen får felles leiing, jf. pkt 3 a) og b).d. Dei andre skulane og barnehagane vert drifta som i dag3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om åa. Gå i dialog med den private barnehagen i Vats for å	Ikkje starta	Det var ikkje tilgjengeleg ressursar til å gjennomføre kartlegging av alle bygg i barnehage- og skulesektoren i 2023. Det vart vedteke i budsjett for 2024 å setje av midlar til slik gjennomgang.	KS 030/22



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
	avklara om ein barnehage i Vats skal driftast av kommunen eller av private. Ved kommunal drift av barnehagen i Vats, skal denne lokalisert til området ved skulen/Vindafjordhallen og organiserast som eit felles oppvekstsenter i Vats. Det bør i framtida berre vera ein barnehage i Vats.b. Vurdera om ein eventuell ny kommunal barnehage i Vats kan byggjast inn i det eksisterande skulebygget, eller om den skal byggjast som eit nytt separat bygg plassert på kommunen si tomt ved skulen/Vindafjordhallen. Dersom nybygg, skal det takast omsyn til andre bygg som kan vera aktuelle i dette området, t.d. ein ny barneskule. Økonomiske og miljømessige omsyn ved rehabilitering og nybygg skal vurderast. Kommunedirektøren legg fram sak om dette for kommunestyret. Leggja Vats Barnehage ut for sal når nytt barnehagebygg (privat eller kommunalt) er på plass. Leggja fram ein plan for oppussing/oppgradering av bygningsmassen som vert nytta til skule- og barnehagedrift, slik at denne møter framtidige behov både når det gjeld arbeidsmiljø, miljøretta helsevern, pedagogisk utvikling og generelle miljøomsyn. Kommunedirektøren skal leggja fram ei sak til kommunestyret med ei prioritering av tiltak. Plan for gjennomføring og midlar til tiltaka blir vurdert årleg i budsjett- og økonomiplanen. Vurdera skulebusrutene saman med Kolumbus, med føremål å optimalisera i forhold til kjøre- og ventetid for elevane. I samråd med einingane leggja til rette for erfarings- og kompetansedeling mellom tilsette, både internt i kommunen og med eksterne. I samråd med einingane leggja til rette for deling av fagressursar innad i kommunen. Kommunedirektøren oppdaterer planframlegget for barnehage- og skulebruksplan i samsvar med pkt. 1.			
Bemanningsnorm på helg/og røde dager i Bufellesskap for personer med funksjonsnedsettelse.	Formannskapet ber kommunedirektøren se på bemanningsnormen på bofellesskap der det er personer med funksjonsnedsettelse. Formannskapet ønsker en orientering om dagens bemanning oppfyller lovkrav til bemanning på bofellesskap i helger og røde kalenderdager.	Iht. plan	Eininga er i kontakt med brukarorganisasjonar og pårørende for å sjå kva ein kan få til innan dei rammene ein har for drift. Vidare er det eit mål å leggja fram ei sak om denne problemstillinga våren 2024.	FS 060/23
Etne og Vindafjord IKT - Plan for vidare arbeid	Kommunestyret ber komm.direktøren koma tilbake til kommunestyret innan årsskiftet 2023/24 med ein plan for vidare arbeid innanfor IKT - området basert på evalueringa.	Forsinka	På grunn av skifte av kommunalsjef i Vindafjord Kommune, og skifte av leiar i Etne og Vindafjord IKT, har det ikkje vore mogeleg å gjere klar ei sak på dette feltet, men det vert jobba med ei sak som skal leggjast fram i løpet av 2024	KS 029/23



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
Feriereiser for personer med funksjonsnedsettelse.	Kommunestyret ber kommunedirektøren komme med forslag til hvordan dette kan løses slik at personer med funksjonsnedsettelse i heldøgnsbemannede boliger i Vindafjord får tilbud om å få reise på ferie med personale, kostnadsfritt for kommunen. Brukerorganisasjoner og tillitsvalgte skal involveres i arbeidet.	Iht. plan	Det vert jobba med ei sak som skal leggjast fram for politisk handsaming vinteren 2024.	KS 017/23
Fjellgardsvatnet	1: Kommunestyret ber om sak der det skal informeres om hvor i prosessen man er i forhold til Fjellgardsvatnet som reservedrikkevavn på Haugalandet. 2: Restriksjoner og båndlegging knytt til Fjellgardsvatnet som framtidig drikkevavn kan ikke tre i kraft før det er gjort politisk vedtak. 3: Byggeaktivitet i området rundt vatnet kan ikke pålegges noen form for restriksjoner eller tilleggskrav før det er gjort politisk vedtak.	Ferdig	Det vart gitt ei orientering om status på prosjektet omkring reservevassløyvingar i Formannskapet 14. mars. Øvrige punkt vil følgjast opp løypande.	KS 058/22
Fond for uteområde Skule	Det vert oppretta eit fond for «Uteområde skule- og barnehage» pålydande kr 1,5 mill. Kommunedirektøren kan disponere fondet til tiltak som gir fysisk aktivitet og trivsel. Kommunedirektøren orienterer DUK løypande om korleis pengane vert disponert	Iht. plan	Fondet er oppretta i tråd med vedtak.	KS 038/23
Forskrift om vass og avløpsgebyr	Behandling Felles forslat til vedtak frå SP, KrF og AP vart lagt fram av Arild Austrheim (Sp): DUK avviser framlagt forskrift om vass- og avløpsgebyr Grunngjeving DUK meiner at forskrifta er for komplisert og vil krevje mykje administrasjon å handheve. Kategorisystemet må forenklast. DUK stiller spørsmål med forskriftas paragraf 3-2 og paragraf 3-3. Det er volum vatn og ikkje faste gebyr, som bør vere den berande inntektskjelda. DUK tek dei innkomne høyringsuttalane til etterretning. §3-2 seier at: «Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje vass- og avløpstenesta sine forventa kapitalkostnader. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet» DUK legg til grunn at det er abonnementsgebyr som er omtalt som den faste delen av årsgebyret. Variabel del er det abonnenten betaler i avgift pr forbrukt m3. Stort vedlikehaldsbehov og nye investeringar vil føre til høg kapitalkostnad. Det medfører at ein uforholdsmessig stor andel av det totale årsgebyret vil vere i form av abonnementsgebyr. §3-3 seier at: Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale	Ferdig	Ny forskrift om vass- og avløpsgebyr i Vindafjord kommune blei vedteke i KS 020/23 og trer formelt i kraft 01.01.24.	DUK 049/21



Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
	abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet. Kommunen opererer her med begrepet vassforsyningskapasitet. Når ein deler nærings- og kombinasjonseigedomane inn i kategoriar, er det derimot historisk vassforbruk som skal definere kva kategorisering den einskilde eigedom skal ha. Ein forutset altså proporsjonalitet mellom forbruk og kapasitet? Det er rett at einskilde grupper (fritidseigedommar og bustader med ein eller få personar) betaler ein for høg del av dei faste kostnadane. Dette bør ein sjå på. Me meiner og at bustadhus må behandlast likt om det ligg på på ei bustadtomt eller på ein kombinasjonseigedom og at ei låsing i 5 år til ein næringskategori, er feil. Det bør vurderast om det er formålsteneleg å lage ny forskrift nå, eller om en bør avvente dette til nytt elektronisk avlesingssystem er installert. Gruppa trekte etterpå forslaget. Nytt felles forslag frå SP.KrF og AP vart lagt fram av Arild Austrheim(Sp): Saka vert utsett, og kommunedirektøren vert bedt om å kome tilbake med ei sak våren 2022. Votering: 6 røysta for forslaget og 1 røysta mot. Representant Opheim (H) røysta mot.			
Forvaltningsrevisjonsrapport - Digitalisering og IKT	Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport om «Digitalisering og IKT» og tek denne til orientering. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar. Kommunedirektøren gir tilbagemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.	Iht. plan	Kommunedirektøren meldte tilbake til Kommunestyret via kontrollutvalet i samsvar med bestillinga frå kommunestyret. Konntrollutvalet bad i møte i desember om oppdatert handlingsplan våren 2024.	KS 007/23
Husleigegrunnlag	Forslag til prisjustert prinsipp for husleigefastsetjing med minimums – og maksimumstakst for Vindafjord kommune blir vedteke slik det føl av vedlegget til saka. Formannskapet er usikre på om buutgiftene etter dette totalt sett vert for høge for bebruarane på Solbakken. Kommunedirektøren blir beden om å evaluere ordningen med dei nye reguleringane etter eit år og leggja fram ei ny sak til formannskapet om dette.	Ikkje starta	Det skal leggjast fram sak om dette etter evaluering eitt år etter endringane som vart gjort i starten på 2023.	FS 032/23
innkjøp av læremiddel i 2023/2024	Det vert løyvd ytterlegare kr 2 mill. til rammområde oppvekst og kultur til	Iht. plan	Alt av midlar vart ikkje brukt opp før nyttår. Ein del av	KS 038/23



Årsmelding 2023

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
	innkjøp av læremiddel i 2023. Kommunedirektøren får fullmakt til å avsette eventuelle ubrukte midlar til disposisjonsfond og bruke desse i 2024. Kommunedirektøren orienterer OPOM løypande om korleis pengane vert disponert		årsaka til dette var at fleire lærebøker ikkje var ferdige. Skulane fekk overført midlane på fond og skal nytte resten våren 2024.	
Klageorgan - Haugaland Brann og Redning	Vedtak i sak KS008/22 Kommunestyret ber Kommunedirektøren om å foreslå, ovanfor Haugaland Brann og redning iks si valnemnd, to representantar til selskapet sitt klageorgan	Forsinka		KS 008/22
Kyrkjegarden i Ølen og reguleringsplan i området	Kommunestyret ber kommunedirektøren opprette dialog mellom Vindafjord kommune og grunneigarane som er innanfor reguleringsplanen for kyrkjegarden (gravplassen) i Ølen med hensikt å kjøpe arealet.	Ikkje starta	Det har så langt ikkje vore ressursar til å gjennomføre dette arbeidet, men det er sett av planleggingsmidler og gjennomføringsmidler til prosjektet i 2024 og 2025, og det vil då bli fulgt opp.	KS 058/22
Leigeavtale for areal til kunstgrasbane i Ølen mellom Vindafjord kommune og Ølen IL	Ølen IL får leiga det omsøkte arealet på eigedom gnr 271 bnr 145 til kunstgrasbane på følgjande vilkår: 1. Det må lagast ein avtale for 30 år på bruk, leige, plikter og kostnadsfordeling. 2. Avtalen gjeld i 30 år og Ølen IL søker om spelemidlar til tiltaket. 3. Ølen IL er ansvarleg for å få godkjent byggesøknad for tiltaket, og det må leggjast særleg vekt på å sikra mjuke trafikkantar i byggeperioden. 4. Ølen IL syter for opparbeiding av veg, vatn, avløp fiber og liknande infrastruktur i eit økonomisk samarbeid som kjem fram av avtale. Vindafjord kommune overtar vedlikehald av vegar med reguleringsformål offentleg veg og avløpsleidningar med indre diameter 150 mm eller større etter opparbeiding	Iht. plan	Dialog med Ølen IL pågår og er i henhold til plan.	DUK - 029/22
Lån til Haugesund Lufthavn Karmøy	Vindafjord kommunestyre løyver eit lån på kr1.472.000 til Karmsund Lufthavn Invest AS (org.nr.: 921 147 228), som gir styret i Karmsund Lufthavn Invest AS eit finansielt handlingsrom til å finne ein forsvarleg modell for finansiering av kapitalbehovet på 20 millionar kroner i Lufthavndrift AS. Lånet til Karmsund Lufthavn Invest AS vert løyvd utan sikkerheit, og låneavtalen skal vere i samsvar med vilkåra i saksframlegget. Vindafjord kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere låneavtalen med Karmsund Lufthavn Invest AS, og andre nødvendige dokument i samband med låneavtalen. Vindafjord kommunestyre løyver lånebeløpet på kr1.472.000 frå kommunens disposisjonsfond. Fondet vert redusert tilsvarande.	Ferdig	Lån er utbetalt i samsvar med vedtak i kommunestyret.	KS-063/22



Årsmelding 2023

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
Mobildekning for samfunnstryggleik og beredskap.	Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om status, utfordringar og framtid for mobildekning. Saka må ta utgangspunkt i samfunnstryggleik og beredskap og vårt vedtak 22.06.21. Andre moment i saka er kontakt med Telenor, Statens vegvesen o.a. Saka må innehalda oversyn over utbyggingsbehov og kostnadsoverslag.	Ikkje starta	Det har ikkje vore kapasitet til å begynne på denne bestillinga, kor omfanget i realiteten er omfattande. Vi tar sikte på å begynne arbeidet iløpet av 2024.	KS 027/23
Ny kommuneplan		Forsinka	Kommuneplanen sin samfunnsdel vart sendt på høyring av kommunestyret 19. september, med frist for høyringsinnspel ut desember 2023. Statsforvaltar og Rogaland Fylkeskommune bad om utsett frist til medio januar. Det er mål å få vedteke samfunnsdelen i løpet av våren/sommaren 2024 og få sendt arealdelen på høyring i same tidsrom.	
Nytt avvikssystem	Kommunedirektøren/kommunalsjef kommer tilbake til kommunestyret med en orientering om nytt avvikssystem og status på implementering og opplæring av ansatte i dette.	Ferdig	Det vart orientert om innføringa av nytt kvalitets-system i Administrasjonsutvalet i septemer 23.	KS 037/23
Oppretting av selskap for utvikling av industriområde på Dommersnes	Kommunestyret gjev kommunedirektøren fullmakt til å forhandle fram avtale med WestCon AS om å opprette eit felles selskap for utvikling av industriområdet på Dommersnes, i samsvar med rammene som er sett i denne saka. Den endelege avtalen vert lagt fram for Formannskapet for godkjenning. Kommunen sitt innskot som aksjekapital i selskapet på inntil 3 millionar kroner vert dekkja av generelt disposisjonsfond. Vindafjord kommune er ansvarleg for å opprette dialog med noverande næringsverksemdar på Dommersnes. Kommunen skal hjelpe verksemdar som treng nytt næringsareal. Vindafjord kommune er ansvarleg for å opprette dialog med noverande næringsverksemdar på Dommersnes. Kommunen skal hjelpe verksemdar som treng nytt næringsareal. Kommunen skal og vektlegge informasjon og dialog med hytteeigarar, naboar og andre berørte.	Ferdig	Selskapet vart oppretta i samsvar med sak KS 013/23 og FS 056/23	KS 013/23
Rapportering av kvalitet og tenestnivå innanfor pleie og omsorg	Vedtatt Kommunestyret tar framlegget til orientering, og vedtar at følgjande rapporteringspunkt/indikatorar vert innarbeid i kommunens tertialrapport. -- Venteliste for langtidsopphold somatisk avdeling. Venteliste for langtidsopphold avdeling for personar med demens. Innvilga langtidsopphold på korttidsavdeling. Gjennomsnittleg liggetid for innlagte pasientar på korttidsavdeling.	Ferdig	Nye rapporteringspunkt vert inkludert frå og med tertialrapport 1 2023.	KS 052/22



Årsmelding 2023

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
	Venteliste kommunal bustad/omsorgsbustad· Utførte vedtaks timar pr. månad i heimetenestene· Utvikling bistandsbehov (IPLOS) differensiert på dei ulike tenesteneInnanfor kvalitet foreslår ein fylgjande indikatorar· Tal på klagesaker og resultat av klagebehandling· Overliggerar på sjukehus, tal på døgn som kommunen betaler for· Tal avvik meldt på tenestekvalitet og hovudinnhald i avvik			
Reglement for politisk handsaming i Vindafjord Kommune	KS 068/21	Ferdig	Nytt reglementet vedteke i sak KS 054/23.	KS 068/21 og KS 086/21
	Kommunestyret set ned eit utval som vurderar den politiske organiseringa og godtgjersle til politikarane etter kommunevalet i 2023, og som vurderar dei politiske reglementa i Vindafjord Kommune Utvalet består av gruppeleiarane eller kommunestyrerepr som gruppa vel sjølv og vert leia av varaordførar. KS 086/21 Kommunestyret vedtek dei reviderte reglementa for kommunestyret og formannskapet i Vindafjord Kommune slik dei ligg ved saka. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide nye reglement for kommunestyre, formannkap og øvrige politiske utval i Vindafjord Kommune i løpet av første halvår 2022.			
Sakshandsaming - tenesteyting	Kommunestyret ber kommunedirektøren om å evaluere tenesteytinga innafør tenesteområdet Areal- og forvaltning og eventuelt sette inn tiltak. Kommunedirektøren orienterer fortløpande til formannskapet. Første orientering i FS 6. juni.	Ferdig	Svart ut med orientering til Formannskapet 06. juni 2023	KS 027/23
Søknad om støtte for å fremja reiseliv og næringsliv i Vindafjord	Vindafjord kommunebidrar med inntil kr 200.000,-for produksjon av programserien «People of the north»der Vindafjord og Etne er med. Bidraget vert dekkja frå	Ferdig	Løyvde midlar utbetalt. Som resultat av dette får mellom anna Vindafjord Kommune ein eigen film som skal nyttast i	FS 053/23



Årsmelding 2023

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksrefer.
	ubunde disposisjonsfond. Bidraget er avhengig av lik støtte i Etne kommune og at prosessen følger som omtalt i saksutgreiinga.		samband med besøket frå kongeparet i mai 2024.	
Vindafjordhallen – gjenoppbygging og vegen vidare	1. Kommunestyret tek mogelegheitsstudien frå HR Prosjekt til orientering 2. Vindafjord kommune startar arbeidet med å prosjektera nye Vindafjordhallen i Vats. Det skal prosjekterast eit bygdahus og eit bassenganlegg, beståande av eit treningsbasseng og eit terapibasseng. Bygdahuset og bassenganlegget kan byggast som separate enheter, men det skal sjåast i samanheng og gjennomførast ei samla prosjektering. Bygget/bygningane skal plasserast mest hensiktsmessig på tomtene gnr. 110/bnr 27, gnr 110/bnr 28 og gnr 110/bnr 31 3. Kommunedirektøren legg fram kostnads kalkyle for nye Vindafjordhallen og driftsbudsjett for bassenganlegget i kommunestyret 4. Det vert utarbeidd ei skisse til mogeleg løysing med eit oppvekstsenter (barnehage og skule med gymsal) på den mest hensiktsmessige plasseringa på tomtene gnr 110/bnr 27, gnr 110/bnr.28 og gnr. 110/bnr.31	Ferdig	Sak ferdigstilt med sak KS 049-23 og inngåing av kontrakt om totalentreprise	KS 056/21
Økonomisk støtte til utviding av tømmerkai for kommunane Vindafjord, Etne, Tysvær, Bogn, Karmøy, Haugesund, Sveio, Stord og Fitjar	VedtakVindafjord kommune gir kr 300 000 i tilskot til bygging og utviding av Utbjoa tømmerkai under føresetnad av at Landbruksdirektoratet gir tilskotsmidlar til bygging og utviding av Utbjoa tømmerkai ved endeleg tilskotssøknad og endeleg søknad om bygging av kaien får positivt vedtak i kommunen.Løyvinga vert dekkja frå generelt disposisjonsfond.	Forsinka	Dei løyvde midlane er enn så lenge ikkje betalt ut, då prosjektet førebels ikkje lar seg gjennomføre, mellom anna på grunn av manglande statleg støtte. Det er lansert nye utlysingsrundar av statleg støtte i 2024, og ein reknar med at prosjektet då vil søkje igjen.	FS 055/22



Oppfølging av planer

PLANBEHOV	Status 2023
Kommuneplanen - samfunnsdelen 2021-2033	Samfunnsdelen blei lagt ut på høyring 19.09.2023. Arbeid med samanfatting og prioritering av innspel og møte med overordna mynde i 2022. Ny framdriftsplan lagt fram 8.november 2022.
Kommuneplanen - Arealdelen 2021-2033	Planprogram vedtatt juni 2021. Stor medverknadsprosess i 2021. Arbeid med samanfatting og prioritering av innspel og møte med overordna mynde i 2022. Arbeid med samfunnsdelen har vore prioritert i 2023 og arealdel blir lagt på høyring i 2024.
Barnehage- og skulebruksplan	Sak vedtatt i juni 2022.
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg	Arbeid med revisjon er starta opp men er blitt kraftig forseinka
Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune	Endeleg vedteken sommaren 2021.
Plan for pedagogikk og strategi for skulane og barnehagane i Vindafjord kommune	Vedtatt vår 2023
Arbeidsgjevastrategi	Oppstart revisjon 2022, men førebels ikkje slutført.

Status for arbeid med temaplanar i 2022

PLANBEHOV	Status 2023
Plan for kommunal beredskap og kriseleiing i Vindafjord kommune	Slutført Vedteken i juni 2021
Ferdigstille trafikksikringsplanen.	Denne er forseinka på grunn av manglande kapasitet
Plan for sysselsetting og integrering	Under arbeid, skal leggjast fram for vedtak våren 2024.
Hovudplan for vassforsyning	Hovudplan var under arbeid i 2023 og vert lagt fram til vedtak i før sommaren 2024
Revidera NMSK-strategi (nærings- og miljøtiltak i skogbruket)	Ny plan vedteken i DUK våren 2023.
Gjennomgang og planprosess for oppheving av gamle planar som er til hinder for utviklinga	Pågåande
OPPGÅVER PÅ OPERATIVT NIVÅ	
Bli trafikksikker kommune.	Godkjent som trafikksikker kommune hausten 2022




Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	8 615	8 747	8 765	8 823	8 813	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844
Fødde	101	109	94	113	107	88	103	80	75	101	91
Døde	72	78	86	69	80	81	81	72	61	71	82
Fødselsoverskot	29	31	8	44	27	7	22	8	14	30	9
Innvandring	171	138	103	80	63	56	56	67	114	109	121
Utvandring	56	79	49	79	47	74	61	27	72	45	64
Innflytting, innanlands	250	219	246	256	228	207	225	242	298	288	300
Utflytting, innanlands	263	291	284	263	306	246	272	300	282	313	270
Netto innvandring og flytting	102	-13	16	-6	-62	-57	-52	-18	58	39	87
Folkevekst	132	18	23	40	-35	-50	-29	-9	70	69	94
Folketalet ved utgangen av kvartalet	8 747	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844	8 938

År



Ved årsskifte var det 8 938 innbyggjar i kommunen, som er det høgaste folketalet kommunen har hatt. I løpet av 2023 auka folketalet i Vindafjord med 94 personar, noko som svarar til ein vekst på om lag 1,06 %. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 9 personar, og ei netto innflytting på 87 personar.



I 2023 blei det født 91 barn. Det er litt under gjennomsnittet for dei ti siste åra på 97 barn. Fødselsoverskotet var på 9 personar, godt under snittet for dei 10 siste føregåande åra på omlag 20 personar.

Det var positivt innflytting til kommunen både innanlands og frå utlandet i 2023. Netto flytta 30 personar inn kommunen innanlands. Snittet dei siste 10 åra er ei utflytting på 30 personar. Talet innalands innflyttarar er med 300 er det høgaste som er registrert dei siste 10 åra og godt over normalen dei siste 10 åra som i snitt har vore om lag 251 personar. Netto innvandring var positiv i 2023, med totalt 57 personar. 121 innvandrarar er det høgaste registrerte talet per år sidan 2014. Ein viktig forklaring her er at kommunen tok i mot 91 flyktningar i fjor. Innvandring er den viktigaste forklaringsfaktoren til at folketalet i kommunen framleis veks, dei siste 10 åra har netto innvandring vore på heile 425 personar. Dette er nesten det doble av samla fødselsoverskot i same periode (229 personar). I same periode er netto flytting innanlands -331 personar.

Ved årsskifte var det 8938 innbyggjar i Vindafjord kommune, som er det høgaste registrerte talet nokonsinne.

Folketalet er avgjerande for kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering av bruken av midlanen. Kommunen har ansvar for mange tenester som er retta mot bestemte aldersgrupper, som mellom anna barnehagar, grunnskule og pleie- og omsorgstenester. Både folketsutviklinga og alderssamansettinga har stor innverknad på rammeoverføringa til kommunen. Rammetilskotet er innretta slik at det tek høgde for at ulike aldersgrupper gir ulik kompensasjon. Dei yngste og eldste i befolkninga har som regel størst bruk av kommunale tenester, slik at utviklinga i desse aldersgruppene (relativt sett til landet) vil påverke både inntektssida og utgiftssida til kommunen.

Utvikling per aldersgruppe


Vindafjord kommune har eit mål om ein årleg befolkningsvekst på 1 %. Dette målet klarte ein akkurat i 2023. Veksten frå 2023 til 2024 på 94 personar svarar til omlag 1,06 %. Sist kommunen nådde måletalet var tilbake i 2013 (2,0 %) og 2014 (1,5 %). Like viktig som ha vekst i folketalet er det kva aldersgrupper som veks. Dei yngste gruppene (0-19 år) har samla blitt redusert med nesten 200 personar dei siste 10 åra. Gruppa 20-66 år har auka med 88 personar, og gruppa med personar over 67 år har auka med 299 personar. Gruppa 67+ år blir stadig større i forhold til det samla folketalet i kommunen og auka med 3,0 % poeng dei siste 10-åra til 17,6 % av det samle folketalet. Forholdstalet mellom personar i arbeidsfør alder (20-66 år) i høve til talet eldre/pensjonistar (67 år+) var ved årsskifte 3 307. I 2014 var talet 4 017 personar.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 - åringar	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94
Barnehage (1-5 år)	579	584	586	570	555	547	520	510	491	476	476
Grunnskule (6-15 år)	1 184	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161	1 179
Vidaregåande (16-19 år)	509	511	498	509	513	493	486	457	429	433	431
Vaksne (20-66 år)	5 101	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141	5 189
Eldre (67-79 år)	778	788	807	851	865	915	936	980	1 014	1 060	1 104
Eldre (80-89 år)	390	378	363	357	362	345	353	345	353	353	352



Eldre (90 år og eldre)	102	107	101	109	104	106	99	103	106	115	113
Total	8 747	8 765	8 788	8 828	8 793	8 743	8 714	8 705	8 775	8 844	8 938


0 - åringar



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 år	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94
Total	104	113	99	112	106	89	98	80	78	105	94

Tal 0-åringar viser både fødselstal og eventuell flytting i denne aldersgruppa. Etter to år med rekordlåge fødselstal, var talet i fjor litt over snittet. Fødselskulla dei siste 10 åra har i snitt vore på rundt 100 barn, med ekstra store kull i 2012 og 2013.

Barnehage (1-5 år)




	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
1 år	118	103	117	103	110	111	93	99	83	83	102
2 år	124	122	104	117	104	109	108	94	97	86	88



3-5 år	337	359	365	350	341	327	319	317	311	307	286
Total	579	584	586	570	555	547	520	510	491	476	476

Barn i barnehagealder hadde ei ganske stor auke frå 508 i 2010 til toppen på 586 i 2016. Frå 2016 har trenden vore nedgåande, og det var 476 barn i denne gruppa ved inngangen til 2024. Talet er uendra frå 2023, men det er nokre fleire 1 åringar og færre 3 til 5-åringar


Grunnskole (6-15 år)



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
6-9 år	433	420	429	450	462	477	467	464	443	440	444
10-12 år	366	329	339	317	324	320	335	342	364	373	374
13-15 år	385	406	379	364	331	332	313	323	329	348	361
Total	1 184	1 155	1 147	1 131	1 117	1 129	1 115	1 129	1 136	1 161	1 179

Barn i skulealder låg på omlag 1 200 for 10 år sida og har sidan då hatt ein svak nedgang nesten kvart år fram til 1115 i 2020. Dei fire iste åra har det vore ei lita auke kvart år. Dei to siste åra er det spesielt i den eldste gruppa (13-15 år) det er ein auke, medan 6-9 år har vore relativt stabil.

Vidaregåande (16-19 år)






	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
16-17 år	244	245	257	264	271	237	223	234	214	210	216
18 år	152	117	125	121	128	130	133	99	121	107	111
19 år	113	149	116	124	114	126	130	124	94	116	104
Total	509	511	498	509	513	493	486	457	429	433	431

Aldersgruppa 16 til 19 år er relativt liten og vil vere sensitiv for utslag for alderskull som avvikar frå normalen. Gruppa har variert mellom 450 og 510 personar, men trenden har vore nedgåande sidan 2018 og spesielt dei tre siste åra. Ved utgangen av 2023 var det 431 personar i denne aldersgruppa som er markant lågare enn normalen dei siste 10 åra.

Vaksne (20-66 år)




	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
20 år	97	114	145	109	116	106	116	123	116	94	112
21 år	130	90	107	139	105	110	103	103	118	116	91
22 år	110	125	85	108	127	102	102	100	101	114	116
23-29 år	768	761	801	759	727	759	740	703	700	676	711
30-34 år	544	566	556	545	555	544	535	560	571	556	544
35-44 år	1 075	1 082	1 080	1 083	1 086	1 064	1 088	1 082	1 099	1 139	1 155
45-49 år	598	571	559	592	580	563	540	544	538	541	552
50-66 år	1 779	1 820	1 854	1 854	1 875	1 871	1 883	1 886	1 925	1 905	1 908
Total	5 101	5 129	5 187	5 189	5 171	5 119	5 107	5 101	5 168	5 141	5 189

Den store aldersgruppa med vaksne frå 20 til 66 år har hatt ein nedgang sidan 2017, men fekk ei auke på 67 personar (1,3 %) frå 2021 til 2022. Sett over litt tid har det vore ei auke på omlag 150 personar dei siste 10 åra. Auken i gruppa 50-66 er i same periode 176 personar.




Eldre (67-79 år)



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
67-69 år	238	234	233	249	262	274	272	301	300	323	312
70-74 år	299	312	323	346	349	380	389	399	408	427	458
75-79 år	241	242	251	256	254	261	275	280	306	310	334
Total	778	788	807	851	865	915	936	980	1 014	1 060	1 104

Aldersgruppa 67 til 79 år er den gruppa med høgast vekst over tid. Her har det vore ei jamn stigning kvart år dei siste ti åra, frå 778 i 2014 til 1104 i 2024. Det svarar til ein vekst på 42 % i perioden.

Eldre (80-89 år)




	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
80-84 år	220	223	203	209	211	196	200	202	210	210	215
85-89 år	170	155	160	148	151	149	153	143	143	143	137
Total	390	378	363	357	362	345	353	345	353	353	352

Aldersgruppa 80 til 89 år hadde ein nedgang på nesten 50 personar frå 2014 til 2019, men har dei siste åra stabilisert seg rundt 350 personar og er omlag uendra det siste året.



Eldre (90 år og eldre)



	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
90-94 år	79	86	84	93	87	83	70	73	77	88	87
95-99 år	19	17	16	14	15	20	27	28	28	26	23
100 år eller eldre	4	4	1	2	2	3	2	2	1	1	3
Total	102	107	101	109	104	106	99	103	106	115	113

Aldersgruppa 90 år er ei relativt lita aldersgruppe som dei siste 10 åra har vore på rundt 100 personar. Det siste åra har alderrsggruppa likevel auka markant til rundt 115 personar. Ved årsskiftet var det 113 personar i aldersgruppa.

Aldersamansetning i Vindafjord samanlikna med Noreg

Samanlikna med landssnittet hadde Vindafjord eit fødselskull (og innflyttarar under 1 år) som utgjorde 1,05 % av den totale befolkninga i kommunen, godt over landssnittet på 0,94 %. Vindafjord kommune har relativt sett noko høgare del av befolkninga både i skule og barnehagealder. I gruppa 20-44 år ligg kommunen betydeleg lågare enn landssnittet, heile 2,74 %. Den raskast vaksande gruppa, 67-79 år, ligg relativt sett litt over landssnittet. For begge dei eldste gruppene ligg Vindafjord noko over landssnittet. Tala viser, alt anna likt, at Vindafjord kommune er ein litt dyrare kommune å drive enn landssnittet då kommunen har relativt sett fleire innbyggjarar i dei aldersgruppene som har flest tenestar frå kommunen.

Aldersgruppe	Vindafjord	Noreg	Differanse
0 år	1,05 %	0,94 %	0,11 %
1-5 år	5,33 %	5,07 %	0,25 %
6-12 år	9,15 %	7,94 %	1,21 %
13-15 år	4,04 %	3,69 %	0,35 %




16-19 år	4,82 %	4,77 %	0,05 %
20-44 år	30,53 %	33,27 %	-2,74 %
45-66 år	27,52 %	27,81 %	-0,29 %
67-79 år	12,35 %	11,87 %	0,48 %
80-89 år	3,94 %	3,80 %	0,14 %
90 år eller eldre	1,26 %	0,82 %	0,44 %

Folketal i grendene

Det samla folketalet i dei ulike grendene visar at folketalet i Ølen er størst, medan Imsland er minst. I løpet av 2023 har det vore relativt små endringar i folketalet i grendene. Størst vekst har det vore i Ølen med 52 personar (2,87 %). Ser ein på utviklinga dei siste 5 åra er det sterkast vekst i Skjold med 5,73 % (88 personar), Vikedal med 4,74 % (39 personar) og Sandeid 4,44 % (48 personar). Nedgangen er størst Bjoa med -5,39 % (-24 personar) og Imsland med -3,13 % (-10) personar. Ser ein over dei 10 siste åra er veksten desidert størst i Skjold med 13,78 % (195 personar) og Ølen 9,44 % (160 personar), og nedgangen størst i Bjoa med -15,48 % (78 personar) og Vats -6,02 % (77 personar). Dei andre grendene ligg relativt stabile på mellom 2,41 % og -1,6 %.

Folketalet i grendene, 2019 til 2024





Kommunen sine rammeområde

Finans

Omtale av rammeområde

Finans gjeld alle felles inntekter og utgifter, og er berre eit teknisk rammeområde for bruk i rekneskapen. Her vert alle felles inntekter som skal finansiere kommunen si drift ført, t.d. skatt og rammetilskot og eigedomsskatt. I tillegg blir det ført renteinntekter, utbytte, renteutgifter og avdrag.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2022	2023	2023	
Sum	-9 011	-14 911	1 472	16 383

Kommentar til status økonomi


Rammeområde viser føringane som ikkje kjem inn under fellespostane i løyvingsoversiktene, altså generelle driftsinntekter, avskrivningar, netto finans og disponeringar.

Revidert budsjett for rammeområde viser utgifter på 1,472 mill. som svarar til utlån til Karmsund Lufthavn Invest AS. Andre føringar:


- Kr 31 mill. i premieavvik (delen som ikkje ført ut til rammeområda) og kr 14,290 i årets amortiserte premieavvik.
- Kr 356 495 som gjeld dekking av finansutgifter til Nagel-Fondet etter avtale.
- kr 22 528 tap på eigedomsskatt.
- Kr 81 052 kr i gebyr som gjeld kommunen sine innlån.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)





Administrasjon og fellesdrift

Omtale av rammeområde

I rammeområde administrasjon og fellesdrift inngår ansvarsområda Kommunedirektøren, Politisk, Økonomiavdeling, Personalavdeling, IKT og Service og fellestenester. Det betyr at dette området i organisasjonen har ansvar for blant anna folkevalde og kontrollutval, val, kommuneleiing, overordna økonomisk planlegging og budsjettering, rekneskap, finans, innkjøp, løn, HMS, tariff, arbeidsmiljø, lærlingar, tillitsvalde/drøftingar, arkiv, servicetorg, heimesider med meir. IKT er også ein del av dette rammeområdet, men har sidan 2015 vore ei felles IKT-eining for Etne og Vindafjord, med Etne som vertskommune.

Utvalde resultat

Politisk styring

Utval	Møte	Saker
Kommunestyret	8	89
Formannskapet	10	111
Administrasjonutvalet	3	14
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK)	6	49
utval for oppvekst og omsorg (OPOM)	6	41
Kontrollutvalet	5	20

Råd	Møte	Saker
Integreringsrådet	3	16
Ungdomsrådet	4	18
Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing	5	26

Fleire av utvala har egne årsmeldingar:

- [Integreringsrådet si årsmelding 2023](#)
- [Ungdomsrådet si årsmelding for 2023](#)
- [Kontrollutvalet si årsmelding 2023](#)
- [Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetjing si årsmelding for 2023](#)

Digitalisering



Det vart hausten 2023 utført ei mindre oppgradering i arkivsystemet WebSak. I tillegg blei det innstallert ei ny løysing (Innsyn?) for innsyn i desember 2023. Denne løysinga lettar kontrollarbeidet til arkivet, i tillegg til at innbyggjarane får ein betre søkefunksjon i postlistene. Løysinga blei tatt i bruk i januar 2024.

Administrasjonen har gjennom året deltatt på kompetanseløft digital transformasjon i regi av Digi Rogaland. Formålet med dette har mellom anna vore:

- etablere eit felles rammeverk, verktøy og begrepsapparat til bruk i eigen leiargruppe og på tvers av kommunane som har deltatt
- verktøy/drahjelp til digital transformasjon internt og i nettverk med andre kommunar
- tid til refleksjon rundt dei ulike moglegheitane og utfordringane knytt til digitalisering og digital transformasjon
- auka bevisstheit om kva nettverk/digital økosystem kommunen er med i og kva ein bør kople seg på

Viktige hendingar

Det vart gjennomført kommune- og fylkestingsval i 2023. Valet blei gjennomført utan feil.

I kommunen var det på valdagen mogeleg å røyste i alle 9 skulekrinsane i kommunen. Det blei gjennomført førehandsrøysting i Ølen (Rådhuset), Skjold og Vikedal laurdag 02.09 kl 11.00-14.00. Det var ope for førehandsrøysting på Rådhuset tysdag 05.09 og torsdag 07.09 frå kl 15.30-20.00. Det blei i tillegg gjennomført førehandsrøysting på institusjonane, dei vidaregåande skulane og i fengselet og ambulerande røysting for dei som ikkje kunne kome seg til røystelokalet.

Under kommunevalet 2023 var det 6775 stemme berettiga i Vindafjord kommune. Valdeltakinga var på 64,5 prosent og det var 4 332 opptalde stemmesetlar 30,2% førehandsrøysta og utgjorde 1307 førehandsrøyster.

Krins	Valdeltaking i %	Tal valstemmar
Bjoa	67,5	156
Imslund	66,9	134
Sandeid	61,8	403
Skjold	66,6	636
Vats	66,5	418
Vikebygd	72	227
Vikedal	68	324
Vågen	64	261
Ølen	58,6	466

Status økonomi



Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2022	2023	2023	
1005-Politisk	4 885	6 137	6 313	176
1009-Kommunedirektør	6 568	6 661	6 281	-380
1010-Økonomi	13 594	14 311	14 552	241
1020-Lønn og personal	9 455	9 078	10 780	1 702
1030-IKT avdeling	7 346	7 087	7 915	828
1040-Kommunikasjon og service	8 688	10 104	10 438	334
1095-Felles Administrasjon og fellesdrift	-47	-720	-957	-237
Sum	50 488	52 658	55 323	2 664


Kommentar til status økonomi

Rammeområdet administrasjon og fellesdrift hadde eit mindreforbruk mot budsjett på 2,664 millionar i 2023.

- Politisk hadde eit lite mindreforbruk. Ein del av utgiftene til val er ført på anna ansvarsområde, og noko av utgiftene kom i 2022.
- Meirforbruket for kommunedirektøren skuldast ein kombinasjon av høge utgifter i samband med rekruttering av to kommunalsjefar, innkjøp av nytt utstyr og kurs og opplæring.
- Økonomiavdelinga har mindreforbruk på grunn av lågare utgifter til forvaltningsrevisjon og noko vakanse/sjukefråvær gjennom året.
- Lønn og personal har eit stort mindreforbruk der mesteparten (1,2 mill.) skuldast midlar til lærlingar er budsjettet på ansvarsområdet. Når det er førre lærlingar enn budsjettet blir det eit stort mindreforbruk. I tillegg er det mindreforbruk pga vakanse og at det ligg ein del andre fellespostar som har hatt lågare forbruk enn normalt, mellom anna heider og gåver.
- IKT-avdelinga har eit stort mindreforbruk som hovudsakleg skuldast lågare avrekning frå Etne kommune for vertskommunesamarbeidet for 2023. Dette skuldast både vakante stillingar og innkjøp som har blitt utsett.
- Kommunikasjons og service har eit mindreforbruk, der omlag halvparten skuldast mindreforbruk på fleire drifts-postar og den andre halvdelen lågare utgifter til sjenkekontroll.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)





Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2022	Vindafjord 2023	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) **)	6 000	6 143	6 541	6 601	6 986
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) **)	385	483	491	507	626
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) **)	133	121	87	142	185
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) **)	4 581	4 654	4 981	4 904	5 224
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) **)	656	672	724	717	794
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	0,9 %	0,8 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %
Dekningsgrad					
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)	77,2 %	75,8 %	63,7 %	65,7 %	73,7 %



**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak**Ramme år Status Beskriving**
1**Nye tiltak**

Innspeil frå Vindafjord kyrkjelege fellesråd - auka driftsbudsjett	200	Ferdig Justering av driftsramme utan nærare oppfølging.
--	-----	---

Sum	200	
------------	------------	--

Politisk vedtak

Auke budsjett kontroll og tilsyn - framlegg frå Kontrollutvalet	92	Ferdig Justering av driftsramme utan nærare oppfølging.
---	----	---

Sum	92	
------------	-----------	--

Sum tiltak**292**

Sjukefråvær

Fråvær**Korttid****Langtid****Samla fråvær**

Årleg sjukefråvær 2019	1,48 %	8,37 %	9,85 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,18 %	6,73 %	7,90 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,13 %	8,42 %	9,55 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,75 %	6,39 %	8,15 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,50 %	4,84 %	6,34 %



Oppvekst og kultur

Omtale av rammeområde

Barnehage

Tenesta omfattar Skjold, Sandeid, Vats og Vågen barnehage, og oppvekstsentera Bjoa-, Vikebygd- og Imsland. I tillegg er det tre private barnehagar i kommunen, Ølensjøen FUS barnehage, Vikedal FUS barnehage og Nausthaugen barnehage. Frå hausten 2023 blei Sandeid skule og barnehage og Vågen skule og barnehage slått saman til oppvekstsentre, jamfør politisk vedtak sommaren 2022.

Dei kommunale barnehagane varierer i storleik, frå 9 barn i barnehagen i Imsland til 114 barn i Skjold barnehage. Det er også stor variasjon knytt til funksjonalitet i kvardagen, og utbetningsbehov ved einingane. Det er med unntak av Skjold barnehage redusert tal på barn i dei kommunale barnehagane, med ei endring frå 321 barn i 2015 til 269 i 2023.

Det er omlag 80 årsverk, med litt over 100 tilsette, i kommunale barnehagar, inkludert leiarstillingar, assistentar/fagarbeidarar og barnehagelærarar. Kommunen fyller pedagognorma og det har ikkje vore naudsynt å gi dispensasjon til private barnehagar.

Skule

I Vindafjord er det totalt ni skular, tre kombinerte 1.-10.kl, tre 1.-7.kl og tre oppvekstsenter (barnehage og skule). Frå hausten gjekk me over til fem oppvekstsenter, då Sandeid og Vågen slo saman barnehage og skule, dette etter politisk vedtak. Altså tre 1.-10. skular, ein 1.-7. skule og fem oppvekstsenter.

2023 var det 154 årsverk i skulen, av desse er det 122 lærarar og 32 hjelpepersonell (SFO og skule). I tillegg er det 11,80 årsverk til administrasjon og leiing (rektor og inspektør), merkantilressursen utgjør totalt 2,0 stillingar utanom.

SFO

Det har vore tilbod om SFO ved alle ni skulane våre i 2023 med sju alternative val. Sommaren 2023 var det ferie SFO i Ølen og på Skjold. Kvalitetsplan for SFO er utarbeidd for å sikra meir kvalitet i SFO framover. I 2022 vart ny overordna plan for det psykososiale miljøet for barnehage, skule og SFO utarbeidd. Dette er ein veldig viktig plan både for brukarar og tilsette. Det var 16,64 årsverk i SFO i 2023. Etter at 1. - og 2. klasse fekk gratis kjernetid i SFO har kommunen opplevd ei nokså stor auke i søknadar til SFO. Dette var for så vidt forventa. Det som kan vera ei utfordringa med dette er at, sidan det nesten er gratis, at føresette har søkt og fått plass, uavhengig av behov, som til tider gjer at dei ikkje nyttar tilbodet og som fører til overbemanning og dårleg ressursbruk.

PPT

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehage - og opplæringslova. PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpa barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det.

Det er 7,1 årsverk knytt til tenesta, der 0,5 årsverk er knytt til utøvande logoped. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellestenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Pr. 31.12.2023 hadde PP-tenesta 328 aktive personsaker knytt til Etne og Vindafjord kommune.



Kultur og læring

Eininga dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Hovududområda er kultur og idrett, kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek og frivilligsentral. Eininga er nå særst godt etablert i kultur- og læringsenteret. Sjølv med så forskjellige driftsformer på dei ulike fagfelta, er ein nå ganske samkøyrde i drifta av senteret. Det er etablert godt samarbeid og gode samarbeidsrelasjonar på fleire ulike arenaer, samt at ein har god respekt for kvarandre si daglege drift. Alle må ha og har eit godt eigarskap både til drifta på senteret og samarbeidet då dette står veldig sentralt i drifta av heilskapen.

Utvalde resultat

Barnehage

442 barn totalt, av dei går 272 barn i kommunale barnehagar og 170 i private barnehagar.

Spesialpedagogisk hjelp på 5,14% dekkjer alle barn i førskulealder.

Barnehagane fyller pedagognorm, både i kommunale og private barnehagar. Det er ein barnehage som har fått dispensasjon frå norm om pedagogisk bemanning.

Når det gjeld læringsresultat i barnehage nyttar ein TRAS og foreldreundersøkinga. For 2022 viser foreldreundersøkinga at ein ligg rundt snittet i landet (denne undersøkinga tek kommunen annakvart år). Det er totalt sett gode tilbakemeldingar knytt til drift og utvikling. Kvar eining jobbar godt med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling.

Barnehagane jobbar godt i tråd med kravet i barnehagelova.

Grunnskulen

1166 elevar totalt, skulane våre fyller lærarnorma. Vindafjordskulen har høgare lærartettleik enn snitt for fylke og land for 1.-7. trinn. På ungdomsskulane har Vindafjord i snitt fleire elevar per lærar enn det resten av fylket og landet har. Vindafjord ar 17,75, Rogaland har 17,79 og landet har 17,96.

Totalt får 8,3 % av elevmassen spesialundervisning.

Når det gjeld læringsresultat er det same trend som tidlegare, med låge resultat tidleg i skuleløpet og god utvikling når ein blir eldre.

Det er svært positive tal i høve til overgang til vidaregåande skule, som sist skuleår kjem ein ut med 99 prosent.

Når det gjeld læringsmiljø så jobbar godt i tråd med kravet i opplæringslova, elevundersøkinga viser det er enkelte miljø som er utfordrande. Det er blitt jobba godt med fleire konkrete saker. Dette har gitt gode resultat.

I første termin i 2023 var det 25 aktivitetsplanar i samband med det psykososiale miljøet i skule.

Les meir i [kvalitetsmeldinga for barnehage og skule 2023](#).

PPT



	2022	2023
Barn med spesial-pedagogisk hjelp § 31 Landssnitt	3,4 %	3,6 %
Barn med spesial-pedagogisk hjelp § 31 Vindafjord	4,1 %	3,7 %
Elevar med spesialundervisning § 5.1 Landssnitt	8,0 %	8,0 5%
Elevar med spesialundervisning § 5.1 Vindafjord	8,7 %	8,30 %

Kultur og idrett

Det utvida omgrepet kultur dekkjer over eit sær s breitt område og oppgåvene varierar gjennom eit årshjul. Kultur og idrett omfattar med anna arbeid kring aktivitet for barn og unge, idrett, friluftsliv, kunst- og kulturformidling, kulturminneforvaltning og museum. I tillegg har ein Den kulturelle spaserstokken (DKSp), folkehelsearbeid og diverse rådgeving og sakshandsamingsoppgåver knytt til spelemiddel og tilskot til lag og foreiningar.

Det velkjente konseptet «Ut på tur i Vindafjord» blir drifta i samarbeid med frivillige i bygdene. År etter år visar det seg å vere eit populært tiltak med mange deltakarar og engasjerte turgåarar. I følge TellTur sine målingar, har det blitt registrert over 4000 turar til dei 15 ulike turmåla i «Ut på tur i Vindafjord» for 2023. Desse turane er gått av 821 ulike turgåarar.

Ung kultur møtes (UKM) vart arrangert i februar på Ølen kulturhus på Sjøperlo, dette i samarbeid med Etne. UKM er eit populært arrangement for barn og ungdom, der ein får moglegheita til å visa fram sine talantar både på scene og i utstilling. I år vart det ein deltakar frå Skjold som kom vidare frå lokalmønstringa i Ølen til fylkesmønstringa i Stavanger og heilt til UKM landsfestivalen i Trondheim.

Ung Tysdag, etablert av kulturavdelinga og i samarbeid med Vindafjord Frivilligsentral, har blitt ein populær møteplass for mange barn og ungdomar frå 7.kl til 1VGS. Det kjem i snitt 30 ungdomar kvar veke til denne møteplassen.

Kultur- og læringssenteret har blitt ein populær møteplass for alle aldrar. I eit godt samarbeid med frivillige skjer det ulike aktivitetar og arrangement i vekedagane for alle aldersgrupper.

Biblioteket

Biblioteket er ein aktiv, uavhengig møteplass, der innbyggjarane får tilgang til kunnskap, informasjon, kultur, opplevingar, offentleg samtale og debatt på tvers av kulturell, religiøs og økonomisk bakgrunn. Tilbod til barn og unge har eit særleg fokus. Bibliotek er eit meirope bibliotek, noko som gjer at lånarar etter særskilt avtale kan bruke biblioteket 07-22 alle dagar. Ein ser at elevar og studentar er hyppige brukarar av denne tenesta.

I 2023 var det 37.427 besøkande, noko som gjev ei auke på 57% frå 2022. Talet på førstegangsutlån har auka med 4,2% om ein samanliknar med 2022. Det har vore avvikla ulike formar for arrangement. Arrangementa har famna vidt, frå musikkbad, slektskafé og sjakkturneringar til seniorgaming, høgtlesing, føredrag, språktreff og litterære pusterom. Totalt har det vore 3305 deltakarar på denne typen arrangement.



Biblioteket har, i samarbeid med Oppvekst, hatt ansvar for prosjekt «Skulebibliotekaren - ei viktig rolle i ein framtidsretta Vindafjordsskule». Prosjektet har ei tidsramme på skuleåret 23/24. Evaluering så langt synar at skulane er nøgde med prosjektet.

Biblioteket skal vere ein aktør for sosial utjamning, og biblioteket er med på eit samarbeid for utlån til utstyr til bruk i aktivitetsparken. Ein opplev at stadig fleire gjer bruk av tilbodet.

Biblioteket omprioriterte ressursar sommaren 2023 slik at det blei gitt eit godt og variert tilbod, særleg til barn og unge. Ein såg ei kraftig auke i besøk målt mot tidlegare - både av barn og vaksne. Dei besøkande opphaldt seg lenge i lokala.

Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv biblioteket bibliotekteneste i Sandeid fengsel to dagar i veka. I tillegg til utlån av bøker, blir det drive med lesestimulerande tiltak og arrangement. Det har blant anna blitt avvikla sjakkturneringar, LEGO -kveld og konsert. Utlån og besøkstala er også her aukande. Biblioteket bytta lokalitet våren 2023 og ligg no nærmare bueiningane.

Kulturskule

Kulturskulen har i 2023 markert 50-års jubileum. Jubileet vart markert med konsertar, utstillingar og aktivitetar. Hausten 2023 blei jubileumsboka til kulturskulen gitt ut. Boka gir eit historisk tilbakeblikk på drifta og utviklinga av kulturskulen som opplæringsinstitusjon.

Kulturskulen har åra etter pandemien hatt noko fallande elevtal. Trenden har heldt fram i 2023. Svingingar særleg innan større gruppetilbod har gjort innslag i statistikken.

Fordjupingstilbod er eit tilbod til dei elevar som ønskjer å satsa litt ekstra. I 2023 består fordjupingstilbodet i utvida undervisningstid til elevar som har behov for dette. Eit eksempel er elevar som spelar lengre/avanserte musikkstykke, og kor ordinær speletime blir utilstrekkeleg.

Hausten 2023 vart visuelle kunstoffag i kulturskulen med i «Kunst+». Eit interkommunalt fordjupingsprosjekt støtta av stimuleringsmilder frå «Inkluderande kulturskular 2.0». «Kunst+» er et samarbeid mellom kulturskulane i Karmøy, Tysvær, Vindafjord og Haugesund.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa fekk ei veldig stor auke i deltakarar frå juni 2022 og busettinga har halde fram i 2023. Ukrainske flyktningar fekk rett til norskopplæring - kollektiv beskyttelse. Total deltakarar pr desember 2023 var 57 stk.

Det kom 34 deltakarar frå Ukraina og 9 deltakarar frå 8 andre land. Flyktningane frå Ukraina har rett til norskopplæring og introduksjonsprogram om dei sjølve ynskjer det – dei har ikkje plikt til å delta. Tilbodet er framleis opp mot 30 timar i veka, men nokre fekk redusert tilbod då dei kombinera undervisninga med jobb/språkpraksis. Inkludert i dei 30 timane får deltakarane undervisning i grunnleggande dugleikar på grunnskulen sitt nivå 1. – 7. trinn.

Deltakarar som ikkje har fullstendig grunnskuleutdanning frå heimlandet sitt går vidare til eit eksamensretta løp, VK kjøper denne tenesta frå Breidablik læringssenter i Haugesund. I 2023 var det 16 deltakarar som nytta dette tilbodet – 13 som går eksamensretta grunnskule i alle fem grunnskulefag (engelsk – samfunnskunnskap – naturfag – historie – matematikk) og tre deltakarar som tek eksamensretta engelsk. 5 deltakarar tek eksamen våren 2024.



I år har det vore satsa på vurdering for læring og vidareutvikling i digitale kunnskapar hjå undervisningspersonale, og vaksenopplæringa har hatt eit utviklingsarbeid/kompetansehevingarbeid saman med Tysvær Opplæringscenter - Lesson Study: Lesson Study er ein metode der lærarane i fellesskap planlegg undervisning, observera kvarandre og saman reflektera over gjennomført undervisning for stadig å kunne gjera undervisninga betre. Gjennom støtteordningar frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HKDIR) er ein av våre lærarar i vidareutdanning, vikarordning, i faget Norsk som andrespråk, to stk har i tillegg fått stipend for same formål. Grunna auka deltakartal vart det i tillegg tilsett ein 100% fast lærarstilling.

I tråd med auka deltakartal har det vore veldig viktig å ha gode samarbeidspartnarar i arbeidet med integrering. Vaksenopplæringa har eit godt og solid samarbeid med Integreringstenesta, NAV – fagleiar/avdelingsleiar, programrådgjevarar, helse, familiekonsulentar, miljøarbeidarar og økonomi. Integreringstenesta nyttar lokale på Kultur- og læringssenteret Sjøperlo til Drop – in samtalar i skuletida, dette for å vera redusera møtetid og fråvær for deltakarane. Avdelingsleiar VO har samtaletid kvar veke med Integreringstenesta.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har hatt fleire faste møteplassar for ulike grupper. Ein dag i veka har det vore UngTysdag, språktreff og seniortreff. Månadleg har det vore digihjelp, kveldskafé for pårørande til demenssjuke og kveldskafé for personar som er kreftrammar og for deira pårørande. Det har blitt arrangert gratis ferieaktivitetar for barn, barnefamiliar og ungdom som Camp Vindafjord og Kongesommar.

Frivilligsentralen har gjennom året koordinert frivillige til ulike oppdrag som besøksvenner, køyreoppdrag, snømåking, øvingskøyering, vaksineringsarbeidet i kommunen, ulike arrangement og til møteplassane våre.

Frivilligsentralen har søkt om tilskot til forskjellige formål. Sparebankstiftelsen SR-Bank har støtta med kr. 30 000,- til FOR ALLE og kr. 77 000,- til prosjekt øvingskøyering. Bufdir har støtta med kr. 209 000,- til UngTysdag, Camp Vindafjord og Kongesommar. Kolumbus har støtta med kr. 50 000,- til prosjektet Heim for ein 50-lapp. Gjensidigestiftelsen har støtta med kr. 145 500,- til seniortreffet og Kreftforeninga har støtta med kr. 5000,- til kveldskafeen. På tampen av året fekk kommunen ei pengegåve frå Haugaland Kraft på kr. 79 043,- som blei brukt på gavekort til økonomisk vanskelegstilte i høve julehøgtida.

Det er blitt investert i tilskotsportalen som er ei eit digitalt oppslagsverk over tilskot det går an å søkje på. Informasjon om dette er sendt ut til lag og organisasjonar i kommunen, samt til alle tilsette i kommunen.

	2020	2021	2022	2023
Kulturskule elevar (GSI)	186	186	173	153
Kulturskule elevplasser (GSI) *	191	191	175	165
Kulturskule venteliste	36	27	10	12
Kulturskule, musikk for barnehagebarn	0	0	55	55
Bibliotek, utlån (barn og vaksne)	16 429	18 473	29 901	31 856
Bibliotek utlån digitale bøker	2014	1254	1342	1179
Bibliotek besøk alle	13 925	21418	28005	37 427
Bibliotek SF, tal besøk/ snitt pr. veka	997/26,5	1610/47	2018/40,36	2384/49,66
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale	1739**	2398	3715	3876



Vaksenopplæring, elevar norsk og sam.k.	26	37	48	57
Grunnskule, §4A-1 gr. Dugleikar og fag (1.-7.) (GSI)	23	34	27	13
Grunnskule, §4A-1 eksamensretta (GSI)	13	13	13	16
Frivilligsentralen, opne møteplassar gjennomført				120
Kultur og idrett				
Tildelt tilskot til ulike lag og organisasjonar	47	32	32	27
* elevar kan ha fleire elevplassar				
** ikkje digitale bøker				

Viktige hendingar

Det har også dette året vore eit godt tverrfagleg samarbeid i Vindafjord kommune med tanke på dei sårbare barna og elevane. Med faste statusmøte og god samhandling, med BTI-modellen til grunn, mellom tenestene, har desse både blitt sett og høyrte, og ikkje minst fått god oppfølging. Det har vore jobba med omorganisering av laget rund barn og unge (LRBU), med ei driftsgruppe og ei styringsgruppe LRBU. Dette fungerer godt og det er veldig dedikerte og dyktige medarbeidarar som brenn for barn og unge sine oppvekstvilkår.

Eksamen blei endeleg gjennomført som i gamle dagar igjen etter Covid-19 perioden. Det var godt for dette er ein måte for elevane til å vise fram kva dei har lært gjennom skuleløpet.

Utviklingsarbeid gjennom dei statlege ordningane Rekom og Dekom (bhg/skule) har gått sin gang. Barnehage og skule er godt involvert i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Private barnehagar er inkludert i kompetanseutvikling og BTI-arbeidet, og deltek i fagmøte med dei kommunale barnehagane. Det er samordna opptak for kommunale og private barnehagar, og rekneskapen for dei kommunale barnehagane gjer grunnlag for tilskotsatsar til dei private barnehagane. Barnehagane driv med barnehagebasert kompetanseutvikling, gjennom regional kompetanseutvikling (ReKom), i partnerskap med Høgskulen Vestlandet, HVL. Hausten 2023 har alle våre barnehagar blitt med i lærande nettverk saman med dei andre kommunane på Haugalandet. Tema her er barnehagebasert kompetanseutvikling.

Desentralisert modell for kompetanseutvikling, DeKomp er ei ordninga der ein er i partnerskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL), som skal vera delaktige for å heva kompetansen på skulane. Ølen, Skjold og Vikedal skular er i partnerskap med HVL avslutta tema lesing i eit inkluderande fellesskap til sommaren. Denne måten å jobbe på er og i tråd med samarbeidet kommunen har hatt med NordR (kommunane i Nord Rogaland), der ein har jobba mykje med å auka analysekompetansen til skulane. Pedagogisk analyse skal hjelpe skulane å sjå ein raud tråd i å analysere og følge opp elevresultat.

Vågen, Sandeid og Vats skular avslutta læringsmiljøprosjekt "Bry deg!" til jul, det var eit samarbeid med Læringsmiljøsentret i Stavanger, UiS. Her jobba skulane med fagleg profesjonsutvikling for å vera betre rusta i arbeidet med det psykososiale miljøet. Den felles overordna plan for det psykososiale miljøet for barnhage og skule er godt forankra over heile linja. Denne er viktig i arbeidet med at alle skal ha det trygt og godt. Førebyggjande arbeid og kva ein kan og skal gjera når noko oppstår er sentralt i planen.

I samband med vidareutdanningsmodellen til Utdanningsdirektoratet, Kompetanse for kvalitet, jobbar kommunen målbevisst for å nå måla om at lærarar som underviser i norsk, matte og engelsk skal ha



30/60 stp, høvesvis barnesteg og ungdomssteg. Kommunen har tida fram til 2025 til å nå dette målet. I 2023/24 tek 11 lærarar vidareutdanning gjennom denne ordninga. Når det gjeld framtidig rekruttering av lærarar ser ein at det kan bli ei utfordring å få nok lærarar med den rette kompetansen som det blir stilt krav til.

Oppfølging av vedtak i samband med barnehage - og skulebruskplanen har blitt jobba med i 2023 også. Frå hausten blei skulane og barnehagane i Sandeid og Vågen slått saman til oppvekstsenter. Kommunen har vidare hatt god dialog med Nausthaugen og Hatteland, som bestemte seg for å driva privat vidare. Politisk sak i desember 2023 vedtok at Nausthaugen skal få leige Vats barnehage hausten 2024 fram til "nye Nausthaugen" er klar. Elles er det prosess på revidering av det kommunale reglementet for skuleskyss.

PPT har levert 143 sakkunnige vurderingar i 2023 til Etne og Vindafjord. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebygging. PP-rådgjevar er fast deltakar i barnehage og skule sitt støtteteam. Tenesta har delteke i læringsmiljøprosjektet «Bry deg» saman med tre skular i Vindafjord kommune. ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane er vidareført. PP-tenesta har dette året hatt ein liten nedgong i etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling for utgreiingar og sakkunnige vurderingar. Det har vore auka etterspurnad etter systemsaker. Dette er saker knytt til læringsmiljø og kurskompetanse til tilsette. Det er ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevlar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det vert tilvist mange individsaker og bestilt mange sakkunnige vurderingar.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar. Stafettloggen fylgjer tilvisingar til PP-tenesta.

PPT har delteke i forprosjektet saman med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis".

I Vindafjord har det vore stort auke i mottak av flyktningar som gav store utfordringar ved vaksenopplæringa, både i høve plass, lærarressurs og ikkje minst administrativ ressurs. Siste del av halvåret og nytt skuleår var særskild krevjande og det vart veldig viktig å tenkja nytt og få på plass nye løysingar for å kunne meistra arbeidskvardagen på denne avdelinga slik at ein sto betre rusta for 2024. Kulturskulen har markert skifte i både å gi ut jubileumsbok og skifte av leiar av den dagleg drifta av kulturskulen. Biblioteket er godt synleg og er eit stort hjarta i kultur- og læringssenteret. Mykje av aktivitet og arrangement blir arrangert av og eller i samarbeid med biblioteket. Dette er ein viktig strategi for kultur og læring, samt at kultur- og læringssenteret i sin heilskap er blitt ein attraktiv aktiv møteplass for besøkjande i alle aldrar. Eit stort og aktivt ope areal som bibliotek og kultu- og læringssenteret er blitt krev aktive tankar kring tiltak knytt til ressurs både grunna auka aktivitet og fokus på tryggleik både for elevlar, lånarar publikum og dei tilsette som er på jobb.

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
1100-Skjold skule	31 117	35 205	36 530	1 325
1110-Ølen skule	32 145	37 451	37 025	-425



Rammeområde/eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr
1120-Vikedal skule	17 586	18 886	18 802	-84
1130-Vikebygd skule og barnehage	8 491	9 093	9 274	180
1140-Bjoa skule og barnehage	7 088	6 988	7 223	235
1150-Vats skule	11 470	12 689	12 732	43
1160-Vågen skule	11 882	13 867	13 637	-230
1170-Sandeid skule	11 614	12 742	13 374	632
1180-Imsland skule og barnehage	6 017	6 143	6 342	199
1210-Sandeid barnehage	8 476	9 117	9 629	512
1220-Vågen barnehage	5 103	5 737	4 740	-996
1230-Vats barnehage	5 399	5 969	7 155	1 186
1240-Skjold barnehage	16 265	21 351	21 682	330
1250-PPT	4 315	4 968	5 282	315
1260-Kultur og læring	15 635	18 094	18 492	398
1295-Felles Oppvekst og kultur	37 962	37 753	30 086	-7 667
Sum	230 564	256 053	252 007	-4 046

Kommentar til status økonomi

Samla meirforbruk i 2023 for rammeområdet var på ca. 4 millionar kr. Dei fleste einingane har nokså greie resultat, men sentralt på fellesområdet så er det fleire store budsjettavvik.

Skule / barnehage

Barnehagane og skulane har tilsaman eit mindreforbruk på ca. 3 millionar kroner. Nokre einingar har stort mindreforbruk medan andre har meirforbruk. Dette kan skuldast uforutsette utgifter eller utilsikta utslag av ressursfordelingsmodellen. Dette vil bli sett på sentralt for å rette opp eventuelle feil i tildelinga til skulane og barnehagane. Det vert jobba godt med økonomistyring, i tett samarbeid med økonomiavdelinga for å ha best mogleg kontroll på budsjettet.

SFO

Det er tilbod om SFO ved alle ni skulane våre. Ein merkar stor pågang av søkjarar grunna innføring av gratis kjernetid for 1. - og 2. klasse.

PPT

Tenesta har eit samla mindreforbruk på ca. 300 000 kr. Mesteparten av mindreforbruket skuldast høgare refusjon frå Etne enn budsjettert som skuldast høgare pensjonsutgifter. Mindreforbruk inventar og utstyr skuldast av varer ikkje er levert i 2023. I liten grad er det nytta vikar ved sjukefråvær.

Kultur- og læring

Resultat for 2023 er som forventa totalt, mindreforbruk på 400 000 kr. Noko mindreforbruk løn, vakant og vikar for tilsette i permisjon er løna lågare. Kvalifisering til grunnskule er over budsjett, men det har ikkje vore behov for å bruke av fond i 2023. Kommunen har mottatt meir tilskot grunna fleire busette flyktningar enn forventa i budsjettet. Dette er midlar som skal nyttast over fleire år og blir sett av på fond. I stor grad har drift og resultat både gått og blitt som forventa gjennom året.

Felles Oppvekst og kultur

Totalt er det eit samla meirforbruk på 7,6 millionar kr, som har fleire forklaringsfaktorar:


- 2,8 mill. gjeld tilskot til privat barnehage.
- 2,4 mill. gjeld mindre tilskot/refusjonar innan skule enn budsjettert, mellom anna knytt til vidareutdanning.
- 1,2 mill. gjeld styrkingstiltak i barnehagane



- 0,7 mill. gjeld skuleskyss, både fylkeskommunalt og kommunal. Det har vore mykje ekstraordinær skyss grunna farleg vegarbeid i lange periodar.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)





Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2022	Vindafjord 2023	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 040	2 032	3 739	3 089	2 337
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	24,8 %	26,0 %	24,7 %	23,2 %	24,3 %
Netto driftsutgifter i prosent 201 førskole (B)	10,5 %	11,4 %	13,4 %	12,0 %	11,6 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) **)	111 714	124 146	111 500	114 780	119 320
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B) **)	138 935	152 646	138 796	146 695	150 598
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	4 079	4 338	3 455	3 313	3 517
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) **)	9 787	12 925	14 187	13 551	11 712

Produktivitet



Årsmelding 2023

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	182 664	205 393	214 430	209 318	202 863
Dekningsgrad					
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	62,8 %	61,1 %	51,2 %	50,7 %	56,4 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	13,7 %	11,5 %	14,0 %	13,0 %	15,7 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	8,7 %	8,3 %	7,3 %	8,1 %	9,7 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	52,3 %	58,6 %	64,9 %	66,6 %	59,3 %
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	3,2	4,2	5,7	4,3	3,4
Kvalitet					
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,1	3,8	4,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	47,0	49,0	50,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	48,0	51,0	50,0		

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Vedtak førre periode		
Reduksjon skule og barnehage som følgje av demografisk utvikling	-1 600	Ferdig Delar av nedtrekket er gjennomført. Blir justert gradvis vidare gjennom året.
Samle merkantilressursane for oppvekst	-210	Ferdig Sentralisering av merkantile oppvekst gjennomført i løpet av veke 42. Då er endringa i balanse.
Sum	-1 810	
Nye tiltak		
Reduksjon skule og barnehage som følgje av demografisk utvikling	800	Ferdig Delar av nedtrekket er gjennomført. Blir justert gradvis vidare gjennom året.
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehage og gratis barnehageplass for tredje barn i familien	1 193	Ferdig Dette blei vedtatt i Statsbudsjettet for 2023, dette er lagt inn med truleg ikkje fullt refundert av Staten.
12 timar med gratis i SFO for første trinn - heilårseffekt	1 450	Ferdig Dette er sett i verk frå august 2022. Heilårseffekt vert rapportert i årsmeldinga for 2023.
Sum	3 443	
Innsparingstiltak		
Samle merkantilressursane for oppvekst	0	Ferdig Sentralisering av merkantile oppvekst gjennomført i løpet av veke 42. Då er endringa i balanse.
Sum	0	
Sum tiltak	1 633	



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,26 %	4,41 %	5,68 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,52 %	4,75 %	6,27 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,37 %	5,27 %	6,64 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,73 %	4,38 %	6,11 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,16 %	5,37 %	6,53 %



Helse og omsorg

Omtale av rammeområde

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: Barnevern, Helse, Rus og psykiatri, Tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Heimetenester og NAV. I tillegg omfattar området kommuneoverlege, smittevernoverlege og tenestekontoret.

Utvalde resultat

Institusjonsdrift

- 22 pasientar har venta på langtids plass (på VT og ØOS) medan dei var på korttidsavdelinga.
- 154 tenester i løpet av 2023 som inkluderer korttids plass og overgang til langtids plass.
- 93 personar har hatt langtids plass i løpet av 2023.
- Gjennomsnittleg liggjedøgn/opphald korttid: 28,2 døgn som er eu auke frå 2022 med snitt 23,5 døgn.

Mange utlysingar då me har høg vakanse svært lite og ingen rekruttering.

I institusjonsdrifta er det jobba med TØRN-prosjektet gjennom heile året og prosjektdelen av arbeidet er no avslutta. Det er starta opp med årsturnus eller kalenderplan i alle avdelingar, i alle avdelingar har ein fått auka opp den gjennomsnittlege stillingsstorleiken.

Antal smitterom i 2023 - 3 stk (MRSA og ESBL)- meirarbeid i høve til til av-/påkledning for å hindre smitte samt auke i medisinske forbruksvarer og derav kostnad.

Krevande og komplekse behandlingar hjå fleire pasientar, inkludert dyre medisinar.

Heimetenesta

- Tenesteområde har tilpassa seg ein kvardag med stadig fleire og krevjande oppgåver.
- Ny teknologi og digitale hjelpemiddel har bidratt til betre kvalitet og større omfang av tenester. tryggleiksalarmane er skifta ut, dei nye har sensor som vil varsle dersom det oppstår brann. Det er og mogleg å knytta andre sensorar til for å trygga heimebuande som for eksempel lokalisering, tilsynsordningar, fall sensor og dør sensorar.
- Ein har etablert og gjennomført pårørandeskule for pårørande til personar med demens i eit samarbeid med Etne kommune. Det vart gitt svært gode tilbakemeldingar og det var 45 pårørande som deltok.
- Det er ei auke i tal på personar med alvorleg kreftdiagnose som får tenester av høg kvalitet. I løpet av 2023 var det 92 personar med kreft som har fått tenester frå kreftkoordinatorane. Tendensen viser og at det er fleire med alvorleg kreftsjukdom som vel å avslutta livet i eigen heim.



- Tenesta har planlagt og innført årsturnus, dette er eit sort og omfattande arbeid. Det er eit ynskje om å innføre meir langvakter i heimetenesta, då må ein finne løysning for kvilerom for at tilsette skal få den moglegheita.

Rus og Psykiatri

Helseavdelinga i Sandeid fengsel

- I 2023 var det 431 menn som møtte til soning, alle desse fekk gjennomført inntakssamtale med helseavdelinga. Dei har også tilbod om oppfølging ved behov under heile soninga.
- Fleire får utdelt LAR – medisin (Legemiddelassistert rehabilitering) i fengselet. I 2023 var det 15 stk. innsette i LAR- systemet.
- Helseavdelinga bidrar med abstinensbehandling, nedtrapping av vanedannande medisin, skader som oppstår under soning, enten dei skader seg på jobb eller belastningskader som oppstår på trening, som følge av feil trening eller overbelastning. I tillegg får dei samtaler ang. psykisk helse og rus utfordringar.

Psykiatri bustad - Hauatunet:

- Vi har fortsatt 17,01 årsverk, ved utgangen av året hadde vi bare ein tilsett som ikkje hadde kome opp i ønska stillingsprosent, alle andre går det dei ønske. Vi har ein del ledige helgestillingar som det er utfordrande å få kvalifisert personale inn i.
- I haust 2023 flytta det inn ein ny bebuar, så nå bur det nokon i alle bustadane. Vi opplev at dei eldste bebuarane har eldst og har behov for meir fysisk pleie og stell.

Psykisk helse og rus og dagsenter:

- I 2023 har det komme ca. 100 nye tilvisingar til tenesta, fleire tar sjølv direkte kontakt med tenesta for å få hjelp, alvorsgraden varierer frå lette til meir alvorlege psykiske lidingar.
- Ein ser at fleire unge har dårleg buevne og har ofte behov for koordinerte tenester frå andre i hjelpeapparatet
- Gjennom året har ein fått i drift eit sjølvhjelpsprogram som heiter «Assistert selvhjelp», mange opplev dette som eit nyttig program som kan vere til hjelp når ein har symptom på depresjon, angst eller liknande. Programmet er satt saman av digitale kurs og individuell oppfølging.

Barnevern

Etne Vindafjord barnevernsteneste har i løpet av 2023 fått auka bemanning i form av at det har blitt stilt krav til å arbeide i høg stillingsprosent, tilsette er tilbake frå permisjon og ein har fått tilsett i ledige stillingar. Nytilsette er ei ressurs, men det er også trong for omfattande opplæring og oppfølging, i ein kvardag som allereie er prega av stor tilkomst av saker og høgt arbeidspress.

Halvårsrapporteringar til Statsforvaltar syner til at tenesta driv innafor lovkrava. At tenesta har forsvarleg og fagleg god drift vart styrka ved at tilsyn med fosterheimar september 2023 avdekkja ingen lovbrøt, og gav tenesta gode tilbakemeldingar. Statsforvaltar la fram i sin tilsynsrapport at dei fann at det var gjort fleire viktige kvalitetsmessige betringar det siste året, som framstod godt etablerte i drifta.

Leiargruppa har jobba målretta med oppfølging både på gruppenivå og individuelt for å halde oppe gode nærværstal, og sjukefråværstala gjenspeglar dette på ein tydeleg og stadfestande måte.

Tenesta har fokus på å vera kreative i høve til hjelpetiltak i heimen for å betre bornet og familien sin situasjon, og å unngå brot/flytting. Dette er eit arbeid som er givande, men ressurskrevjande og ein må pårekne ein viss feilmargin i høve til om tiltaka har ynskja effekt.



Utvalde nøkkeltal per 31.12.23	
Meldingar	205
Ferdigstilte undersøkingar	86
Barn med hjelpetiltak i heimen	72
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	16
Barn under omsorg	16
Antal frivillig plasserte	4
Akutt plasserte med samtykke	0
Akutt plasserte utan samtykke	0
Totalt i tiltak	108

NAV Vindafjord Etne

Økonomisk sosialstønad

Det har vore ein auke i utbetaling av økonomisk sosialstønad frå 2022 til 2023 på rundt 3,5 mill. Den store auken skuldast i hovudsak stor busetting av flyktningar. Me ser og at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser og ein auke i personar som har behov for nødhjelp.

Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpsmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet og får utbetalt introduksjonsstønad. Me ser og at mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka frå 2022 til 2023, dette har samanheng med den store busettinga av flyktningar.

Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har hatt ein liten reduksjon. Det har vore ein stor auke på barnefamiliar som mottar økonomisk sosialstønad, dette gjeld ikkje berre busette flyktningar, men og andre mottakarar av økonomisk sosialstønad.

Kategori	2020	2021	2022	2023
Antall mottakarar av økonomisk stønad	172	159	197	261
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	62	53	74	102
Unge mottakararar under 25 år	41	36	47	42
Mottakararar med forsørgingsplikt	58	53	83	109
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	5	9	10
Antall med § 17 vedtak (Råd og rettleiing)	19	61	52	28
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)	3	3	3	6



Kvalifiseringsprogrammet

Gjennom 2023 var det 10 deltakrar i kvalifiseringsprogrammet. I løpet av året var det 6 som gjennomførte programmet. 3 av dei gjekk ut i ordinært arbeid, 2 av dei gjekk over på arbeidsavklaringspengar og den siste er ukjent.

FRAM

Frå august kunne me ikkje tilby fysisk oppmøte til deltakarane, me måtte omprioritere ressursane og hadde ikkje moglegheit for å kunne tilby fysisk oppmøte. Det var fleire deltakrar som vert avslutta før sommaren. Det var 3 personar som fortsatt fekk individuell oppfølging i haust.

Me har hatt oppfølging av 9 deltakrar i 2023 kor 7 er avslutta i løpet av året. 3 har flytta til annan kommune, 1 til anna arbeidsretta tiltak, 1 til oppfølging av helse, 1 til anna oppfølging i NAV og 1 til ordinært arbeid med tiltak frå NAV. Det er 2 personar som fortsatt får oppfølging inn i 2024.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Busetting

Vindafjord kommune vart først oppmoda om å busette 60 personar i 2023, medan Etne kommune var oppmoda om å busette 10 personar, men vedtok å busette 15 personar. I juni vart alle kommunane oppmoda om å busette fleire, og Vindafjord var oppmoda om totalt 90 personar og Etne 20 personar. Dette vart godkjent og vedteke i kommunestyra i begge kommunar, og innan årsslutt var oppmodingstala nådd i begge kommunar. Oppmodinga om å busette flyktningar er ikkje knytt eller fordelt på landbakgrunn. I løpet av 2023 vart det i Vindafjord busett personar frå Kongo, Sudan, Syria og Ukraina. 14 av dei busette var overføringsflyktningar. Dei ukrainske flyktningane får kollektiv beskyttelse. Det kom ingen på familiesameining til Vindafjord i 2023. Flyktningane som har kome varierar i alder frå 0 til over 75 år. Ni av dei ukrainske flyktningane har reist tilbake til Ukraina eller andre land i løpet av 2023 etter at dei vart busett i Vindafjord. To personar som forlét Noreg i 2022 har kome tilbake til Vindafjord i 2023.

Vindafjord kommune har eit mål om spreidd busetting i kommunen. I løpet av 2023 har det blitt busett flyktningar i Ølen, Ølensvåg, Vats, Skjold, Sandeid og Vikedal. Ein del av flyktningane som vart busett i 2023 var såkalla sjølvbusettingar. Det vil sei at dei sjølv fant seg bustad, som kommunen deretter godkjenner. Nokre av flyktningane var den første tida i kommunen under ordninga alternativ mottaksplass, i påvente av opphaldsløyve og tildeling av kommune frå IMDi.

Introduksjonsprogrammet

I Vindafjord har 71 personar delteke i introduksjonsprogrammet i løpet av 2023. Totalt 28 personar fullførte eller avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. 28 % gjekk over i arbeid, 21 % gjekk over i utdanning (inkludert grunnskule for vaksne) og 48 % gjekk over til ytingar frå NAV, der dei fleste deltek på utvida norskopplæring.

Det har vært deltakrar i introduksjonsprogrammet etter den gamle introduksjonslova, den nye integreringslova, samt etter integreringslova med midlertidige reglar for fordrevne frå Ukraina. Det har blitt jobba godt med auka talet på praksisplassar for deltakrar i introduksjonsprogrammet, og ein større del av deltakarane har gjennomført periodar med praksis i 2023 enn tidlegare år.

Det har blitt arrangert eit foreldrerettleiingskurs (ICDP) for deltakrar frå Ukraina i løpet av året. I tillegg har kommunen sertifisert to nye tilsette, der ein av dei er tilsett i integreringstenesta.



Helse

Prosjekt Trygge foreldre på Haugalandet

Eit interkommunalt prosjekt som skal tilby foreldreveiledningskurs til alle foreldre som har born frå 0-6 år. I vår kommune eit samarbeidsprosjekt mellom helsestasjonen og familie-teamet. Ein har jobba med ulik tilnærming knytt til rekruttering av kursdeltakarar og ser nå at det er aukande pågang knytt til påmelding til disse kursa. Ein har i 2023 utført 3 kursrekker.

Fødselstal

Totalt antal fødsler i år er 89 (ifjor 103). Flest fødsler i Ølen, deretter Skjold. Det var ingen fødsler på Bjoa dette året. Kun ein i Imsland og ein i Vik.

Tilskotsmidler til utredning i høve oppstart av Frisklivsentral

Fysio- og ergoterapi avdelinga auka ressursane med 20% mot slutten av året (tilskotsmidlar) Desse ressursane skal nyttast til å kartlegge behovet for å på sikt etablere frisklivstilbod for innbyggjarane i Vindafjord kommune. Ein søker nye tilskotsmidlar for vidare utarbeiding av dette arbeidet i 2024.

Smittevern/vaksinekontoret

73% dekning av influensavaksine over 65 år. Dette er langt over landsgjennomsnittet.

Stor etterspurnad på koronavaksinering. Ein har fått til godt samarbeid med apotek og legekantor.

Det er utført 91 fyrstegongs undersøkingar. Hovudsakleg frå Ukraina.

Det har i 2023 vore ein auke i etterspurnad på reisevaksinering.

Felles Helse og omsorg

Tenestekontoret har samhandla med sjukehusa om 327 innleggingar. Det er protokollert 680 vedtak på helse- og omsorgstenester. Det er i tillegg handsama 53 nye bustadvedtak.

Rådgjevar har hatt prosjekt- og koorderingsansvar i høve oppgradering av fagprogram, integrasjon med kvalitetssystemet Compilo, oppstart Kjernejournal og Digihelse innbyggardialog.

Viktige hendingar

Institusjonsdrift

Arbeidstid

Heiltidsauke: auke på ca. 10 % samanliknar ein februar 2022 med februar 2024.

Gjennomsnittleg stillingsprosent: over 80 % (då er ikkje vakanse tatt med og rekna ifrå).

Dekning av helgetimer: sterk auke i dekning av helgetimar frå eigne tilsette grunna langvakter. Dette gir kontinuitet i tenestene for pasientane men og ein tryggleik for tilsette.

Kalenderplan: overgang til kalenderplan i juni 2023 gir betre planlegging og tilsette tar fleire vakter. Årsturnus frå februar 2024.



Langvakter: Langvakter på alle avdelingar gir kontinuitet og kompetanse. Fleire går kombinert langvakter og ordinære vakter.

Avdelingsleiar: Avd.spl somatisk VT går no 50 % her samt 50 % somatisk ØOS. Dette gir ein auka fellesskap og samkjøring av drift.

Utvalde sosiale tilbod for bebuarane:

- 17.mai arrangement
- Påskefrukost for pasientane..
- Sommarfest
- Matglededag: kjøkken steller i stand dei finaste rettane!
- Dyrsku: Takk til alle som bidreg; frivillige, ildsjeler, Bondekvinnelaget, Bondelaget i Vats, Spelemenn og damer med fleire.
- Besøk frå barnehagar

Heimetenesta

Utviklinga går i retting av meir krevjande og alvorleg sjuke heimebuande. Det har skjedd ei dreining frå institusjonsbaserte omsorg til heimetenester i kommunen. Tenesteområde må bygge kompetanse slik at me i framtida skal vera rusta til å gje fleire alvorleg sjuke gode helsetenester i heimen, heile livet.

Rekruttering, det er god rekruttering til tenesteområde og ingen ledige stillingar i eininga.

Det er gjennomført pårørande skule for pårørande til personar med demens i samarbeid med Etne kommune.

Tilsette har vist stor vilje til invasjon ved å ta i bruk ny teknologi og digitale løysingar, mellom anna ved å auka kompetanse gjennom nettbaserte løysingar og digital kurs.

Heimebaserte tenester må rigga seg for å handtera ei forventet auke av personar med demens som vil krevja tilrettelagde tenester.

Rus og Psykiatri

Psykiatri bustad - Hauatunet:

- Tilsette har deltatt på fleire kurs og fått betre forståing for blant anna korleis ein beskyttar seg og står imot dei største belastningane ein har på jobb. Dette gjeld for eksempel med utfordrande brukarar eller gjentakande sterke ord/truslar brukarane seier til personalet i løpet av dagen. Det er komme gode tilbakemeldingar i frå personalet at kursa har vore gode og dei er glade for at me har meir kurs, enn det vi hadde under korona pandemien.
- Vi nyttar fortsatt nettbasert psykolog teneste for rettleiing og undervisning, dette oppleve dei tilsette som veldig nyttig. psykologen følgjer også godt opp i etterkant om det er nokon spesielle situasjonar med har vore eller står i. Det har også vore veiledningar der personalet har fått undervisning på tema dei ønsker meir kunnskap om. Vi har kontakt opp mot DPS på ein brukar med store psykiske utfordringar.
- Etter fleire år med pandemi, har ein endeleg kunne ta opp igjen aktivitetar som t.d julebord, haustfest og basar, noko både bebuarar og tilsette har stat stor pris på.
- Første februar fekk vi ny avdelingsleiar etter at den forrige gjekk av med pensjon.



Helsetenesta i Sandeid fengsel:

- Tilsette har deltatt på relevante kurs, samt på Nettverkstreff i regi av Statsforvalter.
- Helse avdelinga har tett samarbeid med Haugaland DPS. Psykolog spesialist er i utgangspunktet tilstades i Sandeid Fengsel en dag pr veke. Dei som får oppfølging er enten henvist frå Fengselslege eller overført frå andre DPS.

Psykisk helse og rus samt dagsenter:

- Ruskonsulenten slutta i stillinga 1. desember, det har vore utfordrande å tilsette ny person i denne stillinga, men ein regnar med å få ein person inn i stillinga i løpet av våren 2024.
- FACT - psykose er eit team med samarbeid mellom Helse Fonna og fleire kommunar på Haugalandet m.a. Vindafjord. FACT står for fleksibelt, aktivt, oppsøkande behandlingsteam i lokalmiljøet. Det har vore eit prøveprosjekt med støtte frå Statsforvaltaren, prosjekt- perioden går ut i september 2024. Erfaringar ein sitter med er at dei som fungerer dårligast og har ein alvorleg sinnsliding får oppfølging i heimen både frå 2. linje tenesta og kommunen, noko som har vore positivt. Ein har faste treff punkt mellom FACT teamet og kommunen. Skal dette teamet fortsette etter at tilskotts perioden er over, krever det at kommunen går inn med ein eigenkapital.
- På dagsenteret har dei hatt fleire små turar i nærmiljøet og i desember blei det arrangert julebord med pinnekjøtt og underhaldning av Karoline Taraldsøy. Julebordet fikk veldig gode tilbakemeldingar.

Barnevern

- Ny barnevernlov tredde i kraft 01.01.23. Enkelte lovendringar tredde i kraft i 2022, som til dømes at retten til ettervern vart utvida frå 23 til 25 år.
- Endringa i den økonomisk ansvarsfordelinga mellom stat og kommune tredde i kraft 01.01.22. Kommunane er no meir eller mindre heilt ansvarlege for utgiftene sjølv. Dette får store konsekvensar i einskilde saker i høve til tenesta sin økonomi.
- Tenesta er med i eit felles anbod om nytt fagsystem, drive fram av DigiRogaland og med Sandnes som vertskommune. Det er svært viktig at Etne Vindafjord får på plass eit nytt fagsystem i løpet av 2024. Leverandøren me nyttar i dag leverar ikkje lenger tenestar for barnevern og me nyttar eit utgått program. Implementeringsprosessen vil bli omfattande både økonomisk og i høve til verknaden på drifta. Dette vil koste både tid og pengar. For ein periode vil det vera naudsynt å ha lisensar på to program samstundes og ein må pårekne overtid for tilsette i samband med opprullinga av nytt system.
- Det vil bli lagt fram ein tilstandsrapport for Etne Vindafjord barnevernteneste april 2024. Denne gir ei heilskapleg skildring av Etne Vindafjord barnevernteneste og det er tilrådd at ein les den økonomiske årsmeldinga og tilstandsrapporten saman.

NAV Vindafjord Etne

Oppfølging etter tilsyn

Hausten 2022 hadde Statsforvaltaren i Rogaland tilsyn med NAV kontoret i kommunen. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Statsforvaltaren undersøkte om Vindafjord kommune sørger for at arbeidet med kartlegging, vurdering, avgjerd og oppfølging av barnefamiliar vert utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at brukarane får trygge og gode tenester.



Statsforvaltaren peika på følgjande:

Nav Vindafjord-Etne gjer ikkje ei forsvarleg kartlegging av barn sine behov når familien søker økonomisk stønad

o Det enkelte barn sin heilheitlege situasjon blir ikkje kartlagt i alle saker

o Dokumentasjon av kartlegginga er mangelfull o

o Det er ikkje tilstrekkeleg kontroll av kartleggingsarbeidet

Dette er brot på sosialtenestelova §§ 18 og 19, jf §§ 4 og 43, forvaltningslova §§ 11 d og 17 og kommunelova § 25-1

Dette avviket vart lukka hausten 2023, og tilsynet avslutta.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Det var arrangert jobbmesse for innvandrar i mai. Dette vart eit fint møtepunkt mellom deltakarar i introduksjonsprogrammet og åtte forskjellige arbeidsgivarar.

I løpet av hausten vart det arrangert tverrfaglege arbeidsmøter for å jobba med revideringa av handlingsplanen for busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar. Dette arbeidet var svært nyttig for å saman sjå på heilskapleg og tverrfagleg på utfordringar, og kome med tiltak og mål for dei neste åra.

Helse

Nye lokalar

I 2023 blei det ferdigstilt eigne lokalar til fysioterapiavdelinga og smittevernabdelinga. Begge avdelingane er no lokalisert på Ølen omsorgssenter.

Familieteamet blir interkommunalt

I 2023 blei det utarbeida ein samarbeidsavtale med Etne om at familie-teamet skal bli 100% interkommunalt. Etne skal kjøpe seg inn i helse delen av familie-teamet med 1,5 årsverk gjeldande frå 01.03.2024.

LIS 1 på Ølen legekantor.

Det har i ein årrekke vore LIS 1 på Vindafjord legesenter. Dette året var me så heldige å få mulighetene til å prøve ut LIS 1 ved Ølen legekantor i ein periode (6 mnd). Det var svært vellukka og ein ynskjer å jobbe vidare med å få inn LIS 1 fast i Ølen.

Tilrettelagte tenester

Innflytting til Solbakken: auke i antal vedtak i avdelinga.

Leiarskifte og flytting frå Sandeid til midlertidige lokale i Ølen for Sandeid bufellesskap. Planen er ferdigstilling og tilbakeflytting i løpet av hausten 2024.

Felles Helse og omsorg

- Ny rådgjevarstilling som gir auka fokus på vidareutvikling i høve e-helse og velferdsteknologi.
- Leiar deltek i Laget rundt barn og unge (LRBU)
- Leiar deltek i prosjekt "Leiarløft"
- Alle deltek på "Pårørandekonferansen"



- Solbakken blei tatt i bruk og Seljebakken blei erstatningsbustad for Bufellesskapet i Sandeid. Dette gav vesentlig auke i nye bustadvedtak.
- Fleire leigetakerar har uteståande betaling på husleige

Status økonomi

Beløp i 1000

Rammeområde/eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
	2022	2023	2023	
1300-Vindafjordtunet	56 458	58 465	59 877	1 412
1340-Ølen omsorgssenter	44 729	47 828	39 460	-8 368
1350-Heimetenesta	48 186	51 007	48 744	-2 263
1400-Rus og Psykiatri	26 676	27 751	28 494	743
1410-Barnevern	25 957	29 774	27 261	-2 514
1415-NAV Vindafjord Etne	13 637	15 555	14 177	-1 378
1416-NAV Vindafjord (flyktningar)	11 515	22 116	20 702	-1 415
1417-NAV Etne	0	0	0	0
1418-NAV Etne (flyktningar)	0	0	0	0
1420-Helse	37 963	39 222	39 704	482
1430-Tilrettelagte tenester	50 249	57 942	56 296	-1 646
1495-Felles Helse og omsorg	-7 657	-26 171	-32 467	-6 296
Sum	307 713	323 490	302 248	-21 242

Kommentar til status økonomi

Drift av institusjoner/sjukeheimar og kjøp av eksterne tenester frå private eller ideelle organisasjonar er dei områda som bidreg mest til det samla avviket for rammeområdet. Slik sett er hovudbildet uendra frå sist år.

Innan institusjonsdrift har ein jobba lenge med Tørn-prosjektet og no implementert nye turnusar som ein vonar skal ha god effekt på økonomi, heldidsstillingar, dekking av helgatimar, betre opplevingar for bebuarar og betre arbeidstidsordningar for tilsette. Dette arbeidet vil halde fram vidare i 2024.

Utfordringar med rekruttering gav og gir framleis eit stort behov for bruk av vikarbyrå, som er vesentleg dyrare for kommunen og gir store budsjettavvik. Me kan berre lukkast med å få kontroll på økonomien om me klarer å rekruttere nok til å unngå utgifter til vikarbyrå.

Som andre mindre kommunar har Vindafjord kommune avgrensa moglegheiter for mange trinn i "innsats-trappa" slik at ein har eit tilbod som kan passe til alle, og det er diverre ikkje slik at "one size fits all" i omsorgsteneste våre. Me klarer å tilpasse utruleg mykje innan dei tilboda me har innanfor pleie og omsorg men nokre tilfelle må me løyse ved å kjøpe tenester frå andre. Dette er noko me gjer i minst mogleg grad og som me avsluttar når me kan. Me vil auke fokus på å ha minst mogleg kjøp av eksterne tenester og ta hand om desse sjølv. Det betyr ikkje at kostnaden til fell vekk, men kostnadene blir i eiga driftsom regel lågare enn om me kjøper tenestane. Spesielt i desse sakene så er bemanning og drift over tid det mest utfordrande.

Institusjonsdrift (Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter)

Økonomien til eininga vert vurdert samla. Totalt meirforbruk på 7,2 millionar for 2023. Varierende fråvær og høg vakanse gjer at tala ikkje er betre i totalen mellom husa (ØOS og VT). Det er nytta vikarbyrå for i underkant av 6 millionar pga av manglande rekruttering. Avviket skuldast hovudsakleg

- Stort sjukefråvær, spesielt første halvår.



- Manglande rekruttering på natt, har medført bruk av vikarbyrå.
- Rekrutteringssituasjon gir dyrare drift og bruk av vikarbyrå ved manglande fagdekning.

Heimetenesta

Heimebaserte tenester har eit samla meirforbruk på kr 2,263 mill.. Avvik ligg til tenesteyrsmånadene, administrasjon og heimetenestene i indre og ytre stork.

Avviket skuldast hovudsakleg

- Meirkostnader på lønnspostar, spesielt på grunn av oppfølging alvorleg sjuke og pleie i terminal fase.
- Ekstra innleige av personell på dagsenter
- Stor kostnadsvekst i drift av elektriske tenestebilar. Det har vore mykje feil og det er dyrare leasingavtalar.

Rus og Psykiatri

Eininga hadde eit mindreforbruk i 2023 på om lag kr 740 000. Avviket skuldast hovudsakleg:

- Fleire avdelingar har hatt vakanse fordi det har vore utfordrande å få tak i kvalifisert personell.
- Mindreforbruket har også samanheng med høgare statstilskot enn forventa.
- I psykiatri bustad har ein hatt eit overforbruk som skuldast hovudsakleg overforbruk på overtid grunna sjukefråvær og vakanse, det har blitt betalt ut meir på helg/kveld/høgtids- tillegg enn budsjettert.

Barnevern

Det samla overforbruket på omlag 2,5 millionar skuldast i all hovudsak einskildesaker som gjev meirforbruk på omfattande tiltak i heimen eller frivillige plasseringar. Det er ei generell utvikling at blant dei om lag 100-120 sakene me jamt har hatt aktive, er no fleire av sakene rekna som alvorlege enn tidlegare. Ressursbruken både for dei tilsette og økonomisk aukar i takt me alvorsgrad.

2023 var eit krevjande år med utskifting i personell, eit auke i tilkomst av bekymringsmeldingar og eit auke i omfang av alvorlege og kostbare saker. Samstundes har ein stadfesta at tenesta har ei sunn drift målt ut i får dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har forsvarleg drifta på fleire sentrale områder innafor vedteken budsjettramme.

Endring i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat og kommune, gjer at refusjonsordningane er fjerna eller eigenandelane blitt så høge at kommunen må rekne med store utgifter. Til dømes: Kommunen får ikkje lenger refusjon for forsterka fosterheimar/familieheimar og eigendelen på ein institusjonsplass er 180 000 kr pr. mnd. Dette vil sei, at endå meir enn før, vil plasseringar utanfor heimen bli svært kostbare for kommunen.

NAV Vindafjord Etne

Samla meirforbruk per 31. desember er rundt kr 1,4 mill. Overforbruket skuldast i hovudsak:

- Kvalifiseringsprogrammet (KVP) har eit meirforbruk på rundt 0,5 mill. Dette skuldast at me har fleire deltakarar i programmet enn budsjettert. Dette er ein lovpålagt teneste og dei som fyller vilkåra har rett på program.



- Økonomisk sosialstønad har eit meirforbruk på rundt 1,3 mill. Det har vore ein auke i mottakarar av økonomisk sosialstønad frå 2022 til 2023. Me ser at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare.
- Administrative kostnader har eit underforbruk på rundt 0,4 mill. Dette skuldast i hovudsak refusjonar på sjukepengar og at det ikkje har vore sett inn vikar før på eit seinare tidspunkt.

NAV Vindafjord (flyktningar)

Eininga hadde eit meirforbruk i 2023 på om lag kr 1,4 mill. Avviket skuldast hovudsakleg at det utfordrande å setje opp eit realistisk budsjett for flyktningarbeidet, då det stadig er i endring og er lite forutsigbart. Budsjettet har difor blitt justert fleire gonger i løpet av året. Årsaka til at det er stor endring frå samla rekneskap frå 2022 til 2023, er at busettingstalet gjekk frå 55 i 2022 til 91 i 2023. At det likevel er eit meirforbruk ved årsslutt skuldast hovudsakleg sosialhjelp som står for det største overforbruket, med 1,5 mill. Dette skuldast høg busetting, og at det er mange flyktningar som har behov for økonomisk stønad i påvente av oppstart i introduksjonsprogrammet. Det er og mange som har behov i etterkant av fullført introduksjonsprogram.

Helse

Eininga syner eit mindreforbruk på omlag 480 000. Det er i hovudsak legetenesta/legekontor og legevakt som syner meirforbruk.

- Legetenester/legevakt hadde manglande inntekt grunna redusert drift. Årsaka er kommunal lege i permisjon og behov for vikar. Kommunen får ikkje full refusjonsdekning på lege i permisjon. Legetenesta syner også meirforbruk knytt til refusjonsprosent til kommunalt tilsette legar. Noko meirforbruk knytt til auke i utbetaling av drifttilskot til private legar, ny ordning gjeldande frå 01.05.23.
- Revidert vaktavtale med legane frå 1. januar 2023 gav betydeleg auke og gav eit meirforbruk.
- Famile-teamet hadde mindreforbruk på lønn grunna manglande personell i faste stillingar. Vikar ikkje sett inn.
- På helsestasjonen syner det også noko mindreforbruk på lønn grunna sjukemelding, samt ein tilsette går redusert stilling. Vikar ikkje satt inn. Ein mottok også meir tilskot enn forventa frå staten.
- I fysioterapi avdelinga syner det noko meirforbruk på bruk av leasingbil grunna prisvekst i avtalen. Ein har likevel balansert drift, då ein vil mottok noko meir statstilskot enn forventa.
- Smittevern syner tilnærma balansert drift. Stor auke i inntekt dette året grunna auke i reisevaksinering. Noko meirforbruk på innleige av vikar under årets influensa vaksinering.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagde tenester hadde eit overforbruk på kr 1,646 mill. Solbakken flytta inn i nye lokale januar 2023. Litt ekstra kostnader i forhold til innflytting, men og behov for auke i bemanning då me fekk auka vedtak og ny bebuar. Dette vart ikkje budsjettert for i 2023 og er hovudårsaka til meirforbruket. Samstundes var det høgt sjukefråvær i avdelinga gjennom heile året.

- Sandeidtun, Gnisten og praktisk bistand har ei stabil og god drift gjennom heile 2023.
- Avd. Sandeid bufellesskap hadde leiarskifte som førte til overlapping samt ein midlertidig auke i merkantil utgifter. I tillegg vart det flytting til midlertidige lokale i Ølen grunna renovering og påbygg. Det har vore særskilt krevjande å rekruttere inn vikar ved fråvær noko som fører til auka bruk av overtid.
- Drifta i Eininga er balansert, men opplever som øvrige einingar i helse og omsorg krevjande rekrutteringssituasjon.



- Leiarskifte i avdelingane Bufellesskapet og Sandeidtun er gjennomført. Det har og vore fokus på å få rekruttert inn i større grad langvarige fråvær med faste vikariat. Dette fører til mindre bruk av overtid.
- Solbakken har og rekruttert inn til faste vikariat ved langvarige sjukefråvær, samt gjennomført eit betydeleg HMS-arbeid for å få ned sjukefraværsprosenten. Avdelinga har utarbeida arbeidsliste for å redusere arbeidsmengda og tydeleggjere forventningsavklaring til dei tilsette. Dette har gitt gode tilbakemeldingar.

Felles Helse og omsorg


Overforbruk 2023 skuldast i all hovudsak

- ressurskrevjande brukarar med privat tenesteytar: ca 8,2 million
- kjøp av konsulenttenester til fagprogram (oppgradering til ny versjon, integrasjon mot kvalitets-system/avvikshandtering, prosjekt kjernejournal og prosjekt digihelse innbyggerdialog): ca 100 000 kr


Overforbruk av tenester frå andre (private og konsulentar) er vurdert som naudsynte for å sikre forsvarleg drift og utvikling.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Tenesterapportering

	Type	Jan.	Feb.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des	Sum
Status venteliste institusjon														
Langtidsopphald somatisk avdeling	personar	1	2	2	2	1	1	0	0	0	0	0	0	2
Langtidsopphald demensavdeling	personar	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå korttidsavdeling til langtidsavdeling	personar	8	7	6	4	4	5	3	4	4	3	2	3	22
korttidsopphald; tal overliggjande døgn på sjukehus	døgn	54	4	4	0	0	0	34	0	18	15	15	28	140
Venteliste kommunal omsorgsbustad														
Vindafjordtunet	personar	6	5	5	3	5	3	3	3	2	1	3	4	



Årsmelding 2023

Rådhusplassen	personar	3	2	2	1	3	3	3	4	1	1	2	2	
Andre stadar	personar	1	1	1	1	1	1	1	1	0	0	0	0	
Tenesteproduksjon institusjon														
Gj.snittleg liggetid på korttid														28,2
Pasientar i perioden	tal	25	21	25	18	21	25	24	22	22	23	24	24	154
Innleggingar i perioden	tal	12	9	13	8	11	13	12	9	14	12	14	14	141
Utskrivingar i perioden	tal					9	13	11	9	13	13	13	14	141
Faktiske liggjedøgn i perioden	tal	402	295	357	308	322	334	403	393	374	379	385	396	4 349
Moglege liggedøgn i perioden	tal	403	364	403	390	322	334	403	403	390	403	390	403	4 745
Beleggsprosent i perioden	tal	100 %	81 %	89 %	79 %	80 %	86 %	100 %	98 %	96 %	94 %	99 %	98 %	92 %
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Indre Sone)														
Estimert tid til faste oppdrag	timar	1 398	1 182	1 414	1 346	1 253	1 264	1 308	1 261	1 157	1 313	1 337	1 461	
Faktisk tid til utførte oppdrag	timar	1 293	1 152	1 150	1 125	1 120	1 205	1 219	1 184	1 064	1 223	1 132	1 282	
Tal oppdrag i perioden	tal	5 408	4 771	5 308	5 172	5 076	5 109	5 215	4 999	4 592	4 990	5 046	5 829	
Tenestebukarar i perioden	personar	108	98	102	105	111	111	115	118	120	111	115	122	
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Ytre Sone)														
Estimert tid til faste oppdrag	timar	1 570	1 404	1 429	1 381	1 371	1 281	1 775	1 470	1 489	1 553	1 500	2 027	
Faktisk tid til utførte oppdrag	timar		1 236	1 227	1 288	1 288	1 163	1 648	1 430	1 449	1 435	1 293	1 438	
Enkeltoppdrag i perioden	tal	6 830	6 006	6 210	5 986	6 035	5 690	6 099	5 918	5 974	6 067	5 931	6 480	
Tenestebukarar i perioden	personar	85	78	77	77	73	73	76	75	72	70	77	81	
Tenesteproduksjon heimesjukepleie (Sum Indre og Ytre sone)														



Årsmelding 2023

Estimert tid til faste oppdrag teneste	timar	2 968	2 586	2 843	2 727	2 624	2 545	3 083	2 731	2 646	2 866	2 837	3 488	
Faktisk tid til utførte oppdrag teneste heimesjukepleie **	timar		2 388	2 377	2 413	2 408	2 368	2 867	2 614	2 513	2 658	2 425	2 720	
Enkeltoppdrag i perioden	tal	12 238	10 777	11 518	11 158	11 111	10 799	11 314	10 917	10 566	11 057	10 977	12 309	
Tenestebukarar i perioden	personar	193	176	179	182	184	184	191	193	192	181	192	203	
Klagesaker i kommunen														
Registrerte klager på tenesteyting	tal	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	
Registrerte klager på tenestevedtak	tal	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Klager omgjort av kommunen	tal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Klager ikkje omgjort av kommunen	tal	0	0	0	1	0	0	0	0	1	0	0	0	
Klagebehandling hos Statsforvaltaren i Rogaland														
Vidaresendte klager	tal	0	0	0	1	0	0	0	0	1	0	0	1	
Avgjersle medhald brukar	tal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Avgjersle medhald kommunen	tal	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	
Avgjersle oppheva vedtak	tal	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	

* Her er både korttidspasientar, rulleringspasientar og pasientar til overføring medrekna

**Her er stort sannsyn for at inn-data blir ugyldige pga feil i registrering

KOSTRA Nøkkeltal

	Vindafjord 2022	Vindafjord 2023	Rogaland	Landet uten Oslo	Kostragruppe 01
Prioritet					
Barnevern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,8 %	4,2 %	3,9 %	3,9 %	3,6 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	47,3 %	46,5 %	43,5 %	41,3 %	37,8 %
Produktivitet					
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	32,0 %	33,8 %	35,5 %	36,9 %	42,6 %



Årsmelding 2023

Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	15,4	13,4	14,1	14,0	13,9
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	51 391	53 996	67 788	63 462	56 592
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	345 571	371 340	366 924	356 890	339 082
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 712 907	1 684 375	1 763 410	1 637 746	1 552 450
Dekningsgrad					
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	31,2 %	29,0 %	25,6 %	26,4 %	23,9 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	19,6 %	23,3 %	17,4 %	18,5 %	17,0 %
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc (B)	100,0 %	100,0 %	99,4 %	94,9 %	92,3 %
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens (B)	45,3 %	42,5 %	33,4 %	28,9 %	31,3 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	5,3 %	6,9 %	5,0 %	5,0 %	6,1 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	3,2 %	3,6 %	3,7 %	3,9 %	4,1 %
Kvalitet					
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	7,0	7,0	8,1	9,8	11,0
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	52,0	54,4	45,8	53,0	57,4
Gjennomsnittlig listelengde	755,0	756,0	1 092,0	966,0	883,0
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 080,0	1 081,0	1 158,0	1 008,0	935,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	5,1	4,9	4,9	5,7	5,3

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Nye tiltak		
Auka bemanning kring ressurskrevjande brukar	99	Ferdig
Auka budsjett økonomisk sosialhjelp som følgje av sentrale endringar	400	Ferdig
Smittevern	400	Ferdig
Auke i bemanning som følgje av auke i meldingar til Barnevern	450	I arbeid
Helsestasjon/skulehelsetjenesta - vidareføre satsing etter bortfall av tilskotsmidlar	500	Ferdig
Opptapping barnevernsreforma	756	Ferdig
Styrking fastlegeordninga	850	I arbeid
Styrking av heimetenesta	900	Ferdig
Auka bemanning avdeling Solbakken	1 121	Ferdig
Auka budsjett økonomisk sosialhjelp som følgje av høg prisvekst	1 600	Ferdig
Styrking av rammeområde helse og omsorg	3 000	Ferdig
Mottak av ekstra flyktningar frå Ukraina	3 756	Ferdig



Årsmelding 2023

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Sum	13 832	
Innsparingstiltak		
Styrking av heimetenesta	-900	Ferdig
Sum	-900	
Politisk vedtak		
Styrking av rammeområde helse og omsorg	-1 000	Ferdig
Sum	-1 000	
Sum tiltak	11 932	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,60 %	5,25 %	6,84 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,88 %	6,26 %	8,14 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,71 %	5,91 %	7,62 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,18 %	5,25 %	7,42 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,82 %	6,93 %	8,75 %



Forvaltning, drift og utvikling

Omtale av rammeområde

Rammeområde omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhold. Vidare ligg kommunen sitt næringsarbeid og den økonomiske overføringa til Haugaland Brann og Redning i dette rammeområdet.

Utvalde resultat

Planarbeid

Kommunen er godt i gang med revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet blei vedtatt i juni 2021 og kommunen har gjennomført ein omfattande medverknadsprosess til både samfunnsdelen og arealdelen. Planarbeidet er ei oppgåve for heile kommuneorganisasjonen, men eining areal og forvaltning har ei nøkkelrolle i dette arbeidet. I 2022 og 2023 har eininga arbeida med å samanfatta innspel frå medverknadsprosessen. I 2023 har samfunnsdelen av kommuneplanen vore på høyring og den tas opp til vedtak i 2024. Arealdelen har blitt arbeida med i 2023 og den blir lagt ut på høyring i 2024. Sannsynlegvis blir arealdelen vedteken tidleg 2025.

Grunna manglande kapasitet på plan har arbeidet med kommuneplan gått seinare enn oppsett framdriftsplan. Det er lagt inn ei ny planstilling frå 2024.

Planarbeid omfattar og behandling av kommunale og private reguleringsplanar. Kommunen har i liten grad den kapasiteten me har behov for når det gjeld arealplanlegging. For liten kapasitet kan gå på bekostning av private forslagsstillarar, gebyrinntektene for kommunen, og ikkje minst den kommunale planlegginga (kommuneplanen, kommunedelplanar/områdeplanar for tettstadar og detaljplanar for einskildområde, til dømes bustadfelt). Eininga har i 202 kjøpt noko tenester frå plankonsulent. Dette har vore naudsynt for å sikre framdrift i det privat- og kommunal planarbeid og det vil fortsette å vera naudsynt i 2023. Sjå nøkkeltal lenger nede.

Byggesak og tilsyn

Kommunen skal vera bu-attraktiv for alle aldersgrupper. Det er derfor ei viktig oppgåve å fremja gode bumiljø i nye bustadområde og å ta vare på kvalitetane ved eksisterande bumiljø. Byggesaksarbeidet er prega av mange enkeltsaker som skal behandlast etter omfattande regelverk og innanfor fastsette fristar. Det blei behandla 24 nye bustadar eller tilbygg i 2022. Det er ein betydeleg nedgang samanlikna med føregåande år, det skuldast nok i stor grad høgare rentekonstnader (sjå nøkkeltal).

Eininga har ført tilsyn etter Vindafjord kommune sin vedtatt «Strategiplan for tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova» i 2023.

I heile 2023 har eininga vore underbemanna på byggesak, det skuldast permisjon og sjukemelding. Eininga har tre fulltidstilsette byggesakrådgjevarar, men store deler av året har det berre vore to på arbeid. I periodar med lågare bemanning prioriterer eininga å behandla innkommande søknadar for å unngå etterslep. Eininga har unngått etterslep i byggesaksbehandlinga, men tilsynsarbeid har blitt nedprioritert.

**Oppmåling og kart**

Å utføra oppmåling og grensepåvising og å få dette tinglyst er viktig for eigedomsforvaltninga i kommunen. Viktige oppgåver er og ajourføring av kart, inkludert matrikkelføring av eigedomar, bygg og adresser. Dette arbeidet skjer fortløpande. Det er over tid ganske jamnt med saker, men varierer år for år etter aktivitet på plan og byggesak.

Landbruk – vilt/fisk

Vindafjord kommune er ein stor jordbruks- og skogbrukskommune. God forvaltning av jord- og skogressursane til det beste for landbruket og busetnad i bygdene er prioriterte oppgåver. Forvaltning av ulike tilskotsordningar og handsaming av søknadar til Innovasjon Norge er viktige og arbeidskrevjande oppgåver.

Viltforvaltning knytt til hjort og rådyr er i periodar arbeidskrevjande. Det blir lagt vekt på å oppnå bestandar av god kvalitet på eit berekraftig nivå, dyr med høgare kroppsvektar, redusert skadeomfang knytt til landbruket og færre trafikkdrepne dyr. Uttak av hjort i jakta 2023 var på 1129 felte dyr.

Vindafjord har i perioden 2019-2021 hatt arbeidsgjevaransvar for den interkommunale stillinga i prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket på Haugalandet". I januar 2022 over tok Tysvær arbeidsgjevar ansvaret for stillinga. Prosjektstillinga skal gi informasjon og rettleiing om kva tiltak ein grunneigar kan gjere på sin landbrukseigedom, som mellom anna kan bidra til redusert næringsavrenning til lokale vassdrag.

Arbeidsområdet er heile Haugalandet. I Vindafjord har den tilsette i prosjektstillinga vore aktivt i alle deler av kommunen.

Forvaltning av vassressursane

Noreg er gjennom EØS-avtalen (vanndirektivet) forplikta til å følgja opp den nasjonale vannforskrifta. På Haugalandet er dette koordinert gjennom ein felles vannkoordinator. Haugesund kommune har arbeidsgivaransvaret for den tilsette. I 2023 har det blitt utført tiltak i følgjande elver og bekker:

- Sidebekk til blikraåna (utgraving og gjenslyning)
- Eideelva (utlegg av stein)
- Plasselva (Utlegg av stein)
- Vikeelva (utlegg av gytegrus)
- Little Gjerdevikbekken (Utlegg av gytegrus)
- Skiftesbekken (planting av kantvegetasjon)
- Gjuvelva (utlegg av gytegrus)

Tilsyn med private avløpsanlegg

Utslepp frå avløpsanlegg har stor påverknad på vasskvalitet i vassførekomstar i Vindafjord kommune. Det er difor viktig at anlegga fungerer som dei skal, og at utsleppet er tilstrekkeleg reinsa før det går til resipienten. Tilsyn av avløpsanlegg er lovpålagt. 01.03.2023 tilsette eininga ei tilsett 100 % stilling for å saksbehandla søknadar om utsleppsløyve og føre tilsyn med avløpsanlegg.

Nøkkeltal areal og forvaltning

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Nye bustad og tilbygg	55	35	41	49	41	43	24



Nye fritidsbygg og tilbygg	11	22	10	9	12	16	1
Ferdigattest	78	67	40	112	95	75	199
Mellombels bruksløyve	11	23	7	7	28	26	19
Oppmålingssaker	100	80	71	65	118	83	65
Krav om retting i matrikkelen	19	17	21	12	17	27	20
Vedtekne reguleringsplanar	8	2	9	2	5	4	3
Planendringar - politiske vedtak							6
Planendringar - administrative vedtak							12
Planar under arbeid	7	12	7	4	7	9	10
Produksjonstilskot	380	386	376	375	380	377	379
Regionalt miljøtilskot	224	238	239	232	240	258	265
Avløysartilskot ved sjukdom/fødsel	41	43	29	55	54	28	49
Innovasjon Norge	19	18	12	14	14	12	8
Miljøtiltak i landbruket (frå og med 2023 oppdelt i SMIL og dreneringering)	36	69	31	33	34	27	0
Innvilga SMIL-søknadar (frå og med 2023)							20
Innvilga Dreneringssøknadar (frå og med 2023)							27
Skogbruk (NMSK)	29	13	16	30	31	28	25
Jordlov og konsesjonsaker	26	40	36	41	22	20	19
Landbruksvegar	16	14	13	25	23	19	23
Eigenfråsegn om konsesjonsfridom	240	191	203	204	236	191	187

Bygg og eigedomsforvaltning

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal bygningsmasse, og vedlikehaldsbudsjettet ligg lågt i forhold til bygningsmassen. Auka areal, stadig aukande driftskrav og stort prisauke på materialar og tenester gjer at handlingsrommet vert stadig meir avgrensa. Ein stor del av ramma går til lovpålagde krav.



Vedlikehaldsetterslepet har økonomiske konsekvensar. Bygga får kortare levetid, eller det krev meir ressursar ved istandsetjing/rehabilitering. Mangel på vedlikehald får også verknad på arbeidsmiljø i form av dårlegare inneklima og trivsel. Nedslitne og lite føremålstenlege lokale kan også gi dårlegare tenestetilbod til brukarane. For å ta tilbake handlingsrommet arbeider kommunen langsiktig med å få styrking av drifts- og vedlikehaldsbudsjettet. Det er viktig å sikra god forvaltning av byggmassen ved å følgja opp vedtak om bygging med vedtak om tilstrekkeleg ressursar til drift og vedlikehald.

Vedlikehald av bygg bør få eit ekstra fokus nå når straumprisane ser ut til å stabilisera seg på eit forholdsvis høgt nivå. Straumsparingstiltak er alt sett høgt på prioriteringslista, det er gjennomført nokre enøk-tiltak, og det er viktig at me får arbeida rasjonelt med dette i økonomiplanperioden

Vedtatt skulebruksplan inneber at det må gjerast tiltak på fleire bygg som var utsett i påvente av vedtaket. Det er derfor ei politisk bestilling på ein tilstandsanalyse på barnehage-og skulebygg der det må gjerast ei vurdering og prioritering av tiltaka.

Det har vore fleire langtidssjukemeldingar i 2023, noko som fører til større belastning på tilsette og at oppgåver tar lengre tid.

Veg, bruer og kaiar

